

# **Handel i ei uroleg tid**

Ei studie av bysantinsk handel i det sjette hundreåret

Av Vigleik Røkke Mathisen

Hovudoppgåve i historie. Historisk Institutt, Universitetet i Bergen.  
November 2003

1. Innleiing .....	3
<i>Dei skriftlege kjeldene</i> .....	7
Cosmas Indicopleustes: .....	7
Johannes Malalas: .....	8
Procopius: .....	9
Priscus: .....	10
<i>Arkeologiske kjelder</i> .....	11
<i>Historiografi</i> .....	13
<i>Handel i ei uroleg tid</i> .....	18
2. Marmor til Konstantinopel og det vestlege Middelhavet.....	20
<i>A. Det arkeologiske materialet, skipsvraka</i> .....	21
A1 Tolking av skipsvraka og lastene .....	23
<i>B. Det arkeologiske materialet, steinbroret</i> .....	28
<i>C. Omtalar av marmor i dei skriftlege kjeldene.</i> .....	30
C1 Tolking av det skriftlege materialet.....	31
C2. Eigartilhøva .....	34
C3. Marmor som handelsvare; det finansielle grunnlaget.....	36
<i>Oppsummering</i> .....	39
3. Gjensyn med Det indiske havet. Fem hundre år etter <i>Periplus</i>	40
<i>A. Handel med India; dei skriftlege kjeldene</i> .....	41
<i>B. Handel med Aust-Afrika; dei skriftlege kjeldene</i> .....	43
<i>C. Bysants, India og Aust-Afrika i det sjette hundreåret.</i> .....	47
C1 Handelsmennene.....	48
C2 Handelnettverka .....	54
C3 Varene.....	61
<i>Oppsummering</i> .....	66
4. Bysants og dei germanske etterfølgjarstatane .....	69
<i>A. Bysantinsk metallarbeid i gravfunn</i> .....	70
A1. Arkeologiske undersøkingar i Marseilles.....	71
A2. Kornskipet frå Gervaise.....	72
<i>B. Tolking av byzantinsk metallarbeid i gravkontekst</i> .....	72
<i>C. Bysants og det vestlege Middelhavet.</i> .....	78
<i>D. Dei numismatiske kjeldene</i> .....	80
<i>E. Bysantinske myntar i Nordvest-Europa.</i> .....	81
<i>F. Dei skriftlege kjeldene</i> .....	84
F1. Skriftlege kjelder omhandlande Balkan.....	85
F2. Skriftlege kjelder omhandlande det vestlege Middelhavet .....	86
<i>G. Samkvem mellom Bysants, Balkan og Vest-Europa</i> .....	89
G1 Kommentar til Priscus sine kjelder frå Balkan.....	89
G2 Kommentar til kjeldene frå det vestlege Middelhavet. ....	92
<i>Oppsummering</i> .....	95
5. Konklusjon.....	99
Bibliografi .....	103
<i>Arkeologiske kjelder</i> .....	106
<i>Skriftlege kjelder</i> .....	106
Fig. 1 Oversikt over skipsvrak m.o.t. djupne, tonnasje og kjøllengde.	107
Fig. 2 Oversikt over skipsvrak m. o. t. tilstand, opphav og berging.	108

Figur. 3 .....	109
Kart.....	110

# 1. Innleiing

Ved slutten av det fjerde hundreåret var landa frå Skottland i nord, Spania i vest, Armenia i aust og Egypt i sør, framleis del av eit og same imperium; det romerske. I løpet av mindre enn hundre år hadde den geopolitiske situasjonen totalt endra seg. Byen Roma og Italia var styrt av germanske kongar, den rike provinsen i Nord-Afrika, som hadde vore Roma sitt kornkammer, vart styrd av nok eit germansk folkeslag kalla vandalane. I nord var både Britannia og det rike Gallia gått tapt, og lengst i vest hadde eit tredje germansk folkeslag kalla visigotar teke kontrollen på den iberiske halvøya. Etter den raske oppsplittinga av imperiet i løpet av det femte hundreåret, omfatta romarane sitt rike i året 500 provinsane i aust. Desse provinsane var Egypt, våre dagars Israel, Jordan, Libanon og Syria, Anatolia og delar av Balkan. Hovudstaden, sentrumet i riket, var Konstantinopel.

Det som var att av det romerske imperiet etter at vegstøvet frå folkevandringstida hadde lagt seg, er av seinare forfattarar blitt kalla det bysantinske riket.

Innbyggjarane i dette riket kalla seg derimot romrarar, herskarane over dette riket kalla seg romerske keisarar, andre folkeslag refererte til dei som romrarar eller grekarar. Dette riket var likevel noko anna enn Imperium Romanum. Rett nok omfatta det delar av det tidlegare romerske riket sine provinsar, men medan Imperium Romanum var eit latinsk rike, var Bysants gresk. Den velkjende keisaren Justinian snakka dårlig gresk, og det vart vitsa om han i hovudstaden på grunn av dette. Justinian sin store kompilaasjon av romarretten kom ut på latin, men i løpet av det sjette hundreåret vart latin eit språk snakka av stadig færre i statsadministrasjonen. Riket førde arva si attende til Roma, men riket var i sanning noko anna. Eg har difor frå no av vald å nytte nemninga det bysantinske riket. Dette gjer eg vel vetande om at dette er eit namn som vart gitt riket i mellomalderen, og at ingen innbyggjarar i dette riket nokon gong kalla seg bysantar eller bysantinsk. Eg gjer det likevel, sidan Aust-Roma, eller det austromerske riket, begge er tunge formuleringar og det bysantinske riket er ei nemning som er godt kjend og brukt i litteraturen. Når eg omtalar personar i riket, kollar eg dei romrarar, medan keisarane er bysantinske og dei fører bysantinsk politikk på vegne av seg sjølve og Bysants.

Arva dei bysantinske keisarane tok over var eit imperium med redusert landareal i høve til tidlegare tider. Men sjølv med avgrensa geografisk utstrekking, omfatta riket brorparten av innbyggjarane, og tre av dei største byane ved Middelhavet, Alexandria, Antiokia og hovudstaden Konstantinopel. Dei skriftlege kjeldene vitnar om at i det sjette hundreåret var desse store austlege byane senter for handel og handverksproduksjon. Frå desse får vi vidare vete at Alexandria var eit av transittpunkta varene frå India og Aust-Afrika passerte gjennom. Toll vart lagt på varene som skulle både inn og ut av riket, og dermed spela denne byen ei viktig rolle som tollstad. Det var ikkje berre som tollstad at Alexandria var ein viktig by, den hadde sjølv eit livleg handelsmiljø. Frå dette handelsmiljøet kom ein av forfattarane som har skrive om handelen kring det indiske havet, Cosmas Indicopleustes. Cosmas sine nedteikningar er ei av få kjelder som eksplisitt seier noko om handelen og handelsvarene i det sjette hundreåret, og han er difor ei sentral kjelde, sidan andre samtidige kjelder stort sett omtalar handel indirekte. På grunn av Cosmas sitt forfattarskap, veit vi kva varer som kom frå India og Aust-Afrika i denne perioden. Frå handelsnettverka på det indiske havet kom velkjende varer som pepar, råsilke og elfenbein. Andre varer enn strengt tatt prestisjevarer vart det og handla med, blant anna ulike typar trevarer, kopar, og klede. Kor mange av desse andre varetypane som kom til Alexandria og vart fortolla for vidaresal er ikkje sikkert, men frå skriftlege kjelder veit vi at råsilke og pepar i det minste fann vegen vidare frå Alexandria.

Av varene som vart importert frå aust hadde råsilken ei spesiell stilling. Etter at den hadde blitt fortolla, vart den bringa til foredling i Beirut og Tyre, byar som var kjende for handverksproduksjonen sin.<sup>1</sup> Silkeproduksjonen var forbunde med mange reglar og restriksjonar. Den finaste silken, den med høgast kvalitet, vart farga lilla og skulle berre nyttas ved det keisarlege hoffet.<sup>2</sup> Kjeldene frå det sjette hundreåret viser kor opptekne lovgivarane var av å halde den beste silken unna marknaden. Annan kvalitets silke kunne derimot fritt seljast, og var ikkje omgitt med alle dei restriksjonar som den finaste silken var. Det er kjend at det fantes i det minste ein utsalsstad for annan kvalitets silke. I Konstantinopel var det ved byrjinga av det sjette hundreåret eit såkalla ”lampehus”.<sup>3</sup> Lampehuset var eit utstillingslokale der dei

---

<sup>1</sup> Lopez, R. S. Silk Industry in the Byzantine Empire i *Speculum* nr. 20 1945: 30

<sup>2</sup> Lopez, R. S 1945: s 21

<sup>3</sup> Lopez, R. S 1945: s. s. 11

finaste silkekjolane vart utstilte og opplyste av lamper. Dei velståande kvinnene i Konstantinopel kunne dermed gå dit for å handle kjolar, eller eventuelt berre kikke litt.

I det sjette hundreåret var altså Tyre og Beirut sentra for silkeforedlinga, men det var ikkje berre foredla silke og andre kostbarheitar frå aust som kom frå Syria. Dette området hadde og ein omfattande eigenproduksjon av jordbruksprodukt, noko kjeldene vitnar om. I klosterkjellaren til eit frankisk kloster ved byrjinga av det åttande hundreåret var det dadlar, fikenar, pistasienøtter og oliven. Dette er landbruksvarer som framleis vert dyrka i Syria. Desse fruktene var tydelegvis så ettertrakta at dei kunne bli gitt som diplomatiske gåver, noko ei sendeferd til Attila i det femte hundreåret vitnar om. Blant andre verdifulle gjenstandar hadde dei diplomatiske utsendingane med seg dadlar og anna tørka frukt til hunarane. Arkeologiske spor etter denne landbruksproduksjonen vitnar oppgjevne landsbyar i eit kalksteinsområde nord for Antiochia om. Landsbyane ser ut til å ha vore opptekne med å produsere olivenolje, drive med fruktdyrking, dyrke korn og drive med husdyrhald.<sup>4</sup>

Ei anna vare som vart foredla av bysantinske handverkarar, var afrikansk elfenbein. Cosmas skreiv at elfenbein var ein av dei store eksportartiklane frå kongedømet Aksum. Kongedømet omfatta i denne perioden det som i våre dagar er Etiopia og Eritrea. Elfenbeinet frå Aksum vart forma blant anna i Konstantinopel, og var berre ei av varene som var ettertrakta av dei germanske etterfølgjarsstatane. Konstantinopel var og kjend for å ha ein omfattande metallproduksjon. Arkeologiske funn frå Nordvest-Europa vitnar om at det må ha vore ein omfattande produksjon av ulike typar kjøkentøy i metallsmiene i Konstantinopel, skal vi døme frå det som finnест i germanske graver frå perioden. Det er særleg bronsefat som vert funne i gravene, men liknande fat av sølv finnes og frå gravmateriale. Slike store sølvfat tente blant anna som gåver og vart gitt ved diplomatiske sendeferde. Sølvfat som gavé vert nemnd i ei sendeferd til Attila, den same som omtala ovafor.

---

<sup>4</sup> Kennedy, H. og Liebschuetz, J. H. W. G. *Antioch and the Villages of Northern Syria* *Nottingham Medieval Studies* 1988: s. 70

Tidspennet eg vil undersøke med omsyn til handel er altså tida mellom år 500 og 600. Årsaka til at nettopp denne perioden er interessant for ei handelsstudie vil eg grunngje under. Den første grunnen er at den bysantinske staten i løpet av dei fyrti femti åra av det sjette hundreåret var ekspansiv. I Nord-Afrika og i Italia vart den territoriale utviklinga frå det femte hundreåret snudd, og desse provinsane kom igjen under romersk styre. Denne militære ekspansjonen har etter alt og døme ein sivil motpart i handelen. Det ser ut til at særleg landsbygda i Syria opplevde ein renessanse i denne perioden, med auke i folketalet og generell høg økonomisk aktivitet.<sup>5</sup> Når arkeologiske undersøkingar i hamna i Marseilles kan vise til mykje keramikk frå det austlege Middelhavet, kan det henge saman med den økonomiske vitaliteten dette området opplevde fram til midten av det sjette hundreåret. Den ekspansive staten sette og i gang fleire byggjeprosjekt, og dette har i det minste stimulert produksjon av marmor og mogleg handel med denne. Samstundes finnes det etter måten mykje bysantinsk metallarbeid i graver frå Nordvest-Europa. Dette kan tyde på økonomisk vitalitet og eit godt grunnlag for handel. Desse hundre åra er på ingen måte ein samanhengande opptur samanlikna med det førre hundreåret. Både utbrotet av den justinianske pesten, og persiske invasjonar i 540-åra hemma den økonomiske utviklinga, men i fredsperiodar ser vi igjen stadig teikn på handel både i det arkeologiske og det skriftlege materialet.

Det andre momentet som gjer nettopp denne perioden interessant for ei handelsstudie, er at dette er dei siste åra før arabarane tek over området. Dermed er det ikkje sagt at arabarane hindra handelen, snarare tvert i mot, men dei gamle systema frå tidleg keisartid med romersk dominans vert avbrotne ved arabarane sitt inntog i dei bysantinske provinsane i Midtausten. Det bysantinske riket søker etter dei arabiske invasjonane alternative handelsruterruter, og handelsvegane gjennom Sentral-Asia vert viktigare. Arabarane tek over handelen frå Alexandria og dei syriske byane, men spørsmåla kring dette får vere tema for ei anna oppgåve.

Før eg presenterar problemstillinga presenterar eg dei skriftlege kjeldene.

---

<sup>5</sup> Kennedy, H. og Liebschuetz, J. H. W. G 1988: s. 87

## **Dei skriftlege kjeldene**

Dei skriftlege kjeldene eg nyttar er i all hovudsak knytt til fire forfattarar. Tre av dei, Procopius, Cosmas Indicopleustes og Johannes Malalas var samtidige og skreiv og publiserte ved midten av det sjette hundreåret. Den siste forfattaren eg nyttar er Priscus og han skreiv om lag hundre år tidlegare enn dei andre. Grunnen til at eg likevel har vald å ta han med, er at han er den einaste som seier noko om handel og gåveutveksling på Balkan. Forfattarane hadde ulike utgangspunkt for å skrive om handel og tilhøva mellom Bysants, India , Aust-Afrika og dei germanske etterfølgjarstatane.

Når det gjeld oversetjingane har eg nyttat dei engelske utgåvene. Eg har nyttat dei nyaste oversetjingane der det har vore mogleg med eit unntak. Når det gjeld *Den kristne topografien* har eg gjort bruk av ei engelsk utgåve frå 1897, men det finnes ei fransk oversetjing av Wolska-Conus frå 1968. Grunnen til at eg nyttat den eldre engelske utgåva, kjem av mine eigne manglande kunnskapar når det gjeld det franske språket. McCrindle si utgåve av *Den kristne topografien* frå 1897 inneheld ein fyldig kommentardel når det gjeld geografi og samfunnstilhøve i antikken. Når det gjeld nyare kommentarar er sjølvsagt McCrindle si oversetjing manglande. Eg har prøvd å komme rundt dette problemet ved å nytte nyare kommentarlitteratur.<sup>6</sup> Kirwan har ei god drøfting av Cosmas og Afrika, men er svakare når det gjeld India. Med desse tankane i hovudet går eg over til å presentere dei fire hovudforfattarane eg nyttar.

### **Cosmas Indicopleustes:**

Hovudkjelda til forståing av handelen mellom Bysants og landa aust for keisardømet, finnes i hovudsak i det som har overlevd av verket *Den kristne topografien*.<sup>7</sup> Verket er knytt til den egyptiske munken Cosmas Indicopleustes<sup>8</sup>. I dette verket vert varer, folk, handel og handelsstadar rundt Det indiske havet ved midten av det sjette hundreåret omtala. Grunnen til at han har så mykje kunnskap om desse landa, er at han tidlegare i livet har vore kjøpmann, og opplevd mange av dei stadene han omtala. Dermed er verket hans ei viktig kjelde til å forstå dette området i tida rundt

---

<sup>6</sup> Kirwan, L. P The Christian topography and the Kingdom of Axum  
*Geographical Journal* vol. 138 1972

<sup>7</sup> *The Christian Topography* overs. McCrindle J. W. 1897

<sup>8</sup> Namnet Cosmas Indicopleustes vart gitt forfattaren i mellomalderen, verket er skrive anonymt.

550.<sup>9</sup> Kva kan seiast om sjølve verket? *Den kristne topografiens* er ikkje fyrst og fremst eit geografisk verk, det er eit religiøst verk som omtalar verda slik Gud skapte den i følgje Cosmas. Det er den kristne verda og dei som bur der Cosmas i hovudsak fokuserar på. Det er fyrst når Cosmas frir seg frå dei teologiske utgreiingane, at verket vert nyttig som informasjonskjelde om handelsstadane rundt Det indiske havet. Det er ikkje berre dei teologiske eksessane som gjer Cosmas spesiell samanlikna med dei andre forfattarane eg nyttar. Det at han ikkje har tilknyting til det offisielle Bysants særmerkar han og. Sjølv gav han utrykk for at han var ein ulærd, i motsetnad til dei lærde som skreiv historiske og til dels geografiske verk i samtid hans. Lærde som blant anna Procopius og Malalas, som hadde tilknyting til det offisielle Bysants i eigenskap av keisarlege kronikørar og som etter alt og døme var utdanna ved offisielle lærestader. Procopius og Malalas hadde dermed til dels staten sitt blikk på det dei omtala i samfunnet, medan Cosmas kan omtalas som ein privat mann. Rett nok skreiv han som munk, men det han skreiv om handel hadde han opplevd i tida som kjøpmann og sjømann. Alt han skreiv var ikkje sjølvopplevd, men det han skreiv om geografi og handel hadde han til dels opplevd sjølv. Omtalane frå Aust-Afrika er mest truleg sjølvopplevde, medan det han skriv om India nok er henta frå kjøpmenn han har snakka med som har vore der. Det gjer at Cosmas var nærmare det han skreiv om, og opplysningane han kom med var kanskje meir nøyaktige, sidan dei bygga på fyrstehandskunnskap i mange tilfelle.<sup>10</sup> Cosmas har i motsetnad til dei to andre forfattarane eit anna utgangspunkt for å skrive sitt verk. Den kristne topografiens dreg vekslar på tida han hadde som kjøpmann, men det er det religiøse aspektet som er viktigast, og det er nettopp det som kjem tydlegast fram.

#### Johannes Malalas:

Malalas var knytt til Antiochia og den keisarlege administrasjonen der. Malalas var født rundt år 500, og levde til 570-åra. Det han skreiv om dei siste keisarane, Anastasius, Justin, og Justinian bygga han på munnlege kjelder. Malalas skreiv ein kronografi, eller ei verdshistorie frå skapinga av verda til Justinian si regjeringstid. Verket *Chronographia* er forfatta i samtid til Cosmas og Procopius, og kom ut i to utgåver.<sup>11</sup> Fyrst den eldste delen som handla om skapinga av jorda fram til dei fyrste

---

<sup>9</sup> For datering av verket sjå blant anna Kirwan L. P. The Christian Topography and the Kingdom of Axum i *Geographical Journal* nr. 138 1972: s. 168

<sup>10</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 166-177

<sup>11</sup> Johannes Malalas *Chronographia* overs. Jeffreys et. al 1986

romerske keisarane, og så den siste delen som omhandla dei romerske keisarane til og med Malalas si eiga tid.

Malalas var ein skrivebordshistorikar, og nytta brev og ulike forordningar for å seie noko om tilhøva rundt omkring i riket ved byrjinga i løpet av det sjette hundreåret.

Blant anna finnes det i bok atten, som handlar om Justinian si regjeringstid, fleire referansar til hendingar mellom Bysants og Aksum. Det brevet Malalas nyttar i den samanhengen rotar han saman med eit anna brev, og omtalar to separate hendingar som ei. Malalas var altså ein historikar som ikkje hadde orden på kjeldene sine, og ettertida har straffa han for det. Han vert ofte omtala som unøyaktig og naiv.

Problemstillinga mi er knytt til handel, men i motsetnad til Cosmas er ikkje Malalas oppteken av handel per se. Malalas fokuserar i det store og det heile på den politiske forteljinga, og referansar til handel vert stort sett nemnt indirekte i samband med diplomatiske sendebod, ambassadar eller krigshandlingar. Malas er likevel ei god kjelde til forståing av den generelle politiske situasjonen i denne regionen ved midten av det sjette hundreåret, sjølv om han sjølv ikkje opplevde desse hendingane sjølv.

### Procopius:

Procopius er den forfattaren eg oftast kjem attende til, kort og greitt fordi veldig mykje av forfattarskapet hans er bevart. Forfattarskapet hans omfattar tre separate verk som omtalar hendingar i Procopius si samtid. Procopius var i store delar av sitt skrivande liv personleg kronikør for den bysantske generalen Belisarius, og det første verket er knytt til ei ulike felttoga Justinian utførte ved hjelp av generalane Belisarius og Narsus. Verket er delt i seks bøker under samlenemninga, *Krigane*.<sup>12</sup> Han var og personleg til stades ved felttoget i Nord-Afrika og i det minste ved eit av felttoga i Persia. Tonen i dei seks bøkene Procopius skreiv om krigane, går frå relativt optimistisk ved byrjinga av felttoga, til å verte meir og meir pessimistisk etter som tida går, og måla til Justinian vert vanskelegare og vanskelegare å oppnå.

Forfattarskapet hans er detaljrikt, og han skreiv ein del om handel, sjølv om det heller ikkje hos Procopius er det som står fremst på agendaen. Når Procopius skreiv om handel i bøkene om krigane, var det fyrst og fremst i samband med krigshandlingane at indirekte omtalar av handel vert presentert. Procopius er og forfattar av to andre verk. Det fyrste er *Om bygningane*.<sup>13</sup> Denne boka er full av skryt

---

<sup>12</sup> Wars overs. Dewing 1954 (Loeb)

<sup>13</sup> Buildings overs. Dewing 1954 (Loeb)

om Justinian og står i skarp kontrast til *Anecdota* som er eit verk fullt av grove påstandar om keisaren og keisarinna Theodora.<sup>14</sup> *Anecdota* er i alle tilfelle ei interessant historisk kjelde sidan Procopius i dette verket teke sikte på å fortelje den eigentlege historia. Slik seier Procopius det sjølv: “here shall be set down everything that came to pass in every part of the Roman Empire”.<sup>15</sup> Tek ein høgde for Procopius sine hatske utfall mot keisarparet, er *Anecdota* ei god kjelde sidan han i sin iver, og nærast hat, mot keisarparet, skreiv om alt ved ulike delar av samfunnet som kunne verke ufordelaktig for keisaren.

#### Priscus:

Priscus var fødd om lag hundre år før dei andre forfattarane eg brukar, og det verket av han som har overlevd til vår tid er gotarane si historie. Priscus skreiv som dei andre forfattarane eg nyttar på gresk, og både Malalas og Procopius nyttta han som referanse i deira verk.<sup>16</sup> Vi veit lite om biografien til Priscus, men han var truleg fødd ved byrjinga av det femte hundreåret, for han var kring tretti år då han vitja hunarane sin leir i 449.<sup>17</sup> Priscus si omtale av korleis den romerske sendeferda til hunarane var nær ved å mislykkast i å møte Attila, er spennande lesing i seg sjølv. Det er vidare interessant sidan Priscus viser til handelsmenn og gåveutveksling på Balkan i det femte hundreåret i samband med reisa frå Konstantinopel til den regionen der Attila hadde leiren sin.

Eg vil i det følgjande kort nemne dei arkeologiske kjeldene.

---

<sup>14</sup> *Anecdota* overs. Dewing 1954 (Loeb)

<sup>15</sup> *Anecdota* I i Dewing 1954: s. 3

<sup>16</sup> Blockley, R. C *The Fragmentary Classicising Historians of the Later Roman Empire* 1981: s. 49

<sup>17</sup> Blockley, R. C 1981: s. 48

## **Arkeologiske kjelder**

“Ancient authors’ descriptions or references to commerce are hard to use for historical purposes; archaeological material has other limitations, but provides an invaluable corrective”.<sup>18</sup>

Dette er eit utsegn eg har låna av Anthony Parker, og det stemmer godt med arbeidssituasjonen for historikarar som arbeider med handel i periodar med dårlig kjeldetilgang. Dei antikke skriftlege kjeldene kan vere frustrerande lite samarbeidsvillige når det gjeld opplysningar om handel. Cosmas Indicopleustes er den einaste av dei fire hovudforfattarane eg nyttar, som seier noko eksplisitt om handel. Han gir informasjon om varene, kjøpmennene og til ei viss grad om seglingsrutene. Frå dei andre forfattarane kjem informasjon om handel berre fram glimtvis.

I nettopp slike høve, er dei arkeologiske kjeldene til god hjelp, men dei har og sine manglar. Manglane er knytt til at dei ikkje kan seie noko om sosiale tilhøve som kven var handelsmenn, kva rolle hadde handelsmenn i samfunnet og så bortetter. Det arkeologien kan hjelpe til med på den andre sida, er å seie noko om omfanget, eller volumet, av handelen. I kapittelet om marmorhandel i bysantinsk tid, tek eg i bruk skipsvrak for å seie noko om storleiken på dei skipa som var involvert i frakt av marmor. På bakgrunn av storleiken på skipa og lastene, prøver eg så å seie noko om storleiken til handelen. Dei arkeologiske kjeldene, i dette tilfellet skipsvrak, kan hjelpe oss vidare med å seie kor skipa segla frå, og kor dei segla til. Arkeologien kan også seie noko konkret om kor skipa sank, og på bakgrunn av lastene er det mogleg å seie kor dei kom frå. Storleiken på lastene kan kanskje seie noko om produksjonen av marmor. Det arkeologien vanskeleg kan gi svar på, er kven som var kjøparar av marmor, og kven som var eigarar av skipa. Sjølv om arkeologien har sine grenser som all vitskap har, kjem eg gjennom denne oppgåva til å gjere vid nytte av ulikt arkeologisk materiale. For mitt vedkommande er det aktuelt å nytte arkeologi knytt til marmoranalyse, funn av prestisjegjenstandar i graver, funn av myntar, funn av keramikk og endeleg funn av skipsvrak. I kvart tilfelle kjem eg til å måtte ta ei analyse av materialet for å avgjere kva det kan seie. I nokre tilfelle vil det

---

<sup>18</sup> Parker, A. J. *Ancient Shipwrecks of the Mediterranean & the Roman Provinces* 1992: s. 3

arkeologiske materialet ikkje kunne seie noko anna enn at det er funne artefakter ved den aktuelle lokaliteten. Eit lite samarbeidsvilleg arkeologisk materiale er særleg myntfunna. Myntar er generelt ei vanskeleg funngruppe. Myntar er forbunde med handelsverksemd, men det er vanskeleg å avgjere når myntane seier noko om handel, og når dei ikkje gjer det. Døma eg nyttar under illustrerar dette. Når mange myntar vert funne i eit skattefunn, tydar det stort sett på avbroten handel på grunn av ei eller anna dramatisk hending. Når myntar vert funne utanfor kontekst som lausfunn, er det i grunnen svært lite dei kan fortelje anna enn at dei er funne der dei er funne. I gravkontekst er myntar ofte eit teikn på noko heilt anna enn handel, og seier meir om oppfatingar av døden og etterlivet enn handel, men historikaren, eller arkeologen, kan i det minste seie at det var myntar i det området der gravferda fann stad. Arkeologiske kjelder kjem difor best til nytte saman med skriftlege kjelder, og då er dei eit svært godt verkty for å seie noko om blant anna handel og handelsvegar.

Eg vil i et følgjande gi ei kort oversikt over forskingstradisjonen.

## ***Historiografi***

Då Edward Gibbon skreiv det monumentale *The Rise and Fall of the Roman Empire* ved slutten av det attande hundreåret, skulle omtalane hans av det bysantinske rike verte ståande i lang tid. I Gibbon sin terminologi var det bysantinske riket kjenneteikna av dekadente og vonde keisarar, som var utspekulerte og berre opptekne av intriger. Den faglege interessa til 1800-tals historikaren var i staden retta mot Romarriket og stordomstida under keisarar som Augustus, Trajan, Hadrian og filosofkeisaren Marcus Aurelius. Eit motstykket til desse tidlege keisarane kunne kanskje Justinian vere, men han var absolutistisk og undertrykkjande, og passa slett ikkje med dei historiske ideala i romantikken. Denne litt karikerte gjennomgangen av dei attande og nittande hundreåra sitt historiesyn er viktig å ha med seg, sidan dette har vore med å forme haldninga og interessa historikarar har hatt til det bysantinske riket.

Den manglande interessa for perioden etter Roma si stordomstid, heng og mykje saman med at medan dei latinske tekstane hadde kunne blitt lese sidan renesansen då dei vart gjenoppdaga,. Medan tekstane som omtala bysantinsk historie for ein stor del på gresk. Det at tekstane var på gresk var ei hindring, sidan greskunnskapane ikkje var så allmenne som kjennskapen til latin. Nokre av dei meir kjende, og tidlege greske verka, hadde allereie i antikken blitt oversatt til latin, men ettersom latin gjekk meir og meir ut av bruk i seinantikken<sup>19</sup> leia det til at dei seinare verka ikkje kom i latinsk oversetjing, og var for ein stor del ukjende i Vest-Europa.

Ved slutten av 1800-talet vakna interessa for det bysantinske riket som eit sjølvstendig forskingsfelt. Denne interessa vart særleg tend av J. B. Bury sitt fyrste verk om bysantinsk historie frå 1889, som tok for seg tida frå keisar Arcadius ved byrjinga av det femte hundreåret til keisarinne Irene si regjeringstid ved midten av 700-talet. *History of the Later Roman Empire from Arcadius to Irene*, kan ha vore verket om spora interessa for å omsetje fleire av dei seinantikke greskspråklege forfattarane. *Den kristne topografien* var eit av verka som til då ikkje hadde vore

---

<sup>19</sup> Antikken og seinantikken er omgrep som kjenneteiknar den romerske og greske klassismen frå omlag 500 f. Kr til 500 e. Kr.

tilgjengeleg på eit av dei store europeiske språka; engelsk tysk eller fransk. Verket vart omsett til engelsk i 1897, og boka kom ut på The Hakleyut Society i London, ein klubb som gav ut bøker med bakgrunn i eit geografisk miljø.<sup>20</sup> Oversetjingane deira av antikk litteratur var i stor grad knytt til fortidige reiseskildringar. Oversetjinga av *Den kristne topografiens* gjorde at den for fyrste gong sidan den vart skriven, vart tilgjengeleg for ein mykje vidare lesarkrins. Saman med gode og for tida fyldige kommentarar, var denne oversetjinga eit stort skritt i retning av ei breiare forståing av det bysantinske samfunnet enn tidlegare. Sjølv om *Den kristne topografiens* har vore tilgjengeleg på engelsk sidan 1897, er den på mange måtar ei utilgjengeleg bok, sidan den er full av religiøse refleksjonar. Selskapet som gav den ut i London såg først og fremst på den som ei 1400 år gammal reisehandbok. Noko den og er, samstundes som den er ei veldig god kjelde frå det sjette hundreåret, om lesaren har tolmod til å lese gjennom dei aparte religiøse meiningane i verket..

J. B Bury sitt verk om bysantinsk historie kom ut i to verk, det fyrste som eg skreiv i 1889, og det neste bindet, *History of the Later Roman Empire from the Fall of Irene to the Accession of Basil*, kom i 1912. Bury sitt verk var einrådande når det gjaldt bysantinsk historie til 1933, då Steven Runciman gav ut *Byzantine Civilisation*.

George Ostrogorsky føydde seg inn i rekka av historikarar som hadde skrive store generelle verk om bysantinsk historie. Ostrogorsky var opphavleg bulgarar, men flytta til USA etter den andre verdskriken. Ostrogorsky sitt verk, *A history of the Byzantine State and Society*, kom ut fyrste gong på tysk i 1940, og vart svært populært. Etter tre tyske utgivingar kom den fyrste gong på engelsk i 1958.<sup>21</sup> Verket tek for seg, som tittelen indikerar, heile den bysantinske historia frå 324 til 1453. Ostrogorsky sitt verk er ei breitt opplagt studium av særleg politiske og økonomiske tilhøve. I eit slikt stort verk, er det sjølvsagt mindre plass til djuptgåande analysar, men han er svært ofte sitert, særleg i litt eldre litteratur. Fram til A. H. M Jones gav ut sitt svært omfattande verk i 1964, var Ostrogorsky aleine den store autoriteten på bysantinsk historie.

---

<sup>20</sup> *The Christian Topography* overs. McCrindle J. W. 1897

<sup>21</sup> *A history of the Byzantine State and Society* Ostrogorsky, G 1980 (1958, 1940)

I 1964 kom eit banebrytande verk, som Ostrogorsky før han, raskt vart standardverket på forskingsfeltet. Dette var verket, *The Later Roman Empire*.<sup>22</sup> Det må likevel seiast at Jones sitt verk var av betre kvalitet enn det meste som var blitt skrive om det bysantinske samfunnet til då. Det som er den store skilnaden på Jones og dei som skreiv før han, var at Jones fokuserte på dei første åra av den bysantinske staten si historie, og valde å gå attende til 284 då Diokletian vart keisar. Ramma for Jones sitt verk er imponerande nok, det omfattar over tre hundre år og sluttar i 602 då keisar Maurice dør. Jones sitt store verk markerar ei endring i fokuset historikarane fram til då hadde hatt på økonomi og samfunnsliv. Jones var ikkje den første historikaren som vurderte den bysantinske økonomien, men han var den første til å gå i slik detalj. Verket er utmalande og svært grundig i si handsaming av kjeldene. Jones sitt bilet av den seinantikk økonomien i *The Later Roman Empire*, er av ein økonomi som var fullstendig kontrollert av staten, og der staten tok alle skritt for å sikre seg mot ustabile tilhøve. Jones si vurdering av handel i seinantikken er blant anna basert på gjennomgang av kjelder som omtalar ein skatt som var kjend som collatio lustralis. Collatio lustralis var ein skatt som måtte betalast av alle som hadde forretningsverksemド kvar fjerde eller femte år. Det vil seie at alle som kjøpte og handla i ei eller anna form, var pliktige å betale denne skatten. Skatten vart opphavleg innført for å dekke ulike utgifter til hæren. Etter å ha vurdert alle kjeldene som seier noko om collatio lustralis, konkluderar Jones med at denne skatten knapt utgjorde fem prosent av dei totale inntektene til den romerske staten. På grunn av den marginale rolla collatio lustralis hadde for statsfinansane, meinte Jones at handel og handelsverksemド spela ei underordna rolle i den seinantikk økonomien. Det var inntektene frå landbruket som var dei viktigaste for den romerske staten.

Dette utgangspunktet var det M. I Finley bygde vidare på, då verket *The Ancient Economy* kom ut i 1973.<sup>23</sup> Finley meinte heilt kort at den antikke økonomien berre i lita grad hadde rom for langdistansehandel, og at eventuelle overskot frå handelsverksemド ikkje vart reinvestert i handel, men investert i jord, som var den einaste sikre forma for kapital. Jones og Finley skal begge ha æra for at ein ny diskusjon vart starta i samband med den antikke økonomien. Diskusjonen hadde

<sup>22</sup> *The Later Roman Empire* A. H. M Jones 1964

<sup>23</sup> Finley, M. I *The Ancient Economy* 1973

inntil då vore fokusert på at den antikke økonomien i det store og heile kunne samanliknast med vår, og at det var dei same mekanismane som gjaldt for økonomien då som no.

Arkeologiske kjelder har vore med på å endre vårt syn på den antikke økonomien dei siste tretti-førti åra. Kjennskap til stadig fleire skipsvrak kom på plass etter som fleire og fleire hadde moglegheit og råd til å drive med sportsdykking. Eit tidleg oversiktsverk som baserte seg mest utelukkande på skipsvrak, var *A history of Seafaring* frå 1972.<sup>24</sup> Ansvarleg for denne samlinga av artiklar var George F. Bass, som er ein av pionerane når det gjeld å nytte skipsvrak som både historiske og arkeologiske kjelder.

Eit stort og grundig verk som tek for seg den bysantinske økonomien, frå 300 til 1450, er *Studies in the Byzantine Monetary Economy*.<sup>25</sup> Verket kom ut i 1985, og er skriven i tradisjonen frå Jones og Finley. Som tittelen spelar på, så er det alle spørsmåla kring økonomien og finansane Michael Hendy har fokus på. Verket er veldig grundig i si handsaming av kjeldene, men det er det same biletet han malar som Jones, den seinantikk staten er absolutistisk og uavgrensa. Handel vert forklart som staten sin trong til å forsyne hæren, eller å halde staten stabil. Ein svakheit med både Finley, Jones og Hendy sin argumentasjon, er at dei berre i lita grad gjer nytte av arkeologiske kjelder.

På 1990-talet såg det ut til at tida for dei store samleverka på mange måtar var over. Bidrag til debatten om handel i antikken kom stort sett i form av artiklar, og blant desse presenterte T. S. Loseby eit interessant syn basert på ein case study av Marseille i 1992. I artikkelen *Marseilles: A late antique success story?* argumenterer han for auka økonomisk aktivitet i Marseilles basert på funn av svært mykje keramikk i den gamle hamna.<sup>26</sup> Keramikken er både frå det austlege Middelhavet og Nord-Afrika, noko han tolkar som livskraftig handel i det sjette hundreåret, då handelen tradisjonelt er blitt vurdert som mest ikkje eksisterande.

---

<sup>24</sup> George F. Bass *A history of Seafaring – based on underwater archaeology* 1972

<sup>25</sup> Michael Hendy *Studies in the Byzantine Monetary Economy c. 300 – 1450* 1985

<sup>26</sup> Loseby, T. S. *Marseilles: A late antique success story? Journal of Roman Studies* 1992

I 1996 publiserte Marlia Mango ein artikkel som og er basert på studiar av ulike prestisjevarer i det arkeologiske materialet, og samanliknar dette med skriftlege kjelder. I artikkelen *Byzantine Maritime Trade with the East* gjorde ho det sannsynleg at handel og utveksling av varer, frå Storbritannia i vest via Middelhavet, til India og Kina og vice versa, fann stad i det sjette hundreåret, truleg i ganske stor skala.<sup>27</sup> Mango sin artikkel tek for seg eit mykje større geografisk område enn Loseby si studie av eit meir geografisk avgrensa område. Det som er felles for begge er at dei kombinerar skriftlege og ulike arkeologiske kjelder. Ved å gjere det, kjem dei fram til eit mykje meir positivt syn på handel. Denne nyare måten å arbeide med dette matrilet på vert og tatt i bruk i det hittil siste store bidraget i debatten.

Michael McCormick, i eit stort verk likt Hendy sitt, gjer greie for opphavet til den europeiske økonomien frå 300-900. Tittelen på verket er *Origins of the European Economy*.<sup>28</sup>

Trenden frå 90-talet vert ført vidare i McCormick sitt verk, og han gjer brei bruk av arkeologiske kjelder. Verket er ambisiøst i sitt oppdrag, men fokuserar vel mykje på den vesteuropeiske økonomien. I dette verket er det den frankiske og tidlege norditalienske økonomien som står i fokus på kostnad av dei arabiske og bysantinske økonomiane. Denne vestlege orienteringa gjer verket ikkje til eit dårlegare historisk verk, men eg skulle ønske at fokuset var lenger aust, og på dei vitale sentra i den bysantinske og seinare arabiske verda.

---

<sup>27</sup> Mango, M. M Byzantine Maritime Trade with the East (4<sup>th</sup> – 7<sup>th</sup> centuries) Aram 1996

<sup>28</sup> Michael McCormick *Origins of the European Economy* 2001

## **Handel i ei uroleg tid**

Det er ikkje mogleg å skrive om handel i før-moderne tid utan kjennskap til den store debatten mellom såkalla primitivistar på den eine sida, og modernistar på den andre. I år er det tretti år sidan M. I. Finley sitt banebrytande verk *The Ancient Economy* såg dagens lys, og debatten kring verket byrja. Ingen historikarar som har skrive om antikk, eller før-moderne økonomi dei siste tretti åra, kan ha latt vere å ta inn over seg Finley sine tankar kring dette temaet. Denne oppgåva skal ikkje vere ein gjennomgang av denne debatten, det er handsama betre av andre enn meg, og eg viser til ein god gjennomgang i P. F Bang sin artikkel, Fra Occidenten til Orienten og tilbake igjen, som stod på trykk i den Jyske historiker i 1999.<sup>29</sup>

Før eg går over til sjølve oppgåva, vil eg berre kort skissere opp tankane mine bak dette arbeidet.

Den overordna tanken bak har vore å seie for det første noko om Bysants si stilling som handelsnasjon, og for det andre å seie noko om handel i ei tid som var prega av mykje uro og ustabilitet. Dette vel å løyse ved å sjå på ulike aspekt av handelen. I det fyrste kapittelet vil eg etablere marmor som ei handelsvare, basert på kjende skipsvrak. Ved å nytte skipsvrak frå keisartida fram til bysantinsk tid, meinar eg å kunne argumentere for kontinuitet over eit lengre tidsrom. Samstundes som eg seier noko om kontinuitet, vil eg analysere marmoren som handelsvare. Kven stod som eigar av marmorbrota, kven var kjøparane av marmor? Ved å svare på desse spørsmåla, meinar eg at det er mogleg å seie noko generelt om handel i det sjette hundreåret.

Dei neste to kapitla er knytt til særleg importen av prestisjevarer frå aust. Kapitelet om Bysants, Aust-Afrika og India vil fokusere på handelsrutene utanfor den bysantinske statsdanninga og den bysantinske staten si rolle i denne handelen. Eg viar og merksem til varene, og korleis dei vart nytta både i Bysants, men og korleis dei inngjekk i eit større handelsnettverk som inkluderte Vest-Europa og Balkan. Kapittel fire er knytt til handelsrelasjonar mellom Bysants og dei germanske etterfølgjarstatane. Interaksjonen er på fleire nivå, noko eg gjer greie for i det kapittelet. Dette kapitlet tek føre seg tradisjonell handel med jordbruksvarer i det

---

<sup>29</sup> Bang, P. F. Fra Occidenten til Orienten og tilbake igjen *Den Jyske historiker – agraraimperier mellom marked og tributt* 1999

vestlege Middelhavet, utbetaling av tributt frå Bysants til hunarane, og mogleg handel eller gaveutveksling mellom Bysants og Nordvest-Europa.

Ved å nytte både arkeologiske og skriftlege kjelder meinar eg det er mogleg å kaste nytt lys over noko av desse temaene, som så mange historikarar før meg har skrive veldig godt om.

## 2. Marmor til Konstantinopel og det vestlege Middelhavet.

Marmor var vidt utbreidd som byggjemateriale i den mediterrane verda, men all marmoren var ikkje av like god kvalitet. Denne kvalitetsskilnaden førde til utveksling av marmor over heile Middelhavet, frå brot med ettertrakta marmor til dei ulike byggjestadane rundt om den mediterrane verda der denne var ønska. Frå staden der marmoren vart broten til der den vart nytta, er det dermed mogleg å gjenskape ei seglingsrute, basert på marmoren sin opphavsstad. På bakgrunn av kvart marmorbrot sin distinkte signatur, er marmoren ein nyttig handelsmarkør. Med uttrykket handelsmarkør tenkjer eg på marmoren som den vara som vert att etter at dei meir forgjengelege varene har blitt brotne ned i vatnet. I ei skipslast beståande av til dømes marmor og vin, vil marmoren og keramikken som varige materiale overleve, medan vinen vil forsvinne. Fram til for om lag tjue år sidan var det mogleg å berre knyte slike marmorlaster frå vrak til eit generelt opphavsområde. Teknikken som då vart nytta, var av kunsthistorisk art, og bygningsdelane vart vurdert stilistisk, og på den bakrunnen vart det avgjort kor marmoren truleg kom frå. Utviklinga av teknikkar knytt til kjemisk og fysisk identifisering av marmor, gjer at det no er mogleg å gå vidare, ned på detaljnivå, og seie noko om enkeltsteinbrot. Kvart marmorbrot har sin eigen signatur, og denne signaturen kan finnast gjennom ein kjemisk, eller fysisk prosess. Prosessen har blitt betre utvikla etter at den fyrst vart teken i bruk ved byrjinga av 1980-talet.<sup>30</sup> Ved hjelp av desse teknikkane, er det med stor grad av tryggleik mogleg å knyte marmor hugga ved Egeerhavet til byggverk i Italia, og andre stader rundt Middelhavet, og dermed gjenskape handels og seglingsruter med ein stor grad av tryggleik.

I dette kapittelet vil eg argumentere for at marmor var ei handelsvare i bysantinsk tid. Måten eg vil gå fram på er å prøve å nytte proconnesosmarmor funne i skipsvrak til å seie noko om fortidige seglingsruter. Samstundes vil eg nytte utgravingar i sjølve marmorbrotet til å vise at stoleiken brotet hadde i det sjette hundreåret heng saman med marmorutvinning i stor stil. Dei skriftlege kjeldene nemner og marmor ved enkelte høve. Eg kjem til å nytte desse kjeldene for å prøve å vise ein samanheng

---

<sup>30</sup> Herrmann, J. Jr. ; Barbin, V. The exportation of Marble from the Aliki Quarries on Thasos: Cathodoluminescence of Samples from Turkey and Italy *American Journal of Archaeology* vol. 97 1993: s. 91-103

mellan etterspurnad etter bygningsstein og handel. På bakgrunn av ein samla kjeldejennomgang vil eg argumentere for at det har vore kontinuitet i handelen med marmor frå republikansk til tidleg bysantinsk tid.

## A. Det arkeologiske materialet, skipsvraka

Eg vil i det følgjande presentere vraka inneheldande proconnesosmarmor.

Kronologien til desse skipa er viktig, sidan eg prøver å vise at det har vore kontinuitet i frakt med marmor frå republikansk til bysantinsk tid.

I tabell 1-2 er det tolv vrak som har inneheldt marmor i større mengder. Av desse tolv skipa har fem hatt proconnesosmarmor i større eller mindre kvanta i lasta.<sup>31</sup>

Grunnen til at eg vel å presentere vraka med proconesisk marmor, er at denne marmoren finnes frå mange lokalitetar rundt Middelhavet, samstundes som marmorbrotet på Proconnesos er kjend frå både samtidige kjelder og frå historisk og arkeologiske litteratur. Sjølv om marmor frå Proconnesos er utgangspunktet, er det ikkje dermed sagt at eg ikkje vil nytte marmorlaster frå andre vrak for å argumentere generelt kring frakt av marmor i antikken. Dette kjem e attende til seinare i teksten.

Eg vil no fyrst kort vise kor vraka med proconnesosmarmor vart funne. Der det er mogleg å seie noko om vekta på lasta vil eg gjere det.

### Sile (Tyrkia) 41,11 N 29,38 Ø<sup>32</sup>

Det eldste vraket i denne gjennomgangen er frå tidleg i det andre hundreåret, og inneheldt ei last der det for ettertida er bevart marmor av både var tilhuggen og uferdig karakter. I tillegg vart det funne nokre amforaer, som hjelpte til med å datere vraket. Funnstaden til dette vraket er på grunt vatn på nordkysten av Tyrkia, ikkje langt frå Istanbul. Vraket er det eldste vraket med større mengder proconnesosmarmor omtala i Parker sin katalog over skipsvrak.<sup>33</sup>

---

<sup>31</sup> Sjå figur 1-2

<sup>32</sup> Sjå figur 1-2

<sup>33</sup> Parker, A. J. 1992: s. 404

### Crotone (Italia) 39,0 N 17,11 Ø<sup>34</sup>

Dette vraket vart funne på søraustkysten av Italia, og vekta av marmoren funnen ved vraket vart rapportert til å vege over 150 tonn. Dateringa av vraket på bakgrunn av lasta er byrjinga av det tredje hundreåret. Djupna lasta vart funnen på, var mellom fire og sju meter. Lasta bestod for det meste av marmorblokker, og nokre halvferdige kapitelar<sup>35</sup>.

### Sicilia, 37,33 N 12,40 Ø<sup>36</sup>

Det tredje vraket er det som har sikrast datering, og ein reknar med at skipet har gått ned mellom 225 og 275. Vraket vart funne nær land på vestkysten av Sicilia, i eit område der fleire skip har gått ned. Lasta var stor, eit overslaget er at lasta vog i overkant av 350 tonn<sup>37</sup>.

### Sicilia 36,38 N 15, 5 Ø<sup>38</sup>

Det yngste skipet er funne på grunt vatn ved sørspissen av Sicilia. Lasta er estimert til å vere like stor som den eg nemnde ovanfor, altså 350 tonn. Skipet er derimot ikkje bevart, heller ikkje noko av den øvrige lasta til skipet, forutan nokre få restar av ein amfora, som daterar skipet til byrjinga av det fjerde hundreåret<sup>39</sup>.

### Sicilia 36,45 N 15, 8 Ø<sup>40</sup>

Det yngste skipsvraket eg vel å presentere, er Marzamemiskipet. Vraket vart funne på grunt vatn på søraustkysten av Sicilia, saman med fleire andre skip, frå både antikken og seinare. Skipet vart datert til å vere frå åra mellom 500 og 540.

Marzamemiskipet er interessant, sidan det underbygger Procopius sitt utsegn om Justinian sine byggeprosjekt i vest.<sup>41</sup> Skipet har inneheldt ei last som på bakgrunn av marmoren si utforming skulle brukast i byggjinga av ei mindre bysantinsk kyrkje.<sup>42</sup>

---

<sup>34</sup> Sjå figur 1-2

<sup>35</sup> Parker A. J. 1992: s. 361

<sup>36</sup> Sjå figur 1-2

<sup>37</sup> Parker A. J. 1992: s. 115

<sup>38</sup> Sjå figur 1-2

<sup>39</sup> Parker A. J. 1992: s. 219

<sup>40</sup> Sjå figur 1-2

<sup>41</sup> Parker, A. J 1992:267

<sup>42</sup> Parker, A. J 1992:267

## A1 Tolking av skipsvraka og lastene

Dei fem vraka ovafor er frå keisartida eller tidleg bysantinsk tid, og har inneholdt proconesisk marmor. Det dei har felles er at dei opphavleg har ført laster med delvis tilhogne bygningsdelar, eller heilt ferdige bygningsdelar. Stadane der skipa har gått ned, viser at marmoren vart frakta, med eitt unntak, langt frå den opphavlege staden der marmoren vart tilverka. Skipa nyttar i denne transporten verkar å vere relativt store. Eit av vraka frå gjennomgangen ovafor hadde hatt ei kjøllengde på mellom tretti og trettifem meter.<sup>43</sup>

På bakgrunn av lastekapasiteten, og i nokre heldige høve der kjølen er bevart, kan det sjå ut som om dette er ei gjengs kjøllengde for marmorskip. Eit naturleg spørsmål i denne samanhengen vert dermed om dette er spesielt store skip? Samanlikna med dei egyptiske kornskipa, som gjekk frå Alexandria til Puteoli i keisartida, er ikkje desse lastene store. Dei store kornskipa hadde lastekapasitet opp mot 1200 tonn<sup>44</sup>, medan alle lastene eg bruker i denne framstillinga ligg mellom 100 og 350 tonn.<sup>45</sup> Vert marmorskipa samanlikna med kjende skip frå bysantinsk tid som kornskipet funne ved Gervaise og Yassi Ada skipet derimot, må dei seiast å vere store, sidan desse hadde ein tonnasje på mellom 40 og 50 tonn.<sup>46</sup> Samtidig må det hugsast på at det skjer ei endring i skipsbyggjetechnikken i seinantikken, og dei bysantinske skipa er gjennomgåande mindre enn deira motpartar i republikken og keisartida.<sup>47</sup> Dette ser ikkje ut til å ha vore tilfelle for marmorfraktarane, som ser ut til å ha halde seg temmeleg uforandra. Bakgrunnen for ein slik konklusjon er at vekta på steinlastene dei førde er stort sett eins, frå det eldste republikanske skipet, til det yngste bysantinske.

Materialet har særleg ein svakheit, og det er overvekta av vrak frå vest-mediterrane lokalitetar. Det er påfallande at ingen skip med marmor som primærlast<sup>48</sup> er rapportert frå det austlege Middelhavet. Dette er og uheldig, sidan det skaper eit inntrykk av at det austlege Middelhavet var utan skipsaktivitet, medan den i vest var

<sup>43</sup> Parker, A. J 1992: s. 361

<sup>44</sup> Doornick, van F. Byzantium, mistress of the sea *A history of seafaring based on underwater archaeology* Bass, G. F. 1972: s. 139

<sup>45</sup> Sjå figur 1-2

<sup>46</sup> Parker, A. J. 1992: s. 372 og 454

<sup>47</sup> Doornick, van F 1972: s. 139

<sup>48</sup> Sjå omtale nedafor

tilsvarande høg. Ein grunn til ei slik openbar vestleg overvekt av skipsvrak, kan vere at i vest har det vore fleire turistbesøk enn den austlege sidan etter 2. verdskrigen. Dei fleste skipa frå Parker sin katalog er funne på grunt vatn nær land, der sportsdykkarar er aktive. Dermed kan desse vere med på å oppdage vrak, og dokumentere dei vestlege kystområda. I dei seinare åra derimot, har det blitt sett i gong undersøkingar på djupt vatn, og desse undersøkingar vil truleg endre vår oppfatning kring dette temaet på sikt når fleire resultat vert klare.

Eit anna moment som særmerkar materialet, er at dei tolv skipa med få unntak har gått ned i tida mellom 150 og 300, ein periode som har færre rapporterte skipsvrak enn andre og tidlegare periodar.<sup>49</sup> Dette er påfallande, sidan det er på 200-talet at handelen tradisjonelt sett skal ha minka i volum og omfang.<sup>50</sup> Talet på vrak med andre laster enn marmor går ned, medan skipa med marmor som primærlast opptrer oftare, mellom 150-300.<sup>51</sup> Det kan sjølvsagt berre vere eit tilfeldig samanfall, samstundes som det er påfallande. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at marknaden for marmor hovudsakleg låg i vest, og at det er Roma som er avtakaren for marmoren. Byen Roma med sin store marknad kunne sjølv i trongare tider etterspørje marmor, og dermed skape ein marknad for marmorhandel, i ei tid då anna handel opplevde nedgang.

Til slutt vil eg kort oppsummere så langt. Skipa, både med og utan proconnesosmarmor har gått ned utanfor kysten av Italia og Sicilia frå republikansk til bysantinsk tid. Dermed kan det argumenteras for at dette truleg har vore del av ei seglingsrute, sjølv om det tilgjengelege materialet er lite, og det ikkje umiddelbart gir grunnlag for bombastiske konklusjonar. Eg vågar likevel påstanden at det vi ser spora av her, er ei handelsrute frå marmorbrota ved Egeerhavet til marknadar i vest. Denne ruta ser ut til å vere verksam frå republikansk tid til bysantinsk tid. Det er mogleg å seie at spor etter ein spesialisert transport av marmor, eller mogleg handel med marmor på eit spesialisert nivå er til stades. Dette bygga på det faktum at skipa og lastene dei hadde ført var store og at marmoren var frakta over lange distansar til sjøs til ventande avtakrarar i vest.

---

<sup>49</sup> Parker, A. J 1992: fig. 4 og 5

<sup>50</sup> Whittaker C. R. Late Roman Trade and Traders *Trade in the ancient economy* Hopkins et.al. 1983: s.175

<sup>51</sup> Parker, A. J. 1992: fig. 4 og 5 og her fig. 1-2

Før ein endeleg konklusjon kan verte gitt med omsyn til om desse lastene kan knytas til handel, vil det vere nyttig å sjå nærare på tema som bering av last, karakteren til lastene og om marmoren eventuelt vart frakta som ballast. Det siste punktet er avgjerande for om denne frakta kan kallast handel i det heile teke.

### Bering av laster

Bering av lette og tilgjengelege delar av lasta vart i følgje Parker utført der tilhøva tillet det,<sup>52</sup> og eit av vraka eg presenterer ovafor, vraket funne på vestkysten av Sicilia, ser ut til å ha vore prøvd berga.<sup>53</sup> Tidlegare tiders bering kan dermed vere med å farge synet vårt på desse lastene, sidan dei mest ferdige elementa kan vere fjerna. Dermed skapas det eit inntrykk av at marmoren vart frakta i uferdig tilstand, og at tilverkinga føregjekk på bestillingsstaden.

Eit anna skip som kanskje har blitt prøvd berga, er Marzamemiskippet.<sup>54</sup> Skipet har vore kjend av lokale fiskarar lenge, sidan det vart funne på grunt vatn. Det undersøkte materialet var store marmorkapitelar og andre bygningsdelar, som kan ha blitt for tunge å heve og dermed etterlatne i sjøen.<sup>55</sup> Det er ikkje mogleg å seie noko definitivt om bering når det gjeld dei fire andre skipa eg omtalar med proconnesosmarmor heller. Det vraka har felles, er at dei vart funne svært nær kysten på grunt vatn, og bering er truleg blitt prøvd på alle.<sup>56</sup> Resultatet av denne beringa kan ha vore at dei tyngste marmorblokkene var for vanskelege å berge og difor etterlatne i sjøen. Materialet vi sit att med i dag kan dermed vere det mest uferdige, medan dei tilverka delane vart berga og gjort til nytte allereie kort tid etter skipet gjekk ned.

### Primærlaste

A. J Parker fører opp trettitre skip rapporterte med marmor i lasta i sitt oversiktsverk over vrak funnen i Middelhavet og dei romerske provinsane<sup>57</sup>. Av desse trettitre skipa har som sett tolv hatt større mengder marmor i lasta, og eg vil i det følgjande

<sup>52</sup> Parker, A. J 1992: s. 267

<sup>53</sup> Parker, A. J. 1992: s. 115

<sup>54</sup> Parker, A. J. 1992: s. 267

<sup>55</sup> Parker, A. J. 1992: s. 267

<sup>56</sup> Parker, A. J. 1992: s. 404, 361, 219 og s. 115

<sup>57</sup> Parker, A. J 1992: For dokumentasjon av desse skipa, sjå s. 47, 71 127, bla.

argumentere for at marmoren har vore primærlasta for desse aktuelle skipa.<sup>58</sup>

Spørsmålet som reiser seg er: Kva er det som kjenneteiknar desse lastene, og som gjer det naturleg å argumentere for at marmoren har vore primærlasta? For å svare på dette spørsmålet må det fyrst avgjerast kor stor lastekapasitet skipa hadde. Eit problem er at berre unntaksvis er det funne nok av skipet sin konstruksjon til å gi eit estimat på kor stor lastekapasiteten har vore.<sup>59</sup> Lastekapasiteten til skipet vil vere avgjerande for å seie at storskala frakt av bygningsdelar har funne stad, og dermed om marmor har vore primærlasta til dei aktuelle skipa. Sidan så få skip er funne intakte, kan dette problemet ikkje direkte løysast ved å analysere skipa. Ein moglegheit til å komme rundt problemet på, er å fokusere på mengda av marmor ved dei ulike skipsvraka. Storleiken på skipa kan dermed indirekte reknas ut frå vekta på marmoren som er att på havbotnen. Lastene som er dokumentert av Parker varierar, som eg viste tidlegare, frå den minste lasta på omlag 90 tonn, til den høgaste på over 350 tonn.<sup>60</sup> Det er dessverre berre mogleg å seie noko om vekta på lastene frå sju av lokalitetane, dei resterande fem er ukjende. Det representerar sjølvsagt ein svakheit med materialet, sidan vi ikkje veit nokon ting om fem laster. Ser ein likevel bort frå desse fem, og fokuserar på dei sju dokumenterte, er det mogleg å rekne ut ei truleg gjennomsnittleg vekt. Den gjennomsnittlege vekta frå desse sju vrakstadene er 210 tonn. Vert det høgaste og det lavaste talet stroke får ein eit gjennomsnitt på litt over 200 tonn marmor frå kvar lokalitet. Vekta på lastene aleine ser dermed ut til å kunne vere med på å støtte ein konklusjon om at desse skipa primært har frakta marmor. Sjølv om dette er ein freistande slutning, gir ikkje materialet rom for å seie dette basert på vekta aleine. Fleire bitar må leggast i puslespelet før eit svar kan verte gitt.

Noko anna som peikar mot at marmoren frå skipsvraka kan ha vore primærlaster, er at lastene som så langt er funne bestod av bygningsdelar. Bygningsdelane er i tillegg av ein slik karakter, at det er naturleg å gå ut frå at dei har vore ein viktig del av lasta skipet har ført, kanskje den viktigaste. Særleg eit vrak skil seg ut i denne samanhengen, og det er det tidlegare omtala Marzamemiskipet. Marzamemiskipet frakta bygningsdelar til ei kyrkje, og det gjekk ned på søraustkysten av Sicilia. Sicilia

<sup>58</sup> Parker A. J. 1992: s. 94, 115, 116, 125, 190, 219, 252, 267, 361, 426 og 429 for dokumentasjon av skipa som har hatt marmor som primærvaregruppe. Sjå og figur 1-2

<sup>59</sup> Berre frå tre av lokalitetane har det vore mogleg å seie noko om kjøllengda på det aktuelle skipet, sjå figur 1-2

<sup>60</sup> Sjå figur 1-2

og særleg Italia var eit av dei områda som Justinian brukte store ressursar på å legge under romersk styre frå 530-åra og utover.<sup>61</sup> Denne kunnskapen gjer at det vert lettare å seie at dette skipet primært frakta tilhuggen Stein til dette byggeprosjektet. Noko som vidare kan vere med på å tolke desse skipa som primært marmorfraktarar, er området marmoren vart henta frå. Området kring Egeerhavet var rikt på marmorbrot, og frå seks skipsvrak er det mogleg å seie at marmoren kom frå Lilleasia og Egeerhavet.<sup>62</sup> Frå fem av lokalitetane er det mogleg å knyte den direkte til det marmorbrotet eg har fokusert på, Proconnesos.<sup>63</sup> Frå eit skipsvrak er det ikkje mogleg å avgjere kor marmoren kom frå, men det er ikkje umogleg at og denne marmoren kom frå Lilleasia og Egeerhavet.<sup>64</sup> Dette har vore eit område der marmorutvinning har vore viktig, og skip frå desse områda er truleg i større grad enn andre skip primært marmorfraktarar.

Konklusjonen vert at alt tyder på at desse skipa først og fremst frakta marmor. Det kan sjølv sagt ikkje utelukkast at dei hadde andre laster, men det er mi meining at desse andre lastene var av mindre relevans, og at det var marmoren som truleg var hovudvara om bord.

## Ballast

Marmor er funne som primærlast<sup>65</sup> i vrak frå republikansk tid gjennom keisartida til bysantinsk tid. Det opnar opp for eit nytt spørsmål; nemleg spørsmålet kring bruken av marmor som ballast. Vart marmoren frakta som ballast er det vanskeleg å argumentere for at den har vore ei handelsvare per se. Etter mi meining er marmorlastene eg har teke med i denne undersøkinga ikkje frakta som ballast. Bakgrunnen for å argumentere for ei slik tolking er, at graden av tilverking på delar av den undersøkte marmoren er høg. Denne høge graden av tilverking taler mot at marmoren vart sendt som ballast. Vart marmoren sendt som ballast ville den verte utsett for tøff handsaming i botnen av skipet, og dette ville ikkje løne seg med tanke på kva skade marmoren dermed kunne verte utsett for.<sup>66</sup>

---

<sup>61</sup> Pirenne, H. *Mohammed and Charlemagne* 1958 (1939): s. 62-75

<sup>62</sup> Sjå figur 1-2

<sup>63</sup> Sjå figur 1-2

<sup>64</sup> Sjå figur 1-2

<sup>65</sup> Sjå argumentasjon ovafor.

<sup>66</sup> Doornick, van F 1972: s. 152-153 for illustrasjon av marmorlasta frå Marzamemiskipet, og Parker A. J 1992: s. 219, 361, 404.

Før eg går over til å diskutere steinbrotet på Proconnesos, vil eg kort summere opp kva eg har skrive så langt. Skipa eg nyttar i denne argumentasjonen har alle hatt større mengder marmor i lasta. Marmoren er opphavleg til Egeerhavet, og med eit unntak har alle skipa gått ned ved kysten av Sicilia, eller Italia. Dette tyder på ei seglingsrute mellom Egeerhavet og det vestlege Middelhavet frå republikansk tid til bysantinsk tid. Mengda marmor, og den fine tilverkinga av den, tyder på at skipa først og fremst var marmorfraktarar og at marmoren ikkje vart frakta som ballast. Dette får følgjer for den vidare diskusjonen, all den tid det vi truleg ser spor av her er ei mogleg handelsrutene frå desse stadane til Italia.

## **B. Det arkeologiske materialet, steinbrotet**

Proconnesosbrotet figurerar både i faglitteraturen og marmoren frå brotet finnes frå vrak der denne typen marmor er representert.<sup>67</sup> Marmorbrotet på Proconnesos har på bakgrunn av arkeologiske undersøkingar på sjølve øya, og funna av den proconesiske marmoren i eit av vraka ovafor, etter alt å døme vore i produksjon sidan byrjinga av det andre hundreåret.<sup>68</sup> Kva kan seiast om storleiken på dette marmorbrotet?

Marmorbrotet på Proconnesos dekka i antikken etterkvart eit område på førti kvadratkilometer, og brotet er å finne på øya Marmara rett utanfor Istanbul.<sup>69</sup> På denne øya har arkeologen Asgari gjort undersøkingar kring bruken av brotet i sein keisartid. Proconnesosbrotet vert og omtala av historikaren Jones, og han omtalar det som eit av dei tre største i det austlege Middelhavsområdet.<sup>70</sup>

Historia til brotet er som følgjer. Det ser ut til at utvinninga av marmor vart intensivert ved etableringa av ein ny hovudstad i området i 330.<sup>71</sup> Asgari har gjennom sine undersøkingar på øya vist at aktiviteten tiltek særleg frå og med 320-talet, og er høg dei neste to hundre og femti åra, til slutten av det sjette hundreåret.<sup>72</sup> I artikkelen Asgari publiserte i 1995, ser han i hovudsak på korleis arbeidet i

---

<sup>67</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>68</sup> Denne påstanden byggjer eg på funn av marmor som kan knytas til Proconnesos funnen i vrak rapportert i Parker 1992.

<sup>69</sup> Asgari, N, “The Proconnesian production of architectural elements in late antiquity, based on evidence from the marble quarries” i *Constantinople and its Hinterland* Mango, C og Dagron, G 1995: 263

<sup>70</sup> Jones, A. H. M. *The Later Roman Empire 284-602* bind 2 1964: s. 837

<sup>71</sup> Asgari, N 1995: s. 263

<sup>72</sup> Asgari, N 1995: s. 263

marmorbrotet har føregått. Konklusjonen hans er at det kan sjå ut som det har vore masseproduksjon av halvfabrikerte kapitelar på øya, som har blitt sendt til Konstantinopel for å bli ferdig tilverka der.<sup>73</sup> Det arkeologiske museet i Istanbul har ei samling proconesisk marmor som har vore nytta i ulike monumentale bygg.

Når det gjeld kven som har arbeida i dette brotet, meiner Jones at det har vore ei blanding av straffangar, utskrivne mannskapar og handverkarar som har arbeida i gruver og steinbrot.<sup>74</sup> Sjølv om Proconnesosbrotet ikkje vert eksplisitt nemnd i samtidige kjelder der arbeidstilhøva vart omtala, er det grunn til å tru at arbeidstilhøva har vore dei same her som ved andre steinbrot. Det openbare oppsvinget brotet heilt klart fekk i sein keisartid og bysantinsk tid, utelukkar ikkje handel og spesialisert transport med marmor tidlegare. Som eg viste ovafor så er det mange skipslaster som peikar på stor utvinning av marmor i tidlegare tider.<sup>75</sup> Utvinninga av marmor av høg kvalitet, og dermed ein tenkeleg høg pris i bysantinsk tid, kan vise til kontinuitet frå tida før 320, og attende til keisartida, sjølv om aktiviteten då nok ikkje har vore så intensiv som då Konstantinopel vart etablert som hovudstad.

Før eg går vidare til omtale av marmor i dei skriftlege kjeldene, vil eg kort oppsummere det eg skreiv om steinbrotet. Det ser ut til at marmorbrotet på Proconnesos har vore aktivt sidan det andre hundreåret. Det fekk eit oppsving ved byrjinga av et fjerde hundreåret, og denne aktiviteten haldt seg til midten av det sjette. Basert på vraklaster med marmor, er det grunn til å argumentere for at Proconnesos sendte marmor til det vestlege Middelhavet, særleg i keisartida. I bysantinsk tid ser det ut til at mykje av marmoren har blitt nytta i nærområdet, i Konstantinopel. Arbeidsstokken vart i følgje Jones brot drivne med ei blanding av utskrivne arbeidarar, handverkarar og straffangar.<sup>76</sup> Når det gjeld eigartilhøva ved brotet kjem eg attende til det.

---

<sup>73</sup> Asgari, N 1995: s. 275

<sup>74</sup> Jones, A. H. M 1964: s. 838

<sup>75</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>76</sup> Sjå diskusjon ovafor

## **C. Omtalar av marmor i dei skriftlege kjeldene.**

I det følgjande vil eg vise kva nokre av dei skriftlege kjeldene seier om proconnesosmarmor, og korleis den var sett på som prestisjefull og ettertrakta i byggverk rundt omkring i Bysants. Det er først og fremst Procopius som gir oss opplysningar om marmoren. Opplysningane kjem tydleg fram i verket han skreiv for keisar Justinian om bygningane i riket.

Marmor er ei bygningsvare som er knytt til prestisjebrygg, og det å ha tilgang til marmor av god kvalitet når eit slikt byggeprosjekt skulle settast i verk, var viktig. Dette ser vi i utdraget nedafor.

“And the whole interior of the building, as far as the mosaics above, is clothed with handsome marbles (...) Some of these marbles are of Spartan stone which rivals the emerald, while some stimulate the flame of fire (...) most of them are white in colour, yet the white is not plain, but set off with wavy lines of blue which mingle with the white”.<sup>77</sup>

Til bruken av marmor var det utan tvil hefta stor prestisje, slik vi kan sjå frå eit anna sitat frå Procopius. Det byggverket Procopius nemner i denne samanhengen er ein kolonnade knytt til eit offentleg bad Justinian let bygge i sitt namn.

”Columns and marbles of surpassing beauty cover the whole of it, both the pavement and the parts above”.<sup>78</sup>

Proconesisk marmor vart og referert til når kostesam marmor vart omtala, som i dette utdraget frå Cosmas.

It is made of costly white marble such as we employ for marble tables, but not of the sort, which comes from Proconnesos.<sup>79</sup>

---

<sup>77</sup> Procopius Bulidings I x. 16-xi Dewing, H.B 1954.

<sup>78</sup> Procopius Buildings: I xi 2-6 Dewing, H.B 1954.

<sup>79</sup> Cosmas II 140 McCrindle, J. W. 1897: s. 54

## C1 Tolking av det skriftlege materialet

Eg har skrive tidlegare at marmor, basert på skipsvrak, truleg var ei ettertrakta handelsvare, og at den kan og nyttas om handelsmarkør, for å rekonstruere seglings og handelsruter.<sup>80</sup> I det følgjande kjem eg til å nytte skriftlege kjelder for å rekonstruere handel og handelsruter.

Det fyrste utdraget frå Procopius, omtaler det romerske senatet i Konstantinopel som keisar Justinian (527-565) let ombyggje.<sup>81</sup> Justinian sine førebilete var blant anna keisar Augustus og grunnleggjaren av byen keisar Konstantin. Justinian ville sjølv gå inn i historia som ein av dei verkeleg store keisarane.<sup>82</sup> Dermed sette Justinian seg føre å byggje ein storslagen hovudstad, og føre arva frå Konstantin vidare gjennom eit storlått byggjeprogram. Byggjeprogrammet han sette i gong gjaldt ikkje berre for hovudstaden. Etterkvart førde det til at monumentale byggverk vart oppført over heile det romerske imperiet.

Det neste sitatet omtalar og det romerske senatet i Konstantinopel.<sup>83</sup> Med tanke på at det romerske senatet i Konstantinopel på ingen måte hadde den makta senatet hadde hatt i Roma, verkar det mest som skodebrød frå Justinian si side å utsmykke senatet til ein slik grad. Bruk av marmor gjorde at eit bygg vart heva både i status og estetisk, og det er kanskje det som er meiningsa med ei slik tilsynelatande strålende utsmykking av senatet. Senatet hadde i utgangspunktet ikkje den statusen det hadde hatt tidlegare, og dermed nytta Justinian som byggherre tre ulike typar marmor brukt for å gjere det romerske senatet vakrare. Prestisjefull marmor kunne tilsynelatande verte nytta for å heve ein politisk institusjon utan alt for mykje makt til status. Om marmoren hadde så mykje kraft i seg sjølv, er det grunn til å tru at den var ettertrakta som handelsvare.

---

<sup>80</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>81</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>82</sup> Rousseau, Ph Procopius's Buildings and Justinian's Pride *Byantium* 1998: for diskusjon av verket *Om bygningane*

<sup>83</sup> Sjå diskusjon ovafor

I det siste utdraget eg presenterte, refererer Cosmas til ei innskrift i marmor i Adulis.<sup>84</sup> Marmoren er av god kvalitet, som marmoren frå Proconnesos. Det kan kanskje vere å strekke det litt langt, men det verkar som om marmor frå Proconnesos kan sjåast på som ei merkevare. Cosmas var, som eg tidlegare har skrive, ein egyptisk handelsmann, som budde i Alexandria.<sup>85</sup> Det at Cosmas kjende til proconesisk marmor mogleggjer påstanden om at denne marmoren fungerte som ei merkevare, og dermed ei ettertrakta handelsvare.

Eg vender no attende til Procopius sitt utsegn i det innleiande sitatet, der han i generelle vendingar omtalar marmor frå Sparta. Det er vanskeleg berre på bakgrunn av dette utsegnet å bruke den ovanfor nemnde marmortypen som handelsmarkør, og ved det konkret seie noko om kor denne typen marmor har blitt broten. Skal Procopius takast på ordet, berre ut frå uttrykket han nyttar, kan det tenkast at han refererar til marmor huggen på Peloponnes. Vidare kan det føyst til at fleire av dei mindre greske øyane i nærleiken av Peloponnes har hatt marmorbrot i antikken, saman med den større øya Euboea, som heller ikkje er langt unna den store greske halvøya.<sup>86</sup> Samstundes er det og marmorbrot på den andre sida av Egeerhavet, i våre dagars Tyrkia. Procopius sitt utsegn er for generelt til å seie eksakt kor denne spesielle marmoren vart broten vart broten, men utsegnet kan nyttas til å knyte egeisk marmor til Konstantinopel. Det finne få samtidige kjelder, men Procopius skriv at marmor, ikkje spesifisert kor den kom frå, vart nytta for å gi byen Konstantinopel eit vakkert og eksklusivt preg, for å nytte eit slikt omgrep<sup>87</sup>. På det arkeologiske museet i Istanbul, som eg skreiv ovafor, er det bevart mange søylebasar frå ulike monumentalbygg som har hatt delar av konstruksjonen i Proconnesosmarmor. Dette viser at marmor frå nærområdet vart nytta i stor grad i oppbygginga av ein ny hovudstad etter 330. Det var sjølv sagt ikkje berre i Konstantinopel at proconesisk marmor vart nytta. Ved undersøkingar gjort i ei Mariakyrkje i Efesos er det funne proconesisk marmor i terskelen ved inngangen til koret i kyrkja.<sup>88</sup> Kyrkja er datert til midten av det fjerde hundreåret, noko som passar med den auka aktiviteten på Proconnesos frå same tida. Sjølv om Procopius kan nyttast til å seie noko om at

<sup>84</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>85</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>86</sup> Throckmorton, P Romans on the sea *A history of seafaring based on underwater archaeology* Bass, G. F. 1972: s. 74 Viser kart over produksjonsstader for marmor og granitt.

<sup>87</sup> Procopius Buildings: I viii 1-9

<sup>88</sup> Herrmann, J. Jr. ; Barbin, V. 1993: s. 99

marmor har blitt brukt som byggjemateriale, er det få skriftlege kjelder som knyt Proconnesos, eller andre marmorbrot, direkte til sal av marmor verken til private eller keisarmakta. Ei lita skriftleg bereting er kjend som nemner marmor frå Proconnesos i samband med sal, og det dreier seg då om sal til ei kyrkje i nærleiken, omtala i Gregor av Nazianzus. I eit diktverk om sitt eige liv omtalar Nazianzus ein prest som reiste til Proconnesos for å kjøpe eit altertavle til den kyrkja han var prest for.<sup>89</sup> Hendinga er frå slutten av det fjerde hundreåret, då brotet etter alt å døme var fullt oppteken med å bryte marmor til Konstantinopel.<sup>90</sup> På bakgrunn av informasjonen funnen hos Procopius og Nazianzus, kva kan seiast om proconesisk marmor som mogleg handelsvare? Gir tekstane, og då særleg informasjonen frå Nazianzus, rom for ei tolking der marmorbrotet ikkje berre var oppteken med å hugge halvferdige kapitelar, men i tillegg spesialiserte seg på tilhogging av marmor til kyrkjebygg? Nazianzus seier at den aktuelle presten i kjelda sjølv reiste for å kjøpe altertavla. Dette kan tyde på at vedkommande prest ville vere sikker på at altertavla han fekk var av god kvalitet. Det kan og tyde på at kjøp av marmor til altertavler og andre mindre utsmykkingsobjekt ikkje var del av ein større produksjon, men at slik tilhogging skjedde etter avtale. Kor vanleg slik tilhugging var seier kjelda ingenting om, men det kan ha skjedd på temmeleg regulær basis, all den tid bygging av kyrkjer fekk eit oppsving i det sjette hundreåret, som eit ledd i Justinian sitt byggeprogram.

I tillegg til bygging av kyrkjer, er det er ingen tvil om at marmorbrotet på Proconnesos, og dei andre brota i området fekk eit sterkt oppsving ved etableringa av Konstantinopel som hovudstad. Procopius nemner ved fleire høve korleis Justinian smykkar byen med marmor, og skal Procopius tolkast rett dreier det seg om ikkje ubetydelege mengder.<sup>91</sup> Det er ikkje berre marmor nytta i søyler, men og i form av fortau i byen, på opne plassar og så vidare. Denne utvida bruken av marmor, og den måten Procopius omtalar marmoren på, gir eit klart inntrykk at det dreier seg om eit luksusprodukt.<sup>92</sup> Samstundes seier Nazianzus at det var mogleg å reise til brotet å kjøpe tilverka marmor av ein heilt annan type enn det som ein naturleg sett i samanheng med produksjon av marmor til keisarlege prestisjeprosjekt, nemleg

<sup>89</sup> Ward-Perkins, B Specialized Production and Trade i *The Cambridge Ancient History. Late Antiquity Empire and Successors* 2000: s. 346 siterar Gregor av Nazianzus

<sup>90</sup> Sjå note 72 ovafor

<sup>91</sup> Sjå note 77 ovafor

<sup>92</sup> Sjå note 77 ovafor

mindre bygningsdetaljar til ei kyrkje. Sjølv om marmorbrotet på Proconnesos truleg var oppteken med å produsere halvfabrikata til hovudstaden, er det dermed ingenting som tyder på at det ikkje var mogleg å produsere meir forbrukarorienterte varer, noko passasjen i Nazianzus tyder på. Nazianzus seier ingenting om kor mykje presten betalte for altertavla, heller veit vi ingenting om eigartilhøva rundt rotet. Eg vel å oppsummere før eg går vidare med å drøfte eigartilhøva. Dei skriftlege kjeldene er vase med omsyn til marmoren som handelsvare. Eg argumenterer like fullt for at marmoren på bakgrunn av at den var eit statusprodukt vart kjøpt og handla med, både av mindre institusjonar som ei kyrkje, men og større oppkjøparar som staten. På bakgrunn av diskusjonen ovafor meinar eg at det er grunn til å seie at marmoren var ei handelsvare. Spørsmål som i denne samanhengen er interessante er: Kjøper presten marmor frå private eigarar av steinbrotet, eller er det staten som står som eigar? Er nettverket Proconnesos mest truleg ein del av, knytt til statleg distribusjon, eller privat initiativ? Eller kan det vere slik at både private og staten har interesser i steinbrotverksemda?

## C2. Eigartilhøva

Kjeldene frå det sjette hundreåret som kan seie noko om eigartilhøve til gruver og steinbrot finnест blant anna i desse tekstdraga i Procopius.<sup>93</sup> Fleire interessante opplysningar om tilhøva i samfunnet under Justinian si regjeringstid byggjer i stor grad på Procopius sine farga utleveringar i *Anecdota*.<sup>94</sup> Verket vart gitt ut etter Justinian sin død, og den tidlegare panegyristen våga no endeleg å seie si hjartans mening om tilhøva i riket. Sjølv om Procopius i mange tilfelle gjekk for langt i sin kritikk, og motseier seg sjølv ved ei rekke høve, er det framleis ei god kjelde til å forstå samfunnet i Justinian si tid om det vert teke høgde for Procopius sine fordommar. Kva seier Procopius om statleg, kontra privat eigarskap generelt?

Procopius viser ved minst tre høve korleis private overtok tenestar som, i det minste i følgje Procopius, fram til då hadde vore i hendene på staten, eller på fleire private hender. Noko som Procopius synes å vere ille er at statlege ombod samarbeider med private, og får monopol på viktige varer. I sitatet under viser Procopius si misnøyde

---

<sup>93</sup> Procopius *Anecdota*: VI xx 1-4 og Procopius *Anecdota*: VI xx 5-7 Dewing, H. B 1954: s. 235

<sup>94</sup> Procopius *Anecdota* Dewing 1954

med at slike transaksjonar fann stad, og den praksisen at velståande kunne gjere seg sjølve rike på allmennheita sin kostnad.

”First of all, as a general thing he appointed over the people in Byzantium a Prefect, who, while splitting the annual revenue with those who controlled the markets, planned to give them authority to sell their merchandise at whatever price they wanted.(...) For since the Treasury received a share of this tax, the official in charge of these matters was eager to use this means to enrich himself.”<sup>95</sup>

I sitatet under er det klart at ulike monopol vart etablert av staten, og at Procopius meinar at desse monopola vart utnytta i eiga vinning av embetsmennene sett til å forvalte dei. Procopius seier og at slike monopol vart sold ut til entreprenørar som hadde råd til å kjøpe eit slikt monopol, og at dei gjennom slike transaksjonar kunne tene seg rike. Den siste setningen i sitatet er etter mi meining av særlig interesse, då Procopius seier at praksisen med å opprette monopol gjaldt alle embete, med andre ord, det kan sjå ut til at det gjelde for alle deler av samfunnet.

”In the second place, he set up a great number of what are called ”monopolies”, and sold the welfare of his subjects to those who operated these abominations, and thus he, on the one hand, carried off a price for the transaction, and to those, on the other hand, who had contracted with him he gave the privilege of managing their business as they wished. And he applied this vicious method, without any concealment, to all other magistracies.”<sup>96</sup> Eit slåande døme på slik monopolverksemnd kjem frå Alexandria, der den leiande mannen i byen, Hephaestus, tok kontroll over all engroshandel og selde gjennom sitt monopol varer til kjøpmennene i Alexandria til sine eigne priser.<sup>97</sup> Hephaestus si verksemnd i Alexandria vakte stor misnøye blant kjøpmennene og innbyggjarane i byen, men staten var nøgd, sidan inntektene til staten vart auka på grunn av denne praksisen.

Døma frå Konstantinopel og Alexandria viser at i Justinian si regjeringstid vart viktige delar av samfunnet sett ut på kontrakt til private, mest truleg for å auke skatteinngangen i tider med økonomisk press. Dei store byggjeprosjekta og krigføringa vert kritisert av Procopius sidan dei lag beslag på store delar av skatteinntektene.<sup>98</sup> Døma frå Konstantinopel og Alexandria dreier seg særleg om monopol knytt til matforsyning og detaljhandel i store byar, og frå Jones veit vi at seljing av rettane til ei gruve eller eit steinbrot og kan vart gjort, all den tid det var

---

<sup>95</sup>Procopius Anecdota: VI xx 1-4 Dewing, H. B 1954: s. 235

<sup>96</sup> Procipius Anecdota: VI xx 5-7 Dewing H. B. 1954: s. 235

<sup>97</sup> Procipius Anecdota VI xxvi 36- 40 Dewing, H. B 1954: s. 315-316

<sup>98</sup> Procipius Anecdota: VI xx 5-7 Dewing H. B. 1954: s. 235

pengar å tene på det for staten.<sup>99</sup> Procopius skriv jo at staten tok sitt for transaksjonen, og at det var incentivet for slike transaksjonar i utgangspunktet.<sup>100</sup>

Gitt den korte avstanden til Konstantinopel, og dei store byggjeprosjekta som gjekk føre seg der, kan steinbrotet på Proconnesos vere interessant å eige for ein med pengar å investere. Om ein samstundes fekk monopolrettar på å forsyne byen Konstantinopel, som hadde ein byggjeboom, og kanskje byar og byggeprosjekt rundt i heile det bysantinske riket med marmor, er det grunn til å tru at dette kunne vere svært økonomisk interessant. Særleg sidan entreprenørane som inngjekk slike avtalar med staten i følgje Procopius fekk *carte blanche* til å utføre si verksemd slik dei ønska, mot ei finansiell motyting til staten sjølvsagt.<sup>101</sup>

Svaret på spørsmålet eg stilte ovanfor vert dermed at det ser ut til at både staten og private har hatt interesser i steinbrotet. Staten kan ha sitte med dei formelle rettane til steinbrotet, men har sett det ut på lisens til ein velståande nok til å kjøpe rettane til det. Det er av den grunn vanskeleg å skilje mellom berre statleg og berre privat initiativ, i staden ser det ut til at ei mellomløysing som har blitt likt betre, i det minste i Justinian si regjeringstid. Presten kan difor gjerne ha kjøpt ei altertavle i eit steinbrot der dei formelle rettane til brotet har vore staten sine, men som i realitet har overdregne til private investorar.

### C3. Marmor som handelsvare; det finansielle grunnlaget

Bygging av kyrkjer, både på oppdrag for keisaren og private, skaut fart i seinantikken. Særleg det tidlegare nemnte byggeprogrammet til Justinian førde til mange nye kyrkjebygg.<sup>102</sup> I tilknyting til dette programmet fekk dei nyleg erobra områda i vest mange nye kyrkjer.<sup>103</sup>

S. J. B. Barnish viser at bankieren Iulianus Argentarius bygga tre kyrkjer ved midten av det sjette hundreåret i Ravenna.<sup>104</sup> Barnish nemner vidare i sin artikkel at ei av kyrkjene til Argentarius hadde austleg marmor som ein del av utsmykkinga.<sup>105</sup> Med tanke på at områda rundt Egeerhavet var eit senter for tilverking av marmor er det

<sup>99</sup> Jones, A. H. M. 1964: s. 838

<sup>100</sup> Sjå note 95 ovafor

<sup>101</sup> Sjå note 96 ovafor

<sup>102</sup> Procopius Buildings: I – I ix. 18-x 5 for oversikt over dei ulike byggeprosjekta

<sup>103</sup> Parker A.J 1992: s. 267

<sup>104</sup> Barnish, S. J. B., "The Wealth of Iulianus Argentarius: Late Antique Banking and the Mediterranean Economy" I *Byzantium* 1985 5-39.

<sup>105</sup> Barnish, S. J. B. 1985: s. 7

ikkje usannsynleg at marmoren til denne kyrkja var frå dette området.<sup>106</sup> Bruken av marmor som byggemateriale i prestisjebygningar må blant anna på bakgrunn av det Procopius skreiv ha vore omfattande. Procopius nemner i sitt forfattarskap om Justinian sine byggjeprosjekt marmor ved fleire høve<sup>107</sup>. Bryan Ward-Perkins har i sin artikkel peika på moglegheitene for handel med marmor, og indikerar at slik handel har funne stad i seinantikken, med bakgrunn i marmoren frå Proconnesos.<sup>108</sup> Kjøp og sal av marmor til blant anna kyrkjer, kan ha blitt ei vekstnæring, sjølv om sein keisartid og tidleg bysantinsk tid, tradisjonelt er blitt knytt til nedgangen for byen. Det var særleg i Romarriket sine vestlege provinsar som opplevde nedgang. Kyrkjer vart ofte kosta av private, i likskap med tidlegare tiders praksis, der private kosta bad og andre offentlege bygningar. I seinantikken fall denne praksisen bort, men sidan kyrkjebyggeriet tok seg opp, treng ikkje nedgangen til byane i vest å bety så mykje for eit marmorbrot som ein umiddelbart skulle tru. Den negative effekten nedgangen i byane førte med seg, kan delvis ha blitt negert ved etableringa av kyrkjer og til dels kloster.

Av dei kyrkjene som vart bygga i det urolege vest i det sjette hundreåret, står framleis San Vitale i Ravenna i Italia, bygga av bankieren Iulianus Argentarius. San Vitale aleine skal ha kosta 26 000 solidi<sup>109</sup>, eit substansielt bygg med andre ord.<sup>110</sup> Kyrkjene til Iulianus Argentarius, vart bygga i Italia på 500-talet, i eit område som vart herja av plyndrande hærar, og som var gjenstand for Justinian sin politikk som fokuserte på legge denne provinsen under romersk styre att.<sup>111</sup> I eit slikt ustabilt tryggingsklima er det påfallande at så store byggjeprosjekt vart sett i gong. Sidan det i det sjette hundreåret fantes enkelpersonar velståande nok til å sette i verk slike byggprosjekt som desse kyrkjene, seier det noko om det økonomiske potensialet som framleis var å finne i landa rundt Middelhavet sjølv i tider med uro og krig. Kyrkjer som San Vitale har hatt bruk for marmor til utsmykking og detaljar. Dermed er det naturleg å trekke inn Marzamemiskipet att. Skipet forliste på kysten av Italia i det same tidsrommet som San Vitale vert oppført. Marmorlasta til dette skipet er blitt tolka som ein del av Justinian sitt program for kyrkjebygging i dei nyerobra

<sup>106</sup> Sjå note 71 ovafor

<sup>107</sup> Procopius Buildings: I viii 9-19, I x 16-xi 2, I xi 2-6

<sup>108</sup> Ward-Perkins, B 2000: s. 370

<sup>109</sup> Ein solidi vart av Konstantin den store sett til å vere ein syttitoande del av eit romersk pund, eller om lag 4,5 metriske gram. 26 000 solidi vert etter denne formelen dermed 117 kg gull.

<sup>110</sup> Barnish, S. J. B. i Byzantium 1985:s. 5

<sup>111</sup> Pirenne, H. 1958 (1939): s. 62-75

provinsane.<sup>112</sup> Men kan det like gjerne vere blitt bestilt av ein privatmann som Iulius Argentarius til utsmykking og diverse bygningsdetaljar?

Marmor frå Proconnesos nemnes ikkje brukt i San Vitale, men det er heller ikkje så viktig, sidan områda rundt Egeerhavet var det viktigaste området for marmorproduksjon i antikken og seinare.<sup>113</sup> Informasjon frå eit av dei andre kyrkjebygga Argentarius var grunnleggjar av kan derimot seie oss noko om marmor frå det austlege Middelhavet generelt i bruk i vestlege kyrkjebygg.

San Apollinare vart utstyrt med kapitelar og søyler av marmor. Samstundes trengde denne, og andre kyrkjer, alter og andre mindre bygningsdetaljar. Marmorutvinning til dette formålet kan ha opna opp for nye, og økonomisk interessante moglegheiter for dei eksisterande marmorbrota. Byggjeprosjekt var kostbare, som døma viser. San Vitale var eit kostbart bygg, og kosta byggherren Argentarius 26 000 solidi. Summen kan verka høg når løna til ein soldat, eller det vedkommande trengde til matvarer for eit år var fire til fem solidi<sup>114</sup>, men samanlikna med Hagia Sofia i Konstantinopel som kosta førti til femti gonger meir<sup>115</sup>, vert utgiftene sett i samanheng. Poenget med argumentasjonen er ikkje å vise at staten kunne bruke mykje større summar enn ein privatmann på store byggeprosjekt. Poenget er derimot at det eksisterte ei gruppe menneske i det sjette hundreåret om var i stand til å sette i gong bygging av større kyrkje på eiga rekning, og kva det impliserer for utvinning og handel med marmor.

Eg vil no kort oppsummere det eg har skrive så langt. Det at marmor har vore ei handelsvare i det sjette hundreåret og tidlegare, er det etter mi meining stor grunn til å ta som sannsynleg. Frå Procopius sine utdrag ser vi at visse typar marmor hadde stor eterspurnad som prestisjevarer, og blant desse var proconesisk marmor høgt rangert.<sup>116</sup> Når det gjeld eigartilhøva, ser det ut til at det kan ha vore ei blanding av statleg og privat eigarskap. Handel med marmor kan dermed vere eit privat føretak, der staten tek sin del av inntektene i årleg festeavgift.<sup>117</sup> Vidare kan det seiast at på bakgrunn av menn som Iulianus Argentarius og ein aktiv byggepolitikk frå keisarmakta, er det truleg at marmorbrota rundt Egeerhavet framleis hadde moglegheit til stabil produksjon og kontinuitet i dei urolige tidene i sein keisartid og

<sup>112</sup> Parker, A. J. 1992: s. 267

<sup>113</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>114</sup> Jones, A. H. M 1964: s. 445-448

<sup>115</sup> Barnish 1985: s. 6

<sup>116</sup> Sjå omtale ovafor

<sup>117</sup> Jones, A. H. M. 1964: s. 838

tidleg bysantinsk tid. For marmorbrotet på Proconnesos er det i tillegg mogleg å forvente ekspansjon i produksjonen, sett på bakgrunn av Justinian sin byggeaktivitet i det sjette hundreåret, og nærlieken Proconnesos hadde til hovedstaden.

## **Oppsummering**

Ved byrjinga av dette kapittelet sette eg meg føre å seie noko om marmoren som handelsvare, og vidare seie noko om eksistensen av seglingsruter frå Egee-havet til det vestlege Middelhavet på bakgrunn av arkeologisk materiale og skriftlege kjelder. Utgangspunktet var distribusjonen av marmor til Konstantinopel og det vestlege Middelhavet, sidan kjeldetilfanget her er størst.

På kvantitativt grunnlag er det ikkje mogleg å seie noko om kor stor denne handelen har vore. Dei tolv vraka eg legg fram har gått ned over eit langt tidsrom frå republikansk til bysantinsk tid. Samstundes viser desse tolv vraka at primærlasta deira har vore marmor. Seglingsrutene desse skipa har gått ned i, seier noko om eksistensen av eit inter-regionalt nettverk. Dette nettverket er det mogleg å seie noko om basert på marmoren som handelsmarkør, og handelsvare. Grunnen til at det er mogleg å seie noko om marmor som handelsvare på arkeologisk grunnlag, er at dei rapporterte skipslastene var store og dei hadde opphav frå eit avgrensa geografisk område. Basert på den høge graden av ferdiggjering, og storleiken på skipa, meiner eg det er mogleg å seie at det fantes handel og produksjon med marmor i hundreåra før Konstantinopel vart gjort til hovedstad, og at denne produksjonen vart vidareutvikla etter at Konstantinopel vart gjort til den leiande byen i det romerske imperiet. Konstantinopel ser ut til å knytt seg på dette eksisterande inter-regionale nettverket då byen vart hovedstad i aust under Konstantin den store, samstundes med at marmorbrota i nærlieken fekk eit oppsving i produksjonen på grunn av byggjeprosjekta i Justinian si regjeringstid.

### 3. Gjensyn med Det indiske havet. Fem hundre år etter *Periplus*

Romersk navigering og kjøpmannskap på Det indiske havet er kjent sidan Egypt vart ein del av det romerske imperiet. Ved at Egypt var eit ein del av det romerske imperiet fekk romarane tilgang til hamner på Raudehavskysten. Frå desse hamnene kunne romerske kjøpmenn segle vidare ut på Det indiske havet og delta i eit handelsnettverk som strakte seg frå Sri-Lanka til Aust-Afrika. Slik var situasjonen då *Periplus Maris Erythraei* vart forfatta rundt år 45.<sup>118</sup> Eit verk som gir informasjon om handelsruter, handelsmenn og varer kring Det indiske havet ved midten av det fyrste hundreåret.

Nær fem hundre år etter at dette verket vart forfatta, hadde det romerske imperiet gjennomgått svært store endringar; politiske som sosiale og økonomiske. De facto deling av riket i 395, og opprettinga av fleire germanske kongedøme innanfor grensene til Romarriket, gjorde det femte hundreåret særleg dramatisk. Eit interessant spørsmål er om desse politiske, sosiale og økonomiske endringane fekk følgjer for romarane sin handelsverksemnd på Det indiske havet?

I dette kapitelet vil eg fokusere på den handelen som gjorde det mogleg at eksotiske varer; som pepar, andre krydder, råsilke, edle steinar og elfenbein, nådde den mediterrane verda. Handelsnettverka på Det indiske havet gjorde det mogleg at varer frå Asia fann vegen til Europa, og motsett, at europeiske varer enda opp i Asia. Det fyrste spørsmålet eg har ønska å få svar på, er om romerske handelsfolk reiste direkte til Sør-India og Sri-Lanka for å drive handel i det sjette hundreåret, slik dei hadde gjort fem hundre år tidlegare?

Med andre ord, gir kjeldene rom for å seie at det var kontinuitet i den romerske aktiviteten i handelsnettverket på Det indiske havet frå *Periplus* til Cosmas. Ei vidare analyse av dei tilgjengelege kjeldene vil truleg gi informasjon om varene som kryssa Det indiske havet i det sjette hundreåret, og korleis desse varene vart gjort til nytte i vest. Eg vil vidare argumentere for at analysen av kjeldene vil gi informasjon om dei ulike handelsnettverka, og om romarane var direkte, eller indirekte deltagarar i desse.

---

<sup>118</sup> Robin, C. L'Arabie du Sud et la date du Periple' de la mer E'rythre *Journal Asiatique* 279 1991:  
s. 1-30

## A. Handel med India; dei skriftlege kjeldene

Når det gjeld omtalen av India i dei skriftlege kjeldene kjem eg til å gjere nytte av i all hovudsak tre forfattarar.<sup>119</sup> Cosmas Indicopleustes, Procopius og Iohannes Malalas. Alle tre skreiv kring byrjinga av, og midten av det sjette hundreåret. Fokuset deira er ulikt, men ulike hendingar i landområda, sør og aust for Bysants vert omtala av dei alle tre. Desse landområda omfattar geografiske område som vi dag kallar Midtausten og Afrikas Horn. Dei skreiv og om område som i våre dagar omfattar dei moderne statane India og Sri-Lanka.

Noko som kan gjere det forvirrende å lese tekstane deira, er at både landa på Afrikas horn og' det indiske subkontinentet i mange tilfelle vart kalla India med ei samlenemning av desse forfattarane. I nokre høve, som hos Cosmas og Procopius, er det klart at det er det indiske subkontinentet det er snakk om<sup>120</sup>, medan kronikøren Malalas konsekvent nyttar India om kongedømet Aksum og områda i det sørlege Arabia.<sup>121</sup> På bakgrunn av desse språklege forvirringane med omsyn til vår moderne oppfatting av India, kan det i enkelte høve vere uklart kva "India" det er snakk om. I det følgjande vil eg nytte Cosmas sine kjelder, og det er klart at Cosmas refererte til subkontinentet og Sri-Lanka då han omtala desse områda. Der eg kjem til å nytte Malalas sine kjelder, vil det i hans vokabular meinast Aust-Afrika når det talas om India.

Dette er utdrag frå Cosmas sine opplevingar som sjømann og kjøpmann på reise i Aust-Afrika og på Det indiske havet.

Omtalane i det følgjande er knytt til handel frå Kina og Sri Lanka.

Now this country of silk is situated in the remotest of all the Indies, and lies to the left of those who enter the Indian sea, far beyond the Persian Gulf, and the island called by the Indians Selediba and by the Greeks Taprobane'.<sup>122</sup>

---

<sup>119</sup> Usikkerheit er knytt til dette omgrepet i bysantinske kjelder. For diskusjon kring dette temaet, sjå: Mayerson, Phillip A Confusion of Indias: Asian India and African India in the Byzantine Sources i *Journal of the American Oriental Society* nr. 113 1993: s. 169-174

<sup>120</sup> Procopius Wars I xix Dewing 1954 (Loeb): s. 179f

<sup>121</sup> Blant anna: Malalas 18 56 i Jeffreys et.al 1986: s. 268

<sup>122</sup> Cosmas II 137-138 i McCrindle J. W. 1897: s. 47-48

I ein lengre omtale av øya vert Sri-Lanka presentert som ein viktig stad for handel i det sjette hundreåret.

“This is a large oceanic island lying in the Indian sea. By, the Indians it is called Sielediba, but by the Greeks, Taprobane, and therein is found the hyacinth stone. It lies on the other side of the pepper country. Around it are numerous small islands all having fresh water and cocoa-nut trees. They nearly all have deep water close up to their shores. The great island, as the natives report, is three hundred guardia, that is, nine hundred miles, and it is of the like extent in breadth. There are two kings in the island, and they are at feud with the other. The one has the hyacinth country, and the other the rest of the country where the harbour is and the centre of trade. It is a great mart for the people in those parts”.<sup>123</sup>

Vidare er Cosmas klar med omsyn til kven som vitja øya med tanke på handel.

“This island being, as it is, in a central position, is much frequented by ships from all parts of India and from Persia and Ethiopia and it likewise sends out many of its own”.<sup>124</sup>

Når det gjeld varene som vart sendt herifrå, er Cosmas konsis, som denne lengre passasjen viser.

(...)"From (...) Tzinista<sup>125</sup> and other trading places, it receives silk, aloes, cloves, sandalwood, and other products, and these again are passed on to marts on this side such as Male<sup>126</sup> where pepper grows, and to Calliana<sup>127</sup> which exports copper and sesame-logs, and cloth for making dresses, for it is also a great place for business. And to Sindu<sup>128</sup> also where musk and castor is procured and androstachys<sup>129</sup>, and to Persia and the Homerite country, and to Adule””.<sup>130</sup>

Cosmas reknar og opp dei hamnene han meiner er dei viktigaste ved Det indiske havet i hans tid.

“The most notable places of trade in India are these: Sindu, Orrhota<sup>131</sup>, Sibor<sup>132</sup>, and then the five marts of Male which export pepper: Parti, Mangarouth, Salopatana, Nalopatana, Poudpatana. (...) and then again on the continent is Marallo, a mart exporting chank shells, then caber which exports alabandenum, and then farther away is the clove country, then Tzinista which produces the silk”.<sup>133</sup>

---

<sup>123</sup> Cosmas XI 336-337 i McCrindle J. W. 1897: s. 363-364

<sup>124</sup> Cosmas XI 337 i McCrindle J. W. 1897: s. 365

<sup>125</sup> I McCrindle si oversetjing, Kina

<sup>126</sup> I McCrindle si oversetjing, Malabarkysten

<sup>127</sup> I McCrindle si oversetjing, nær Mombay

<sup>128</sup> I McCrindle si oversetjing, truleg nær Indusmunninga

<sup>129</sup> I McCrindle si oversetjing, nellikspiker

<sup>130</sup> Cosmas XI 337 i McCrindle J. W 1897: s. 365-366

<sup>131</sup> I McCrindle si oversetjing, usikkert kor dette er

<sup>132</sup> I McCrindle si oversetjing fortidig hamn sør for Mombay

<sup>133</sup> Cosmas XI 337 i McCrindle J. W 1897: s. 366-367

Til sist gjer Cosmas opp si meining om Sri Lanka, og den betydninga den hadde for handelen kring Det indiske havet.

“This same Sieldiba then, placed as one may say, in the centre of the Indies and posessing the hyacinth receives import from all the seats of commerce and in turn exports to them, and is thus itself a great seat of commerce”.<sup>134</sup>

Før eg går vidare med kjeldene frå Aust-Afrika, vil eg kort oppsummere det Cosmas så langt skreiv. Cosmas skeiv i desse utdraga om den viktige rolla Sri-Lanka spela for handelen i dette området i et sjette hundreåret. Han fokuserar på øya si geografiske plassering, kva varer øya mottok og frå kor og kva andre hamner som var viktige i Sør-India.

## **B. Handel med Aust-Afrika; dei skriftlege kjeldene**

Som sett ovanfor hadde Cosmas sjølv og god kjennskap til Aust-Afrika og kongedømet Aksum<sup>135</sup>. Blant anna vert det opplyst i omtalen av handel på Det indiske havet, at ein av handelsbyane som sendte skip til Sri-Lanka var Adulis. Adulis var hamnebyen til kongedømet Aksum og ein viktig hamneby i romersk keisartid<sup>136</sup>, men og i bysantinsk tid som attestert av Cosmas. Eg byrjar med å vise kva Cosmas skreiv om hamnebyen Adulis’, den byen der mykje av handelen mellom aust og vest var innom, på vegn frå India til Middelhavet.

On the coast of Ethiopia, two miles off from the shore, is a town called Adule’, which forms the port of the Axomites and is much frequented by traders who come from Alexandria and the Elanitic<sup>137</sup> Gulf.<sup>138</sup>

Nokre døme på kva varer som kom frå Aust-Afrika vert og gitt av Cosmas i dei to døma eg viser under.

The Ethiopians who procure this stone from the Blemmyes<sup>139</sup> in Ethiopia take it into India and, with the price it fetches, they invest in wares of great value.<sup>140</sup>

---

<sup>134</sup> Cosmas XI 337 i McCrindle J. W 1897: s. 367-368

<sup>135</sup> For nærmere omtale av dette kongedømet, sjå: Jacke Phillips Punt and Aksum: Egypt and the Horn of Africa i *The Journal of African History* nr. 38 1997: s. 423-457

<sup>136</sup> Kirwan, L. P The Christian topography and the Kingdom of Axum  
*Geographical Journal* vol. 138 1972: s. 168

<sup>137</sup> Akabagulften, min merknad

<sup>138</sup> Cosmas II 140 i McCrindle J. W 1897: s. 54

<sup>139</sup> I McCrindle si oversetjing, ørkennomadar i Nord-Sudan

Neste utdrag frå Cosmas handlar om elfenbein;

Now the country (**Aust-Afrika, min merknad**) abounds with them, (**elefantar, min merknad**) and they have large tusks, which are exported by sea from Ethiopia even into India and Persia and the Homerite country and the Roman dominion.<sup>141</sup>

Cosmas omtalar og, i ei merkeleg historie, korleis kongen av Aksum skaffar seg gull frå det indre av Afrika. Dette skal i følgje Cosmas skje med bytte av kjøt, jern og salt. Desse varene vert lagt ut om natta, og om morgonen vert dette bytet godteke eller ikkje godteke av gullhandlarane. Vert bytet godteke reiser kjøpmennene vekk med gullet, vert bytet ikkje godteke, må meir kjøt, jern og salt leggast ut.<sup>142</sup>

Problemstillingar knytt til denne type handel, der varer vert byta utan nokon form for kontakt, vert teken opp til diskusjon av Phillip Curtin i ein monografi frå 1984.<sup>143</sup>

Curtin viser til at blant anna Herodot omtalar slik stille handel i samband med handel med Afrika sør for Sahara. Problema knytt til utsegna om slik handel i kjeldene er at det er mest umogleg å verifisere eksistensen av denne forma for handel. Ei viktig årsak til at slike utsegn er vanskelege å verifisere, er svært ofte at den som skreiv ned den aktuelle hendinga hadde informasjonen frå andre, eller tredjehands kjelder.<sup>144</sup>

Cosmas hadde rett nok sjølv reist mykje i Aust-Afrika, men i dette høvet refererar han til utsegner frå kongen av Aksum, og har ikkje opplevd denne forma for handel sjølv. Dermed vert Cosmas si bereting, lik den frå Herodot, mest truleg eit døme på ei vandrehistorie, eller ein historisk arketyp, som vert gjenteken med jamne mellomrom av ulike skribentar. Det er heller ikkje utenkeleg at Cosmas, som kanskje hadde kjennskap til Herodot sitt forfattarskap, direkte kopierte denne aktuelle historia i *Den kristne topografien*. Døme på slike transaksjonar er ikkje berre kjende frå antikken. Så seint som på 1820-talet, under Mohammed Ali sin invasjon av Sudan, skal slik handel som Cosmas omtalar i det sjette hundreåret ha funne stad.<sup>145</sup> Denne hendinga vert vidare referert i ein artikkel av Kirwan,<sup>146</sup> utan at han diskuterar den vidare. Dermed ser et ut til at denne beretinga og' er eit døme på ein slik historisk

---

<sup>140</sup> Cosmas XI 338 i McCrindle, J. W. 1897: s. 371

<sup>141</sup> Cosmas XI 338 i McCrindle, J. W. 1897: s. 372

<sup>142</sup> Cosmas II 132 i McCrindle, J. W. 1897: s. 52-53

<sup>143</sup> Curtin, Phillip D *Cross Cultural Trade in World History* 1996 (1984) s. 12-13

<sup>144</sup> Curtin, Phillip 1996 (1984): s. 13

<sup>145</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 171

<sup>146</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 171

arketyp.<sup>147</sup> Sjølv om det her mest truleg er tale om ei vandrehistorie, kan det ikkje utelukkast at det kan vere ei kjerne av sanning i den, sidan historia vert gjenteken så seint som på 1820-talet. Det er sjølvsagt ikkje mogleg å seie noko eintydig i denne samanhengen, men ettersom historia vert gjenteken fram til 1820-talet, kan det kanskje vere at akkurat denne referansen viser til ei faktisk hending, om enn i ei anna form enn i utdraget gjengjeve ovafor.

Dette var Cosmas sine omtalar av Aust-Afrika og Aksum så langt. I det følgjande kjem eg til å nytte utdrag frå Malalas. Malalas sine omtalar av det området han kalla India, er kjend frå ei lengre omtale der handel mellom Bysants og Aksum og det sørlege Arabia er sentral.<sup>148</sup> Det Malalas skreiv om hendingane i dette området er knytt til eit brev frå keisar Justin (518-527) si tid, men som Malalas feilaktig utgjer å vere frå Justinian. Dette er det opphavlege brevet frå keisar Justin til kong Elseboas. Eg gjengir det i si fulle lengde for å vise korleis misforståinga truleg har oppstått.

His Piety (the emperor Justin) wrote also the same **Elesbas (king Ella Abeha of Aksum)** as follows: I know the most Christian attitude of Your Brotherhood. It has come our attention that the rebel, to whom you entrusted the kingship of the Homerites, grasping his chance, massacred all the Christian Aithiopians who have come under your rule, along with the Roman and Persian Christians who were found in the same region, unless they chose to renounce Jesus Christ, the son of God. He even went as far as to leave the town of Negran deserted and uninhabitated. He also wrote to Alamoundaros surnamed Sakikas, in Persia, asking that they too ( the Lakhmids) take similar action the Christian subjet to them. So we exhort and adjure Your Brotherhood by the Holy and Consubstantial trinity, that you go forth by sea or land, with the power of the holy angels and archangels as your helping hand, against that foul and lawless Jew. If Your Legitimacy shrink from this task the wrath of God will come from heaven upon you and your country. And we for our part will send forth by way of Coptos and Berenice a huge army, consisting of both the socalled Blemmyes and Noubades; as it passes through your territory our army will crush everybody, and they will utterly obliterate the Homerites with this whole country. Farewell...<sup>149</sup>

Dette utdraget omtalar hendingane som var opptakten til at Aksum går til krig mot homeritane i Yemen, på bakgrunn av massakren på dei kristne i Yemen.

Utgangspunktet for denne hendinga er referert i brevet ovafor, men Malalas skreiv feilaktig at hendingane under fann stad i Justinian si regjeringstid.

---

<sup>147</sup> Curtin, Phillip D 1996 (1984)

<sup>148</sup> Mayerson, P 1993: s. 172

<sup>149</sup> Eide, et al *Fontes historiae Nubiorum vol III* 1998: s. 1185

“Now when the traders<sup>150</sup> entered the country of the Homeritai for trading purposes, Dimnos, the emperor of the Homeritai heard of it and killed them, confiscating all their goods”.<sup>151</sup>

Det neste utdraget fra Malalas kjem i samband med romarane sitt ønske om å involvere Aksum på si side i ein krig mot Persia. Malalas har i dette utdraget, som i utdraga ovafor, blanda hendingar frå to ulike keisarar saman, Justin og Justinian. Eg vel difor å gjengi utdraget i si fulle lengde, slik at dette poenget vert klarare. Kongen Elesboas, eller Elesbas vert omtalt i både det fyrste brevet eg siterte og her i dette. Kongen sitt namne er det same i begge kjeldene, og den eg siterte først er den eldste, det viser at Malalas har blanda desse to breva saman.<sup>152</sup>

“Opening the letter and reading it, through an interpreter, he discovered that its contents were that he (**herskaren over Aksum, min merknad**) should arm himself against Koades, the emperor of the Persians, and destroy the territory bordering on his own, and in future no longer engage in commerce with him, but carry on trade through the country of the Amerite Indians he had subjugated, by way of the Nile to Alexandria. Immediately **Elesboas the emperor of the Indians**, in the sight of the Roman ambassador, declared war on the Persians. He sent out ahead Indian Saracens he had under him and attacked Persian territory on behalf of the Romans, advising the emperor the emperor of the Persians that he should expect the emperor of the Indians to wage war against him and to plunder all the land ruled by him.”<sup>153</sup>

Det Malalas skreiv om Aust-Afrika og Aksum seier ikkje så mykje om sjølve handelen mellom Bysants og denne regionen, men det seier noko om keisaren sin inngrisen i dei politiske tilhøva i denne regionen, noko som er like interessant. Det seier og noko om at romerske borgarar var busette i Arabia, og at dei var handelsmenn. Andre forfattarar har og skrive om dette området, og tilsaman gir dette oss meir informasjon om tilhøva mellom Bysants og Aust-Afrika enn det Malalas gir aleine. Procopius skreiv om Aust-Afrika og India i samband med hans omtalar av krigane mot persarane, og frå hans forfattarskap får vi vete ganske mykje om tilhøva på Afrikas Horn ved byrjinga av det sjette hundreåret. Når Procopius nyttar omgrepene India er det subkontinentet han meinar, med eit unntak, der han nyttar omgrepene India for å omtale Aust-Afrika.<sup>154</sup> Blant anna har han skrive om korleis innbyggjarane i

---

<sup>150</sup> Lenger nede i teksten vert det vist til kven desse kjøpmennene er: “(...) You have done wrong in killing the Christian Roman traders (...)” Malalas 18 15-19 Jeffreys et. al 1986: s. 251

<sup>151</sup> Malalas 18 15-19 Jeffreys et. al 1986: s. 251

<sup>152</sup> Den same hending vert referert hos Procopius. Procopius Wars I xx 1-4 Dewing 1954: s. 189-191

<sup>153</sup> Malalas 18 56-57 Jeffreys et. al 1986: s. 269

<sup>154</sup> Procopius Buildings VI i 6 Dewing 1954: s. 363

Aksum hadde handelsrelasjoner over Det indiske havet. I denne omtalen er det særleg skipa til indarane han gir merksemd. Skip som i følgje Procopius ikkje er som skipa han kjenner frå Middelhavet. Procopius seier at dei ikkje er tjærebreidde, dei har heller ikkje naglar av jarn, dei er bunde saman ved hjelp av ein slags bast.<sup>155</sup> Procopius omtalar vidare ein romersk borgar som budde i hamnebyen Adulis for å drive maritim handel.<sup>156</sup>

Det interessante i desse tekstane er at det viser at romerske borgarar var busette i Adulis og det sørlege Arabia for å drive med handel og sjømannskap. Vidare får vi vete at etiopiarane, eller aksumittane sjølve dreiv sjømannskap på det indiske havet. Kva desse opplysningane kan seie oss vil eg diskutere meir inngåande seinare i kapittelet.

### **C. Bysants, India og Aust-Afrika i det sjette hundreåret.**

Så langt har eg latt dei samtidige forfattarane med eigne ord omtale tilhøva mellom Bysants, India og Aust-Afrika i det sjette hundreåret. I det følgjande vil eg diskutere det desse forfattarane skreiv om handelsmennene. Forfattarane seier ein del om kor handelsmennene var frå og kven som var aktive i dette handelsnettverket. Vidare er det interessant å sjå kva dei skreiv om vegvalet handelsmennene tok for å komme til den mediterrane verda. Til slutt vil eg bruke plass på handelsvarene, sidan dei er det einaste som har overlevd til vår tid, og som er det handgripelege beviset på at handel har funne stad. Det vil difor vere naturleg å trekke inn arkeologiske og numismatiske kjelder for å supplere det forfattarane har skrive om dette.

---

<sup>155</sup> Procopius Wars I xix 17-24 Dewing 1954: s. 183

<sup>156</sup> Procopius Wars I xx 4 Dewing 1954: s. 191

## C1 Handelsmennene

På bakgrunn av det forfattarane har skrive, er det grunn til å tru at handelen over det indiske havet i det sjette hundreåret hovudsakleg var i hendene på kjøpmenn frå Persia, India og Aust-Afrika.<sup>157</sup> Om dette er tilfelle, står det i klar kontrast til korleis tilhøva var då *Periplus* vart skriven i det fyrste hundreåret av vår tid. Då var romerske handelsmenn, busette i Egypt, veldig aktive i handelsnettverket over Det indiske havet, og handla direkte frå Egypt til Malabarkysten og Sri-Lanka.<sup>158</sup> Kva er det så i dei skriftlege kjeldene som tyder på at endringar i romarane sin interaksjon med handelsnettverka på Det indiske havet hadde funne stad? Om vi ser på det Cosmas har skrive, så omtalar han ikkje romerske handelsmenn som handla med Sri-Lanka.<sup>159</sup> Dette står i kontrast til at Sør-India, i følgje *Periplus*, var eit av dei områda som var viktige for handelsmenna frå den romerske verda i det fyrste hundreåret.<sup>160</sup> Til Sri-Lanka og Malabarkysten kom dei på jakt etter krydder og andre prestisjevarer. På bakgrunn av dette meinar eg at det er påfallande at Cosmas ikkje nemner romarar i denne viktige handelsruta. Det vil likevel vere å gå for fort fram å konkludere med at romarane ikkje handla direkte med India og Sri-Lanka i det sjette hundreåret, berre basert på ei opprekning av kjøpmenn i ein enkelt tekst av Cosmas. Sjølv om Cosmas ikkje eksplisitt skreiv om romerske kjøpmenn, kan det sjølvsagt vere slik at det faktisk var mange handelsmenn busett i Egypt som dreiv handel over Det indiske havet. Ei tolking av fråveret av romerske handelsmenn i teksten, kan då vere at det var så mange romerske handelsmenn i dette handelsnettverket at Cosmas ikkje såg det som nødvendig å nemne dei spesielt i *Den kristne topografiens*. Det finnes, i alle høve, som vi skal sjå frå fleire element i Cosmas sin tekst og andre tekstar, som talar mot ei slik tolking, og eg vil sjå på det i det følgjande. Det fyrste momentet er at Cosmas framstilte seg som ein erfaren kjøpmann og sjømann. Han skreiv at han hadde reist forbi Socotra, men han seier ikkje noko om at han har vore lenger aust.<sup>161</sup> Cosmas skreiv rett nok detaljert om Sri-Lanka, men han kunne fått denne informasjonen gjennom å snakke med andre kjøpmenn og sjømenn.<sup>162</sup>

<sup>157</sup> Mango, M. M. 1996: s. 145 Mango meinar at Cosmas sjølv vitja India og Sri-Lanka, men bakgrunnen for å meine det er Cosmas sin eigen tekst som ho ikkje diskuterar noko nærrare.

<sup>158</sup> Young, Gary, K 2001: s. 28

<sup>159</sup> Sjå note 124 ovafor

<sup>160</sup> Periplus 50-56 Schoff 1995 (1912) s. 43-44

<sup>161</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 169

<sup>162</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 170

Det andre som er med på å gjere det sannsynleg at romarane ikkje i noko stor utstrekning segla på Det indiske havet ved byrjinga av det sjette hundreåret, kjem i ei omtale i Procopius.<sup>163</sup> Procopius omtala etiopiarane sine skip, og at dei sjølve nyttta desse til å handle direkte med India og Sri-Lanka.<sup>164</sup> Dette utsegnet utelukkar sjølvsagt ikkje at romerske skip kan ha navigert side om side med dei etiopiske, eller at romerske handelsmenn kan ha segla i etiopiske skip. Men sidan verken Procopius eller Cosmas seier noko om at romerske kjøpmenn var aktive i denne trafikken, er dette med på å gjere det meir sannsynleg at dei truleg ikkje var det.

Eit tredje moment som truleg viser at romarane sjølve ikkje lenger var aktive i trafikken over Det indiske havet, er omtalen av ein romersk borgar som er busett i Adulis for å drive handel.<sup>165</sup> Procopius skreiv etter mi tolking av kjelda ingenting om at denne mannen nokon gong reiste frå Adulis for å drive handel direkte med India og Sri-Lanka. Det kan argumenterast for at denne mannen aldri tenkte å reise til India, men Procopius skreiv heller ingenting om andre romarar som handla med India i dette utdraget. Det ser altså ut til at han var bufast i Adulis for å handle med dei kjøpmennene som kom over Det indiske havet, og for å tene som mellommann med desse og romarane som kom frå nord.<sup>166</sup> Eit siste moment i denne argumentasjonen hentar eg hos Cosmas. Cosmas skreiv at romerske kjøpmenn kom til Adulis frå Alexandria og Akababukta. Heller ikkje i denne samanhengen skreiv Cosmas noko om at desse kjøpmennene drog vidare frå Adulis til India eller Sri-Lanka. Difor er det etter mi meining mest truleg at dei romerske handelsmennene nøgde seg med å reise til Adulis, sidan dei fleste varene dei ønska å kjøpe var å finne der.

Kva kan grunnen vere til at romarane tilsynelatande ikkje drog vidare frå Adulis? Ein moglegheit kan vere at det i dette tidsrommet ikkje lenger eksisterte ein infrastruktur på den andre sida av Det indiske havet som dei kunne gjere seg nytte av. Eg tenker då på eit diasporasamfunn av kjøpmenn som kjende dei lokale skikkane og det lokale språket, og som dei romerske kjøpmennene kunne kommunisere med.<sup>167</sup> Utan eit slikt miljø ville det vere vanskeleg å drive handel, sidan språk og kommunikasjon er

<sup>163</sup> Procopius Wars I xix 17-24 Dewing 1954: s. 183

<sup>164</sup> Kobishchanow, Y. M. On the Problems of Sea Voyages of Ancient Africans in the Indian Ocean i *The Journal of African History* vol. 6 nr. 2 1965 for vidare diskusjon kring dette temaet.

<sup>165</sup> Sjå omtale ovafor

<sup>166</sup> Procopius Wars I xx 2-8 Dewing 1954: s. 191

<sup>167</sup> Curtin, Phillip D 1996 (1984) s. 1-6 for diskusjon kring handelsdiasporarar

nøkkelomgrep når det gjeld handel over kulturar/landegrenser. Det er då nærliggjande å stille følgjande spørsmål.

Kva årsaker låg til grunn for at eit mogleg diasporasamfunn eventuelt forsvann?

Curtin argumenterer at i det handel over kulturar/landegrenser vert standardisert, forsvinn nødvendigheita av slike mekanismar som ein handelsdiaspora føresetjer.<sup>168</sup> Sidan romarane ved byrjinga av det sjette hundreåret hadde vore i kontakt med Det indiske havet i om lag fem hundre år, er det rimeleg å seie at det fantes allereie ein infrastruktur som romarane kunne nytte seg av på den andre sida. Sidan romarane kan ha hatt veletablerte kontaktar i Sør-India og Sri-Lanka, kan det vere endringar i det sørindiske samfunnet som gjorde at romerske handelsmenn tilsynelatande var borte frå dette handelsnettverket i det sjette hundreåret.

Ei mogleg forklaring på dette problemet kan skodast gjennom å undersøke myntfunna frå Sør-India og Sri-Lanka.<sup>169</sup> Desse myntfunna inneheld koparmyntar datert til hovudsakleg byrjinga av det femte hundreåret, og kan gi ei løysing på dette spørsmålet. Det skal først seiast at det er knytt problem til å nytte desse myntane som numismatiske og historiske kjelder. Det største problemet med myntane er at funnomstenda til dels er svært uklare, slik at det er nær umogleg å seie om myntane kjem frå skattefunn, gravfunn eller er lausfunn. Dette får sjølvsagt konsekvensar for den metodiske diskusjonen kring desse myntane. Mange av myntane det er snakk om vart funne i ei skuff hos ein koloniembetsmann i 1881, og teke med i ein rapport frå 1888.<sup>170</sup> Ingenting vart sagt om funnomstenda. Andre myntar vart funne laust ved elvebreidder i området, andre vart funne rundt omkring på søppleplassar i landsbyane i området, og samla inn av engelske koloniembetsmenn ved slutten av 1800-talet.<sup>171</sup> I det følgjande vel eg å tolke myntane som skattefunn, sidan mengda av myntar slått ved byrjinga av det femte hundreåret er så stor.<sup>172</sup> Denne overvekta av myntar vert påfallande samanlikna med funn av myntar slått frå byrjinga og midten av det fjerde

---

<sup>168</sup> Curtin 1996 (1984 ): s. 4

<sup>169</sup> Krishnamurthy, R. *Late Roman Copper Coins from South India: Karur and Madurai* 1994: s 12

<sup>170</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s. 9

<sup>171</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s. 10

<sup>172</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s. 11; eit av funna frå Sri-Lanka omfatta 1481 enkeltmyntar datert til byrjinga av det femte hundreåret

hundreåret.<sup>173</sup> Det er samanlikninga av desse myntgruppene som er Krishnamurthy sitt utgangspunkt for å seie at noko heilt spesielt skjer i Sør-India og Sri-Lanka ved byrjinga av det femte hundreåret.<sup>174</sup>

Sjølv om informasjonen kring funnomstenda er heilt klart utilstrekkeleg, er det mogleg å seie at myntar slått mellom 383 og 408 er overrepresentert i materialet. Denne auken av myntar i høve til tidlegare i det fjerde hundreåret, er tolka av numismatikaren og historikaren Krishnamurthy som eit teikn på auke i handelen mellom Roma og India i denne perioden.<sup>175</sup> Langt dei fleste myntane vart slått i åra mellom 395 og 408, altså skulle romersk handel med Sør-India og Sri-Lanka vere ekstra intensiv i denne perioden.<sup>176</sup> Frå 408 følgjer ein skarp nedgang, og den siste registrerte romerske koparmynten funne i Sør-India vart slått i 457. Krishnamurthy tolkar fråværet av myntar slått etter 457 som teikn på avbroten handel mellom romarane og Sør-India.<sup>177</sup> Å slutte som Krishnamurthy gjer, direkte frå fråvær av myntar i arkeologiske utgravingar til at handelen plutseleg var til ende, eller at handelen ikkje lenger var på same nivå som tidlegare, er svært problematisk. Ved ein slik argumentasjon må like mykje eksistensen av myntar, som fråværet forklarast som ny eller avbroten handel. Argumenterar ein slik, må solidiane frå Anastasius (491-518) og Justinus I (518-527) si regjeringsstid, vere teikn på ny direkte handel mellom romarane og Sør-India ved byrjinga av det sjette hundreåret.<sup>178</sup> Ei slik tolking av desse myntane er truleg ikkje korrekt. Det er ingenting i dei skriftlege kjedene som tyder på at dette har vore situasjonen, snarare tvert om. Dei skriftlege kjeldene er stille med omsyn til romersk direktehandel med Sør-India og Sri-Lanka i det sjette hundreåret.<sup>179</sup> Dette meine eg kan tyde på at myntane vart bringa til Sør-India og Sri-Lanka via mellommenn frå Adulis. Romarane nytta solidien i handel med andre, dette veit vi frå samtidige kjelder, blant anna i handelen med persarane.<sup>180</sup> Nokre av myntane romarane nytta for å betale for varer i Adulis kan utan problem ha blitt med ein handelsmann attende til Sør-India. Krishnamurthy sitt

<sup>173</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s. 11; frå heile Sri-Lanka er det funne 149 enkeltmyntar slått mellom 324 og 383

<sup>174</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s. 12

<sup>175</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s 12

<sup>176</sup> Krishnamurthy, R. 1994: s. 12

<sup>177</sup> Krishnamurthy, R 1994: s. 12

<sup>178</sup> Warmington 1974 (1928): s. 140

<sup>179</sup> Sjå diskusjon ovafor

<sup>180</sup> Procopius Anecdota xxv 16-17 Dewing 1954: s. 297

utsegn om at handelen fyrst hadde ein markert oppgang, og ein like markert nedgang, vert problematisk sidan han argumenterer for dette på bakgrunn av flo og fjære i talet på myntar funne i Sør-India og Sri-Lanka. Dette er særleg problematisk sidan myntfunn er, som eg kjem attende til, ikkje nødvendigvis teikn på handel, snarare teikn på uro og krig.<sup>181</sup> Dei mange myntane slått mellom 395 og 408 er etter mi meining teikn på noko heilt anna enn auka handel. Det er heilt andre prosessar ved byrjinga av det femte hundreåret som leiar til at ein får ei skarp auke i talet på myntar funne i Sør-India og Sri-Lanka. Konsentrasjonen av myntar slått i innan ein periode på berre 13 år, tydar etter mi meining på ein konflikt. Bakgrunnen for å tolke materialet slik, er grunna på faktumet at svært mange myntar frå eit avgrensa tidsrom vert funne innan eit avgrensa geografisk område. Dette tyder på at verdiar har blitt gøymd unna, sidan heile seriar frå åra mellom 395 og 408 vert funne. Om denne tolkinga er korrekt, kan denne konflikten ramma handelssamfunna i Sør-India og Sri-Lanka til ein slik grad, at romarske interesser forsvinn frå denne handelen ved byrjinga av det femte hundreåret for kanskje ikkje å komme attende til Sør-India. Funn av enkle myntar slått etter 408 og fram til 457, kan forklara med at enkelte myntar har komme med handelsmenn frå Adulis og desse kan ha mista myntar medan dei var i dette området, og at vi i seinare tid har vore heldige og funne desse myntane. Urolege tider ved byrjinga av det femte hundreåret kan dermed vere det som har drive dei romerske handelskontaktane vekk frå Sør-India og Sri-Lanka, og noko som kan ha redusert romersk aktivitet i dette nettverket til eit minimum over ein hundreårs periode.

Slutninga Krishnamurthy dreg på bakgrunn av koparmyntane er korrekt med omsyn til at romarane forsvinn, men ikkje med omsyn til at det var auka handel ved byrjinga av det femte hundreåret. Auken i myntar tyder ikkje på auka handel, snarare er det auken i myntar frå åra mellom 395 og 408, som kanskje leiar til at romerske mynter slått etter 457 stort sett ikkje dukkar opp i Sør-India og Sri-Lanka. Ein eventuell konflikt kan ha ført til at romarane handla med asiatiske varer frå Adulis i staden for å dra til Sør-India og Sri-Lanka. Dermed vert myntfunna sporadiske sidan det ikkje lenger fans jamn tilgang på romersk mynt i Sør-India og Sri-Lanka. Arkeologiske undersøkingar i Sør-India kan truleg avdekke fleire romerske myntar frå det sjette hundreåret. Ein historisk parallel til ein slik eksodus finnест i den spanske trona si

---

<sup>181</sup> Sjå note 285 i kapittel 4

fordriving av maurarar og jødar frå den iberiske halvøya ved byrjinga av det sekstande hundreåret. Ei fordriving som på sikt gav negative konsekvensar for kongedømet Spania, ved at ein svært stor del av handverkarane og handelsfolka vart tvinga ut av riket, og busette seg andre stader rundt Middelhavet. Det er vanskeleg å seie om Sør-India og Sri-Lanka opplevde ein tilsvarende eksodus, men det kan ikkje utelukkast.

Om det er korrekt observert at dei romerske kjøpmennene vart fordrivne frå Sør-India og Sri-Lanka, vert det ekstra interessant å sjå på kva rolle den romerske borgaren Procopius skreiv om, kan ha spela i Adulis. Borgaren kan i denne situasjonen vere ein mann som snakka eit, eller kanskje fleire av dei språka som kjøpmennene frå den andre sida av Det indiske havet snakka. Samstundes med at han snakka eit eller fleire framandspråk, må han mest truleg ha snakka gresk for å vere til nytte for romerske kjøpmenn busett i Alexandria.<sup>182</sup> Dermed kan den ikkje namngitte mannen ha fungert som mellommann og tolk for romarane på den eine sida, og til dømes persrar eller indarar på den andre. Slike kulturelle meklarar kan vere grunnen til at romarane framleis i det sjette hundreåret kunne drive handel med India og Sri-Lanka via Adulis. Ein by der det i følgje kjeldene ser ut til at dei fekk dei varene dei var ute etter likevel, sjølv om dei tilsynelatande ikkje lenger seglde direkte til Sør-India og Sri-Lanka for å handle. Til tross for at det ser ut til at dei romerske borgarane var borte frå den direkte handelen mellom Egypt og India, enda like fullt dei tradisjonelle austlege varene som ulike typar krydder, silke, edle steinar og elfenbein, opp i vest som var tilfelle i keisartida.<sup>183</sup> Procopius skreiv om vandalane sin bruk av silke, og nemner i ein annan samanheng dei byane innan Bysants som framstilte silkekledde, Tyre og Beirut, ved midten av det sjette hundreåret.<sup>184</sup> Kva som skjedde med blant anna peparen og silken etter at kjøpmennene hadde frakta desse varene til Alexandria, kjem tydleg fram i omtalane i Priscus og Procopius. I neste kapittel vil eg vise korleis gåveutveksling av ulike typar prestisjevarer som pepar mellom romarane og hunarane på Balkan, eller vandalane si

---

<sup>182</sup> Mango, Cyril *Byzantium. The Empire of New Rome* 1980: s. 14-15 for kart over språk nytta i Bysants.

<sup>183</sup> Mango, M. M. 1996: s. 143-146

<sup>184</sup> Sjå note 224 under

verdsetjing av silke; heilt tydleg vitnar om eksistensen av ein marknad i vest der desse varene var tiltenkt.<sup>185</sup>

Eg vil i det følgjande vise kva nettverk som frakta desse handelsvarene til dei romerske kjøpmennene i Adulis, og lenger nord til Alexandria, Tyre, Beirut, Antiokia og Konstantinopel.

## C2 Handelsnettverka

I *Den kristne topografiens* er det mogleg å sjå spor etter fleire handelsnettverk på Det indiske havet. I eit vitnesbyrd gjeldande øya Sri-Lanka si viktige rolle for handelen ved byrjinga av det sjette hundreåret, bakte Cosmas truleg informasjon om fire mindre handelsnettverk med utgangspunkt i Sri-Lanka inn i teksten. Desse nettverka var ikkje skild frå kvarandre, men føydde seg inn i kvarandre til eit stort overordna handelsnettverk som strekte seg frå Kina til Aust-Afrika. I følge Cosmas var Sri-Lanka den sentrale transittstaden i dette systemet. Øya fungerte som eit transittpunkt både for varer som skulle aust til vest, og motsett. Sri-Lanka ser ut til å ha spela den same rolla i Det indiske havet som Alexandria hadde i den mediterrane verda. Begge stadene fungerte som transittstad med eit livleg handelsmiljø.

Den fyrste delen av handelsnettverka eg omtalar er knytt til sjøhandel.

### Sjøhandel

I ein omtale av handelen i Sør-India som er særleg omfattande, reknar Cosmas opp fleire hamner nordover den indiske kysten.<sup>186</sup> I denne omtalen reknar han opp alle varene som kom frå dei ulike hamnene langs vestkysten av India, frå Sri-Lanka i sør til utløpet Indus i nord. Ved å gjere det rissar Cosmas opp det som mest truleg har vore ein handelsveg for varer så ulike som råsilke frå Kina, pepar frå Malabarkysten, og kopar frå eit område rundt våre dagars Mombay. Desse varene, er berre eit utval av dei produkta det var mogleg å få på denne sida av Det indiske havet.<sup>187</sup> Frå den siste hamna på det indiske subkontinentet, går ferda vidare til persarane sitt rike, vidare til det sørlege Arabia og homeritane. Etter ei lang ferd kjem kjøpmennene og sjømennene endeleg til hamnebyen i Aksum, Adulis.

---

<sup>185</sup> Sjå note 303 under

<sup>186</sup> Cosmas XI 337 i McCrindle J. W 1897: s. 365-366

<sup>187</sup> Sjå note 130 ovafor

Denne ferda er etter alt og døme ein del av det handelsnettverket på det indiske havet, som fokuserte på sambandet mellom Adulis og Sri-Lanka, men som i staden for å krysse direkte over havet heldt langs kysten for å hente last. Den andre komponenten i denne delen av handelsnettverket knyt Det indiske havet saman med den mediterrane verda. Dette kan omtalast som eit anna separat handelsnettverk, frå Alexandria til Adulis. I det sjette hundreåret kom romarane som eg har skrive tidlegare, ned til Adulis frå Alexandria og Akababukta. For å lette handelen mellom romarane og kjøpmenn i Adulis, var det truleg fastbuande romerske agentar i byen. Gjennom agenten vart handelsmennene frå India og Persia kjende med dei romerske varene, og handel kunne finne stad. Dei romerske varene omfatta blant anna linklede frå Egypt, egyptisk papyrus, vin, tinn og bly, berre for å nemne nokre av varene som vart bytta mot austlege.<sup>188</sup> Spor etter denne handelen i India og på Sri-Lanka, finnes blant anna i keramiske funn frå Sør-India. Det er funne mediterrane amforaer frå om lag 20 stader i det sørlege India.<sup>189</sup> Desse er enno ikkje identifisert, og kronologien er ukjend, men dei er truleg yngre enn det fyrste hundreåret, og kan kanskje vere frå tidleg bysantinsk tid.<sup>190</sup> Saman med desse keramiske funna er det, som eg tidlegare har skrive, funne særleg koparmyntar frå Sør-India og Sri-Lanka. Det tredje og like viktige handelsnettverket fokuserte på Aksum og Adulis. Kongedømet spela ei eiga og sjølvstendig rolle som handelsnasjon på Dei indiske havet i det sjette hundreåret. Omtalar både i Procopius og Cosmas vitnar om det.<sup>191</sup> Aksumittane eksporterte edelsteinar og elfenbein både til persarane, homerittane og indarane. Det vert sagt at for edelsteinane fekk dei ein svært god pris som dei investerte i andre varer.<sup>192</sup> Dette viser at Aksum ikkje var avhengig av romerske varer for å vere ein framgangsrik handelsnasjon i det sjette hundreåret. Samstundes står det skrive i *Den kristne topografiens* at Sri-Lanka vart besøkt av skip frå India, Persia og Aust-Afrika og at øya sendte ut mange av skip på eiga hand.<sup>193</sup> Varene frå Afrika må ha vore ettertrakta i Asia og vice versa. Dette tyder på at varene frå dette handelsnettverket vandra mellom dei ulike hamnene i noko som liknar eit trekantsystem. I denne trekanten dannar Adulis og det sørlege Arabia det eine hjørnet, Sri-Lanka det andre, og toppunktet vert delt mellom Persia og dei nordindiske hamnene. Sidan Procopius

<sup>188</sup> Mango, M. M. 1996: s. 140

<sup>189</sup> Mango, M. M. 1996: s. 148

<sup>190</sup> Mango, M. M. 1996: s. 148

<sup>191</sup> Sjå note 141 ovafor

<sup>192</sup> Cosmas XI 338 i McCrindle, J. W. 1897: s. 371

<sup>193</sup> Sjå note 124 og 156 ovafor

skreiv at etiopiarane handla frå Aksum til India, er truleg det nedste beinet i denne trekanten å forstå som handel med monsunen direkte over Det indiske havet. Den romerske sjøhandelen kopla seg på dette nettverket i Adulis, som ser ut til å ha funksjoner som både eksporthamn for dei mediterrane varene, og importhamn for dei asiatiske i det sjette hundreåret. Det siste og fjerde handelsnettverket vel eg ikkje å gå i nærmere detalj med, men det kan nemnast at det var eit lokalt sørindisk handelsnettverk mellom handelsbyar i Sør-India og Sri-Lanka. Cosmas omtala dette handelsnettverket i samanheng med innføring av råsilke. Cosmas identifiserte områda der råsilken kom frå til Sri-Lanka som Tzinista, eit område som i følgje Cosmas, skulle vere å finne bortanfor Sri-Lanka, noko som passar med Søraust-Asia eller Kina.<sup>194</sup> Råsilke omtala Cosmas som metaxa.<sup>195</sup>

### Handel over land

Så langt har eg diskutert utbreiinga av handelsnettverk knytt til sjøhandel. I det følgjande vil eg vise at det i tillegg fantes viktige handelsnettverk over land. Handel over land er i mykje større grad enn sjøhandel avhengig av dyre og lette varer, varer som det løner seg å frakte langt. Landtransport har alltid vore dyrare enn sjøtransport. Difor er det ulønsamt å frakte jern, korn, kopar og tinn og andre bulkvarer over land. Overlandrutene er altså forbunde med silke og andre prestisjevarer, og dei ulike handelsvegane i Sentral-Asia er i moderne tid blitt kjend som Silkevegen. Silkevegen var i realiteten fleire vegar, og i det minste ei av desse rutene gjekk gjennom Persia. Dette kjem fram i Procopius sine tekstar, som understreka kor viktig det var for romarane å unngå å kjøpe råsilken frå persarane, fordi ein då gav fienden romerske pengar. Procopius omtalar i boka om den fyrste persarkrigen, romerske forsøk på å komme ut av ein slik situasjon, gjennom å kjøpe silke i Adulis.<sup>196</sup> Den romerske staten, ved keisar Justinian, foreslo at aksumittiske og homerittiske handelsmenn skulle kjøpe silke i dei nordindiske hamnene og selje det til romarane i Adulis. Aksumittane og homerittane var motvillige til å opent trosse persarane, særlig sidan staden der dei skulle kjøpe silken truleg var den nordindiske handelsbyen Sindu. Dette var ein by som låg ved grensa til det persiske riket. Procopius har vidare påpeikt at ideen med å kjøpe silken i hamnene nære Persia

<sup>194</sup> Sjå omtale ovafor

<sup>195</sup> Sjå note 133 ovafor

<sup>196</sup> Procopius Wars I xx 9-10 Dewing 1954: s. 193

slo feil på grunn av ein ekspansiv oppkjøpspolitikk frå persarane si side. Det er vanskeleg å vete kor mykje vekt eit slikt utsegn skal tilleggast, men det verkar som om dei romerske keisarane var ivrige etter å finne alternative overlandsruter utanom Persia, og dermed unngå ei mogleg persisk monopol på prestisjevarer. Denne iveren kan moglegvis skodast i ordlyden Procopius brukte då han omtala råsilke. Procopius skreiv at silken då, i keisar Justinian si regjeringstid, vart omtala som *seriken*. Vidare skreiv han at den hadde vore omtala som *Mediken* av romarane tidlegare.<sup>197</sup> Begge omgropa er tilnamn, sidan råsilke på gresk er kjend som *metaxa*.<sup>198</sup> Grunnen til at Procopius kallar råsilken ved byrjinga av det sjette hundreåret for *seriken*, kan henge saman med at råsilken i desse åra nådde dei romerske silkespinneria via andre vegar enn tidlegare. Tilnamnet seriken kan spele på at silken kom romarane i hende via eit sentralasiatisk folkeslag, kalla serarar.<sup>199</sup> I motsetning til tidlegare, då den vart frakta gjennom persarane sitt land, og hadde tilnamnet *Mediken*. På grunn av ei mogleg endring i handelsrutene, eller meir nøyaktig, ei endring av kven som hadde kontrollen over handelsrutene, vart tilnamnet råsilken hadde endra frå *Mediken* til *seriken*. Slik eg tolkar Procopius, kan dette namnebytet forståast slik: Råsilke var noko som kom via medarane, persarane, men som i Justinian si regjeringstid (527-565) kom via eit tyrkisk folk, serarar.<sup>200</sup>

Denne språklege endringa kan vere eit lingvistisk spor som viser til interessa dei romerske keisarane hadde for områda som var nord for det persiske riket i det sjette hundreåret. Ved å knyte kontaktar med tyrkiske folkeslag var det mogleg å omgå det persiske riket og å handle uavhengig av det. Dei skriftlege kjeldene viser til fleire slike forsøk på å opne ei ny overlandsrute utanom Persia. Ein tyrkisk ambassade til Konstantinopel og hoffet i august 568 er eit døme på kontaktar mellom Bysants og folka i Sentral-Asia. Etter inneleiande drøftingar mellom tyrkarane og Bysants, vart den bysantiske utsendinga Zemarchos med attende til tyrkarane sin hovudleir våren 569. Hovudoppdraget for den bysantinske ambassadøren skal ha vore å forhandle om silkehandel, men og jarn var interessant for Konstantinopel å få kjøpt.<sup>201</sup> Turen attende frå den tyrkiske herskaren gjekk langs den nordlege breidda av Aralsjøen, til nordsida av Det kaspiske havet, over Volga og ned mot Kaukasus, Svartehavet og til

<sup>197</sup> Procopius Wars IV vi 3-10 Dewing 1954: s. 257 og Procopius Wars I xx 9-10 s. 193

<sup>198</sup> Sjå note 195 ovafor

<sup>199</sup> Pigulewskaia, N *Byzanz Auf den Wegen nach Indien* 1969 1969: s. 159

<sup>200</sup> Pigulewskaia, N 1969: s. 159 siterar Theophanes Byzantios

<sup>201</sup> Pigulewskaia, N 1969: s. 167 siterar Menander i Excerpta.

slutt bysantinsk område i byen Trebizonde.<sup>202</sup> Denne ruta er nord for dei persiske landa i våre dagars Iran, og om ei vellykka handelsrute vart etablert her, med støtte av tyrkarane, kunne silken nå dei romerske silkespinneria utan å vere i kontakt med persarane. Seinare utsendingar mellom tyrkarane og romarane er og kjend i 576 og 600, noko som tyder på interesse av å halde denne ruta ved like og fungerande.<sup>203</sup> Med omsyn til kor viktig råsilken må ha vore for romarane, ser det ut til at overlandruta gjennom Sentral-Asia kan ha blitt foretrukke då den vart etablert. Det er ikkje mogleg på bakgrunn av dei skriftlege kjeldene å seie noko heilt eintydig om dette, men det verkar i det minste som om romarane la ned ein heil del ressursar for å få denne ruta til å fungere som ei alternativ handelsrute nord for Sassanideriket. Ved å nytte denne handelsruta kunne romarane sleppe unna den persiske dominansen i handelen med prestisjevarer. Den persiske dominansen nådde ved slutten av det sjette hundreåret heilt til dei sørvestlege delane av Arabia, og kongedømet til homeritane.

Samstundes vart andre handelsvegar nytta. Silke kom både frå Sri-Lanka langs kysten til Sindu, men og frå Sentral-Asia til same hamnebyen. Ei overlandrute bringa råsilken frå Sentral-Asia via mellommenn til Sindu. Vidare vart silken frakta på Det indiske havet frå Sindu i Nord-India, til Adulis i Aksum. I denne byen venta romarske oppkjøparar på å bringe den vidare opp Raudehavet til Alexandria. Ein by som hadde og hadde hatt, ei viktig rolle i handelen med India og Afrika i svært lang tid, og før den romerske overtakinga av Egypt.<sup>204</sup>

Som eg tidlegare har skrive var det eit handelsnettverk som knytte Alexandria og handelsbyar ved Akababukta til Adulis. Inkludert i dette handelsnettverket var det byar lenger nord på den egyptiske kysten, som Berenice, der varene vart lasta om, og frakta til Nilen ved hjelp av karavanar. Langs Nilen vart varene så frakta det siste stykket til Alexandria per skip.

Omtale av denne handelen i Justinian si tid kjem fram i ein tekst av Malalas.<sup>205</sup> Han skreiv at keisar Justinian ønska at herskaren over Aksum skulle gå til krig mot persarane. Vidare skulle ikkje aksumittane handle med persarane, og varene frå

<sup>202</sup> Pigulewskaia, N 1969: s. 167-168 siterar Menander i Excerpta,

<sup>203</sup> Pigulewskaia, N 1969: s. 168-169

<sup>204</sup> Young, Gary, K 2001: s. 51-52 siterar Dio Chrysostom

<sup>205</sup> Sjå note 149 ovafor

handelen med Aust-Afrika skulle fraktas langs Nilen til Alexandria.<sup>206</sup> Dette er eit kort samandrag av den teksten som Malalas har blanda saman med eit tidlegare brev, og som eg viste til ovafor.<sup>207</sup> Tolkinga av teksten må difor ta høgde for at Malalas har misforstått den opphavlege tydinga av brevet. Eg vil i det følgjande tolke teksten med tanke på at dette var hendingar som finn stad i Justin si regjeringstid(518-527), og ikkje som Malalas skreiv i Justinian si tid. Bakteppet for det Malalas skreiv, var uroa i dette området mellom stormaktene Persia og Bysants.<sup>208</sup>

Den fyrste delen av denne teksten er relativ uproblematisk å forstå, den aksumittiske kongen får eit brev, der Justin/Justinian ber han gå til krig mot persarane i Arabia.<sup>209</sup> Deretter vert teksten vanskelegare. For mitt vedkommande er det interessant å finne ut kva Malalas eigentleg seier om handelsrutene i denne regionen. Ved fyrste gjennomlesing av teksten er det uklart om Malalas eigentleg meinte at varene frå Adulis skulle bringas gjennom det etiopiske høglandet til Nilen. Det som og gjer teksten forvirrande er at Malalas trur at det er fast land mellom Sør-Arabia og Afrika. I teksten seier han at den aksumittiske kongen skal handle via homeritane sitt land i Sør-Arabia til Nilen, noko som ikkje gir mening. Tolkinga vert dermed uklar, og det er vanskeleg å seie kva veg handelen eigentleg skal ta frå Adulis. Det neste problemet med teksttolkinga er å forstå Justin/Justinian sin grunn for å direkte involvere seg i kjøpmennene sine val av handelsruter i utgangspunktet. Keisaren ser ut til å hatt direkte interesse i denne handelen, noko som kjem fram i denne setninga som er tilagt keisar Justin/Justinian si offisielle utsending: ”(...) and in future no longer engage in commerce with him, but carry on trade through the country of the Amerite Indians he had subjugated, by way of the Nile to Alexandria”<sup>210</sup>

Essensen i dette utdraget finnes etter mi meining i uttrykket ”halde fram”.<sup>211</sup> I oversetjinga står det altså at aksumittane skal ”halde fram” handelen gjennom homeritane sitt land til Nilen og Alexandria. Justin/Justinian sin tanke var truleg ikkje at varene frå handelen med Aust-Afrika skulle fraktas gjennom ugjestmilde trakter nordvest for Aksum. Derimot tyder det på at handelsmennene skulle frakte varene som dei har gjort tidlegare til Berenice, og frå Bernice til Nilen og Alexandria; derav uttrykket ”halde fram”. Noko som kan vere med å forklare ei slik

<sup>206</sup> Sjå note 149 ovanfor

<sup>207</sup> Sjå omtale ovafor

<sup>208</sup> Procopius om persarkrigane

<sup>209</sup> Sjå tekstuddraget ovafor

<sup>210</sup> Malalas 18 56-57 Jeffreys et. al 1986: s. 269

<sup>211</sup> Sjå tekstuddraget ovafor

avgjerd, om Malalas observerte korrekt, var at valet av handelsrute hang saman med det sterke persiske keisardømet. Persarane hadde ekspansive planar i denne regionen ved slutten av det sjette hundreåret, og kan ha ønska å bringe prestisjevarene opp Persiabukta i staden. Om persarane hadde lykkast med eit slikt føretak ville det ha plassert Raudehavshandelen i bakevja. Intensjonen med det opphavlege brevet kan dermed kanskje tolkast som eit forsøk frå den bysantinske staten si side å halde viktige og prestisjefulle varer som råsilke og elfenbein, pepar og andre varer, lengst mogleg unna persarane, og å oppretthalde handelsnettverket via Raudehavet og Adulis til Nilen og Alexandria. I Sentral-Asia prøvde romarane tydleg å opprette ei alternativ handelsrute nord for persarane, og dette kan ha vore eit forsøk på å hevde ei tradisjonell handelsrute i sør. Begge rutene var for ei tid utanfor det persiske riket sin direkte kontroll, men dei persiske truslane mot handelen var reelle nok. Berre nokre få år etter Justinian sin død, vart den sørvestlege delen av Arabia erobra av persarane i 570-åra. I 599 vart Aksum lagt under persisk styre.<sup>212</sup> Dermed var den viktige handelsbyen Adulis i persiske hender. I den samanhengen er det interessant å merke seg at ein ambassade vart sendt til dei tyrkiske folkeslaga i Sentral-Asia i 600, noko som truleg ikkje er eit tilfeldig samanfall av hendingar.<sup>213</sup> Adulis fall for persarane og romarane prøvde å finne alternative ruter utanom det persiske imperiet.<sup>214</sup>

Den bysantinske staten ser ut til å ha gått til store skritt for å halde handelen unna persarane. Både ved at kontaktar vart etablert med sentralasiatiske folkeslag, og ved at dei pressar kongen av Aksum til å gå til krig for å hemne massakrar på kristne i Sør-Arabia. Ved å bruke Aksum si stilling som regional stormakt prøver dei bysantinske keisarane tilsynelatande å halde kontrollen over prestisjevarene unna persarane. Dette ser ut til å vere ei rimeleg tolking av Justin/Justinian sitt brev, der essensen er at aksumittane skal gå til krig mot persarane og at handelen som før skulle gå via Raudehavet og til slutt ende i Alexandria.

Eg vil i det følgjande diskutere meir inngående dei ulike varene i denne handelen.

---

<sup>212</sup> Mango, M. M 1996: s. 140

<sup>213</sup> Sjå note 203 ovafor

<sup>214</sup> Eg skuldar Richard Holton Pierce ei stor takk for å ha sett meg på sporet av det opphavlege brevet frå Justin.

### C3 Varene

Warmington gir i sitt standardverk frå 1928 ei utførleg liste over kva varer som vart eksportert frå aust til vest i keisartida; varer som råsilke, kardemomme, tre typar pepar, bergkrystallar og andre varer.<sup>215</sup> Varene er interessante som austlege prestisjevarer ettertrakta i vest, men dei er og interessante sidan nokre av dei, pepar, silke, gull og edle steinar, vert nemnde både av Cosmas og av Procopius. Dermed er det mogleg å vise korleis varene vandra frå aust til vest via ulike mellommenn til sine endelege mål hos både dei germanske etterfølgjarstatane og romarane. Korleis varene vart frakta ved hjelp av mellommenn vil eg sjå på i det neste avsnittet om handelsvegane.

Blant dei germanske etterfølgjarstatane er vandalane sitt hoff kjend frå dei skriftlege kjeldene. Ved dette hoffet vart silke og gull nytta i ei slik utstrekning at det særmerka dei andsynes andre, og Procopius kommenterer på dette når han omtalar hoffet til Gelimer, vandalarkongen.<sup>216</sup>

Eg vil i det følgjande kommentere nokre av desse verdifulle varene som kom til den mediterrane verda, og som dei samtidige forfattarane skreiv om.

#### Pepar

Pepar vart etter erobringa av Egypt, og kjennskapen til korleis monsunen kunne brukast for å komme seg til India, allemannseige i det romerske samfunnet.<sup>217</sup>

Peparen vart vidt nytta i matlagning, noko som kjem fram i Apicus si kokebok, der nær alle oppskriftene inneholdt pepar i større eller mindre mengder.<sup>218</sup> Frå seinantikken vart pepar nemnd som noko sendeforda frå Theodosius II til Attila tok med seg på 440-talet.<sup>219</sup> Då Alarik plyndra Roma i 408 vart det blant anna kravd tre tusen pund pepar i løysepengar for byen.<sup>220</sup> Sidan Cosmas framleis nemnde pepar då han skreiv på 550-talet, var mekanismane som frakta peparen til den mediterrane marknaden tydelegvis framleis intakte. Etterspurnaden var utvilsamt til stades, om lag 150 år etter at Alarik plyndra Roma. Byen Roma og marknaden den representerte var ikkje lenger av den dimensjonen den hadde vore i keisartida, men pepar fann

<sup>215</sup> Warmington, E. H. *The Commerce between the Roman Empire and India* 1974 (1928): s. 162-260

<sup>216</sup> Procopius Wars IV vi 3-10 Dewing 1954: s. 257

<sup>217</sup> Young, Gary, K 2001: s. 28

<sup>218</sup> Warmington, E. H 1974 (1928): s. 182

<sup>219</sup> Sjå note 293 under

<sup>220</sup> Warmington, E. H. 1974 (1928): s. 183

vegen til nye marknadar. Både i Konstantinopel og andre stader rundt om i den mediterrane verda.

## Råsilke

Ei anna vare som var ettertrakta, både av romarane og andre var råsilke. Råsilke vart omtala i *Den kristne topografien* av Cosmas. Han skriv både at det kom frå Tzinista, det greske namnet for Kina, og at handelsmenn tok råsilken med frå Kina til Sri-Lanka og nordindiske hamner der den vart teken vidare av mellommenn til mottakarane blant anna i Adulis.<sup>221</sup>

Procopius nemner og silke, men fokuset hans er av ein annan art. Han fokuserar på dei ulike problema som var forbunde med å få råsilken fram til dei keisarlege silkespinneria i Beirut og Tyre der den som sett vart forma.<sup>222</sup> Forma silke var dyrt, den var bokstavleg verdt si vekt i gull, noko som vert omtalt fleire gonger i dei samtidige kjeldene, blant anna hos Procopius.<sup>223</sup> Silke vart farga lilla og brukta av dei verkeleg rike i det bysantinske samfunnet.<sup>224</sup> Ved byrjinga av det sjette hundreåret måtte desse velståande romarane stole heilt på import av silke, sidan silke ikkje vart dyrka innan grense til den bysantinske statsdanninga. Problemet med å importere silke, i det minste i følgje Procopius, var at dei persiske kjøpmennene venta i dei nordindiske hamnene, blant anna hamnebyen Sindu og kjøpte opp heile laster. Ved at persarane gjorde dette meinte Procopius at råsilken vart svært mykje dyrare for romarane.<sup>225</sup> Seinare forsking har vist at Procopius nok har vore for pessimistisk med tanke på persarane sin prisdrivande effekt.<sup>226</sup> Sjølv om Procopius nok har svartmala situasjonen med omsyn til persarane sin kontroll med råsilkehendelen, er det ingen grunn til å tru at romarane ikkje ville vere interesserte i sjølve å kunne produsere råsilke innan eigne grenser for å unngå ein mogleg persisk dominans i handelen. Eigenproduksjon av silke fekk romarane moglegheit til, då silkeormar vart introdusert til det bysantinske riket i keisar Justinian si regjeringstid (527-565). Produksjon av råsilke vart etter at den var introdusert innan Bysants sine grenser,

---

<sup>221</sup> Sjå note 130 ovafor

<sup>222</sup> Procopius Anecdota xxv 14-15 Dewing 1954: s. 297

<sup>223</sup> Procopius Anecdota xxv 14-15 Dewing 1954: s. 297

<sup>224</sup> Mango, M. M. 1996: s. 142

<sup>225</sup> Procopius Wars I xx 9-10 Dewing 1954: s. 193

<sup>226</sup> Pigulewskaia, N 1969: s. 159 og meir nyleg om same tema, men frå keisartida, Young, Gary, K *Rome's Eastern Trade. International Commerce and Imperial Policy 31BC – AD 305* 2001: s 195f

dyrka lokalt i aukande omfang.<sup>227</sup> Sjølv om romarane frå midten av det sjette hundreåret hadde moglegheit til å produsere råsilke sjølve, skal ikkje alt for stor vekt leggjast på den innanlandske produksjonen. Effekten denne produksjonen hadde på handelen i dei sjette og sjuande hundreåra og seinare, var ikkje støre enn at silkedyrkinga ved slutten av det niande hundreåret ikkje klarte å halde tritt med etterspurnaden. Sidan den innanlandske produksjonen ikkje klarte å halde tritt, måtte framleis råsilke verte importert frå aust for å dekke behova til silkespinneria.<sup>228</sup> Med den følgja at romarane var avhengige av å ha gode avtalar med naboane sine, som i det niande hundreåret var arabarane.

### Gull

Pepar, råsilke, edle steinar og elfenbein, var varer som måtte hentas utanfor Bysants sine grenser. Ei anna vare som ofte vert sett i samband med luksusvarer er gull. Når det gjeld dette metallet hadde romarane sjølve fleire førekommstar innan sine eigne grenser, og nytta gull som standard for solidien. Dermed var ikkje romarane i den situasjonen dei var i med omsyn til råsilken, der dei i stor grad måtte stole på leveransar utanfrå. Når det gjeld gull som handelsvare er utgangspunktet annleis. Frå skriftlege og arkeologiske kjelder er det kjend at romarane hadde gullgruver både på Sardinia fram til det femte hundreåret, og i fjellområda på grensa mot det persiske riket i Armenia så lenge desse områda var under romersk kontroll.<sup>229</sup> Gullgruvene på Sardinia kom i vandalane sine hender då desse tok over denne øya saman med Nord-Afrika, Sicilia og Korsika rundt midten av det femte hundreåret. Gullgruvene på Sardinia kom attende på romerske hender, då øya saman med dei andre områda romarane hadde tapt om lag hundre år tidlegare, vart tekne over av Bysants ved midten av det sjette hundreåret.<sup>230</sup> Gjennom nyare arkeologiske utgravingar i den egyptiske ørkenen aust for Nilen, er det avdekka ei stor busetting, med eit estimert innbyggjartal på omlag tusen. Dette funnet dateras til det sjette hundreåret. Denne busettinga kan kanskje knytas til gruveverksemد knytt til utvinning av gull. Vert denne lokaliteten stadfesta som ei gullgruve, seier det noko om dimensjonane på den bysantinske gruveindustrien i det sjette hundreåret, og at Bysants mest truleg var

<sup>227</sup> Pigulewskaia, N 1969: s 158-159 for gjennomgang og diskusjon kring av temaet.

<sup>228</sup> Lopez, R. S. Silk Industry in the Byzantine Empire i *Speculum* nr. 20 1945: s. 13-14

<sup>229</sup> McCormick, Michael *Origins of the European Economy A. D. 300-900* 2001: s. 47-48

<sup>230</sup> Procopius Wars III og IV om vandalarkrigane. Dewing 1954

sjølvforsynt med gull frå denne og andre gruver.<sup>231</sup> Dei skriftlege kjeldene eg har nytta som seier noko om gull, nemleg Procopius sin omtale av vandalane sin luksus, og gullet frå det indre av Afrika omtala av Cosmas, kan etter alt og døme ikkje knytas til romersk handel med gull, men snarare til lokalt forbruk av dette metallet i Aksum og vandalane sitt kongedøme i Nord-Afrika. Gullet Cosmas nemner var truleg meint for den aksumittiske kongen, sjølv om akkurat denne omtalen nok er ei vandrehistorie.<sup>232</sup> Det finnes likevel gullførekommstar i det området som Cosmas omtalar, ved Famaka ved den Blå Nilen.<sup>233</sup> Det er ikkje utenkeleg at gull vart henta frå her i det sjette hundreåret, om enn ikkje på den måten Cosmas omtalar. På 1820-talet var det framleis kjend at dette området var rikt på gullførekommstar.<sup>234</sup> Gullet vandalane så generøst omgav seg med, og som Procopius nemner, kunne blitt henta i eigne gullgruver på Sardinia så lenge denne øya var ein del av deira kongedøme. Eit anna moment som gjer at gull i det minste ikkje frå romersk side kan oppfattast som ei ordinær handelsvare, er at det bysantiske keisardømet hadde eit generelt eksportforbod på strategiske varer som blant anna gull og jarn.<sup>235</sup> Dermed er det etter mi mening ikkje mogleg å vurdere gull som ei handelsvare på lik linje med råsilke, edle steinar, elfenbein og så bortetter, sidan gull er ein verdimålar for desse andre varene, og ikkje ei handelsvare per se.

### Elfenbein

Noko som det ikkje er tvil om har vore ei handelsvare er elfenbein. Cosmas skreiv at etiopiarane jakta på elefanten og sendte elfenbein over havet til India, Persia, landet til homeritane og romarane.<sup>236</sup> I Bysants vart elfenbeinet gjenstand for kunsthåndverk. Det vart forma blant anna til skrin, plakettar og møblar. Blant anna bispestolen til biskopen av Ravenna var av utskore afrikansk elfenbein.<sup>237</sup> Dette viser at afrikansk elfenbein vart omdanna til kunsthåndverk av høg verdi etter at det kom til Bysants. Kunsthåndverk av elfenbein hadde sjølv høg verdi som handelsvare, og saman med metallhåndverk vart dette noko av dei mest ettertrakta varene Bysants hadde å tilby resten av verda. Dei unike elfenbeinsprodukta vart både handla med til

<sup>231</sup> McCormick, M 2001: s. 48

<sup>232</sup> Sjå argumentasjon ovafor

<sup>233</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 170

<sup>234</sup> Kirwan, L. P. 1972: s. 170

<sup>235</sup> Hendy, Michael *Studies in the Byzantine Monetary Economy c. 300-1450* 1985: s. 272

<sup>236</sup> Sjå note 140 ovafor

<sup>237</sup> Mango, M. M 1996: s. 142

resten av den mediterrane verda og nytta i dei høgare laga i det bysantinske samfunnet.

## Edelsteinar

Det var knytt ei rekke reglar og restriksjonar til bruken av silke. Eg tenker då først og fremst på bruken av silkekledde, og i den samanhengen særleg på silke farga purpur, den keisarlege fargen.<sup>238</sup> Det var likevel ikkje berre silkekledde som var gjenstand for ulike reglar og restriksjonar. Restriksjonar var i stor grad i bruk på andre varer og. Eit døme er noko så prosaisk som støvlar. I ei omtale av kleda til greven av Armenia, ein bysantinsk vasall, kjem det fram kva luksus ein statleg tenar kunne omgi seg med.

Procopius omtalar at han nytta støvlar som var farga raude, og som berre den romerske keisaren og den persiske keisaren fekk lov til å bruke, men som denne vasallen på grunn av sin høge status og hadde fått lov til å bruke.<sup>239</sup>

Det er likevel ikkje kledeplagg som støvlar og silke eg vil fokusere på, men i staden den nøye utgreiinga av kva smykke den bysantinske vasallen bar. I omtalen av sko og klede vert dei verdifulle steinane som den vedkommande bysantinske vasallen hadde retten til å bære, i det dette tilfellet safirar, omtala. I tillegg til tre safirar i greven sitt smykke var det ein stor edelstein som var hovudblikkfangen, men som Procopius ikkje gjer nærmare greie for i teksten.<sup>240</sup> Når det gjeld desse edelsteinane skreiv Cosmas at etiopiarane hadde tilgang til dei gjennom den kontakten dei hadde med nomadefolket blemmiane, eit folk som etter Cosmas sine omtalar levde nordvest for kongedømet Aksum.<sup>241</sup> Cosmas skreiv vidare at desse edle steinane vart handla med vidare av etiopiarane, og sold til indarane, til ein pris som var svært høg.

Dessverre skreiv Cosmas ingenting om romarane kjøpte desse verdifulle steinane frå aksumittiske handelsfolk eller ikkje, men det er i det minste klart at slike verdifulle steinar var å finne blant dei mest velståande innbyggjarane i det bysantinske keisardømet i det sjette hundreåret.

Blant anna vart ametystar og agate sett inn i smykke av gull, til øyreringar, til utsmykking av ridesalar, i utsmykking av belte av gull berre for å nemne nokre av

---

<sup>238</sup> Lopez, R. S 1945: s. 10

<sup>239</sup> Procopius Wars III i 21 Dewing 1954: s. 185

<sup>240</sup> Procopius Wars III i 22 Dewing 1954: s. 185

<sup>241</sup> Sjå note 142 ovafor

bruksområda desse verdifulle steinane hadde.<sup>242</sup> På bakgrunn av funnomstenda til desse ulike kunstgjenstandane er dei daterte til særleg det sjette hundreåret. I tillegg til verdsleg utsmykking finnes det og døme på edelsteinar som ikkje vart nytta til personleg prakt men til religiøs utsmykking, fram for alt i kyrkjer. Utsmykkinga av kyrkja St. Polyeuctos i Konstantinopel, ved byrjinga av det sjette hundreåret, er eit døme på slik kunst. Ametystar, gull og grønt glas vart kombinert for å gi ein imponerande effekt på dei bærande marmorsøylene i kyrkja.<sup>243</sup>

## ***Oppsummering***

Frå den tida det romerske imperiet var i senit ved slutten av det fyrste hundreåret, til det sjette, hadde store endringar, sosiale som politiske og økonomiske funne stad. Særleg i løpet av det urolege og opprivande femte hundreåret; som enda med at den vestelege delen av riket vart styrt av ulike germanske etterfølgjarstatar. Eg opna kapittelet med å spørje om desse endringane i den romerske verda fekk følgjer for handelen på det indiske havet. Vidare ville eg undersøke om det var dei same varene som var etterspurde i vest som tidlegare, og til slutt kva handelsnettverk som var i bruk i det sjette hundreåret.

På det fyrste spørsmålet må svaret vere nei. Endringane i den romerske statsorganisasjonen fekk truleg ingen direkte følgjer for handelen på det indiske havet. Handelssystemet mellom dei ulike regionane rundt det indiske havet fungerte tilsynelatande uavhengig av romarane i det sjette hundreåret. Aksumittane, homeritane, persarane og indarane haldt handelssystemet ved like, sjølv om det romerske riket var svekka økonomisk. Vidare var dei germanske kongedøma like interesserte i prestisjeprodukt som romarane, og dette finnes det både skriftlege og arkeologiske prov for.<sup>244</sup> Denne samla etterspurnaden av prestisjevarer førde til at handelsnettverket var livskraftig og i det sjette hundreåret. Store endringar med tanke på romersk deltaking i dette handelsnettverket hadde derimot skjedd. Basert på skriftlege kjelder og numismatiske funn, er det etter mi meining grunn til å tro at den direkte romerske deltakinga i handelen på det indiske havet var til ende i det sjette hundreåret. Dermed er det ikkje sagt at romarane ikkje hadde interesser i dette området, noko keisarane i det sjette hundreåret klart gir uttrykk for i ulike brev og

---

<sup>242</sup> Mango, M. M. 1996: s. 143

<sup>243</sup> Mango, M. M. 1996: s. 143

<sup>244</sup> Pirenne H. 1958 (1939): s. 89; for gjennomgang av innhaldet i ein klosterkjellar ved byrjinga av det åttande hundreåret i Sør-Frankrike. Det fantes både kanel og pepar i den velfylte kjellaren.

forordningar. Når det gjeld varene som vandra i dette systemet, ser det ikkje ut til at det hadde vore noko vesentleg endring i etterspurnaden frå vest. Nokre varer, som til dømes råsilke, byrjar romarane å dyrke sjølve ved med midten av det sjette hundreåret. Til tross for eigenproduksjonen fortsette silkeimporten, og råsilke var ei vare som keisarane var ekstra interessert i å kontrollere.

For det tredje har eg vist at handelsvegane ser ut til å vere i endring, særleg ved slutten av det sjette hundreåret då trusselen frå Persia var aukande. Dette var og ei endring som keisarane såg ut til å ville påverke. Samtidige forfattarar, då særleg Procopius, skreiv stadig om keisarlege uro kring det å gi persarane fordelar gjennom å kjøpe varer frå dei. Det er ingen grunn til å tru at persarane hadde noko interesse av å hindre råsilken, eller dei andre varene frå aust, å nå marknadane og produksjonsstadane ved Middelhavet. Persarane hadde gode mogleheter til å tene pengar på denne handelen, og inngrisen i handelen frå persarane si side var mest truleg av finansiell art. Den romerske staten derimot ville ikkje at desse varene skulle passere gjennom persisk område, og frå slutten av det sjette hundreåret søker dei romerske keisarane alternative vegar for desse handelsvarene. Dei prøver å opne handelsruter gjennom Sentral-Asia, og den tradisjonelle raudehavshandelen vert prøvd hevda mot eit aukande persisk press. Persarane sjølve ville kanskje overfører handelen med austlege varer frå Raudehavet til Persiabukta. Skal eg summere opp interaksjonsformene romarane hadde med handelsnettverka opp på kortast mogleg måte kan det gjerast slik:

### Administrativ/ekspedisjonshandel

Når det gjeld råsilke, og varene som kjem til Bysants frå aust, ser et ut som om den romerske staten går til store skritt for å halde handelen utanfor persarane sin direkte kontroll. Både i sør, ved Raudehavet og i nord i Sentral-Asia, nyttar den romerske staten sine tilgjengelege verkemiddel for å sjølve hadde på kontrollen over desse varene. Det var diplomatiske framstøyt for å sikre at strategiske varer; nødvendige for den romerske staten, nådde silkespinneria utan for mykje tilleggskostnad. Eit døme på unngå eit mogleg persisk silkemonopol, er romarane sine diplomatiske delegasjonar til tyrkarane i Sentral-Asia for å opne opp nye handelsvegar nord for Persia.

## Tradisjonell handel

Når det gjeld handelen på det indiske havet, mellom Aksum, Arabia, Persia og India, er det ikkje grunn til å tru at den romerske staten hadde nokon moglegheit til påverke denne verken direkte eller indirekte. Slik eg tolkar Procopius og Cosmas så kryssa varene over havet som dei hadde gjort tidlegare, både ved hjelp av monsunen, men truleg og med ei rute som heldt langs kysten frå Sør-India til Aksum. I desse to rutene meinar eg det er rimeleg grunn til å tru at romarane ikkje lenger deltok i noko grad som gjorde noko frå eller til.

Prestisjevarene frå aust hadde ikkje ein marknad bere i Bysants, lenger vest var det og herskarar som var ivrige etter å få tak i silke, pepar og elfenbein. Noko som vi skal sjå på i det følgjande.

## 4. Bysants og dei germanske etterfølgjarstatane

Kva interaksjon hadde Bysants med folkeslaga busette innanfor grensene til det tidlegare Romarriket i dei sjette og sjuande hundreåra?

Kan gjenstandar funne utanfor det bysantinske riket sin absolutte politiske kontroll seie noko om eksistensen av inter-regionale handelsnettverk knytt til prestisjevarer?, og vidare, kan desse eventuelle nettverka seie noko om kontinuitet i handelen frå keisartida til bysantinsk tid?

Gjennom skriftlege kjelder og arkeologiske funn meinar eg det er mogleg å vise eksistensen av slike nettverk; det er etter mi meining og klare spor etter kontinuitet i handelen. Denne handelen er etter mi meining ikkje berre knytt til eit, men fleire distinkte nettverk. Desse nettverka er knytt til handel og diplomatiske transaksjonar mellom distinkte handelsregionar. Desse distinkte regionane er Nordvest-Europa, Balkan og interaksjonen mellom det austlege og det vestlege Middelhavet.

Bakgrunnen for å seie at det finnes slike nettverk er funn av blant anna statusgjenstandar av bronse frå det austlege Middelhavet med bysantinske kjenneteikn. Slike gjenstandar har blitt funne som gravgods i aristokratiske graver i det nordaustlege Frankrike, i Belgia og i Tyskland. I Europa nord og aust for Donau er statusgjenstandane for det meste av sølv, sjølv om det og her finnes bronsegjenstandar frå det austlege Middelhavsområdet. Fortsett interaksjon mellom det austlege og vestlege Middelhavsområdet byggjer eg på funn av austleg arkeologisk materiale i vest, og skriftlege kjelder som knyt områda saman.

Eg vil i det følgjande utdjupe desse påstandane.

## **A. Bysantinsk metallarbeid i gravfunn**

Særleg frå dei nordvestlege delane av Europa er det funne mykje bysantinsk metallarbeid i gravkontekst frå dei sjette og sjuande hundreåra. Eg vil i det følgjande vise til kva geografiske område som har størst funntettleik av bysantinsk metallarbeid. Definisjonen på metallarbeid er sølv eller bronse som er arbeida til ulike former for boller og andre gjenstandar.

### **Områda på begge sider av Rhinen**

Områda på begge sider av Rhinen, i grenseområdet mellom Merovingarriket og Germania, merkar seg ut med stor funnrikdom når det gjeld bysantinsk metallarbeid. I ein artikkel publisert i 1996<sup>245</sup> viste Marlia Mango til 28 lokalitetar innehaldande bronse eller sölvarbeid frå skatte- eller gravfunn der opphavet er klart bysantinsk.<sup>246</sup>

### **Storbritannia/søraustlege delar**

Dei søraustleg delane av Storbritannia er og rike på bysantinsk metallarbeid, om enn ikkje i så stor grad som det fornemnde området.<sup>247</sup> I den same artikkelen frå 1996 viser Mango til elleve lokalitetar inneheldande metallartefakter. Metallvarene består som frå områda ved Rhinen av sølv og bronse. Sölvarbeidet vart funne i ei svært omtala grav, den aristokratiske gravlegginga ved Sutton Hoo.

### **Nord-Italia**

Ti funnstader innehaldande bysantinsk metallarbeid er gjort frå Nord-Italia, hovudsakleg frå områda på Po-sletta, eller rett nordafor denne. Metallarbeida er gjort som gravfunn, og ikkje som skattefunn.<sup>248</sup> Det er ikkje funne sølv i dette området.

---

<sup>245</sup> Mango, M. M Byzantine Maritime Trade with the East (4<sup>th</sup> – 7<sup>th</sup> centuries) I *Aram* 1996: s. 139-163

<sup>246</sup> Sjå fig. 3

<sup>247</sup> Sjå fig. 3

<sup>248</sup> Sjå fig. 3

## Spania/nordaustlege delar

Frå Spania er det registrert sju lokalitetar innehaldande bysantinsk bronsemetallarbeid, ingen gjenstandar av sølv er funne. Bronsen er funne i graver.<sup>249</sup>

## Nord for Donau og Nordaust-Europa

Dette er eit område som merkar seg ut med stor funnrikdom særleg når det gjeld sølvarbeid.<sup>250</sup> Det aller meste av det bysantinske sølvarbeidet som funne utanfor dei politiske grensene til Bysants i det sjette hundreåret er gjort i denne regionen. Fem lokalitetar innehaldande sølv er kjend her frå. Dessverre er det uklart kva type lokalitet sølvarbeida vart funne i, det har ikkje vore mogleg å seie om dei kjem frå grav-, skatte-, eller er gjort som lausfunn.

## Andre lokalitetar

Andre område utanfor Bysants sine politiske grenser er og kjende for å innehalde bysantinsk metallarbeid. Det er særleg eit område rett nord for Svartehavet, mellom elvane Dnepr og Don at funna er gjort. Her det gjort funn i av både bronse og sølv. Sølvet er funne både som grav- og skattefunn. Bronsen som gravfunn.<sup>251</sup>

## A1. Arkeologiske undersøkingar i Marseilles

Den gamle indre hamna i Marseilles har i løpet av dei siste tiåra vore gjenstand for fleire arkeologiske undersøkingar. I ein artikkel frå 1992 stiller arkeologen Loseby spørsmål kring den tilsynelatande suksessen byen hadde i seinantikken, og kva det kan skuldast. Hamna har gitt interessante spor i samanheng med handel på heile Middelhavet i bysantisk tid. Funn av amforaer av ulik opphavsstad, viser at langt dei fleste av amforaene som til no er funne, er av afrikansk opphav.<sup>252</sup> Av øvrige amforaer viser langt dei fleste eit austleg opphav, sjølv om det vert færre og færre av dei i det arkeologiske kjeldematerialet etter som tida går.<sup>253</sup>

---

<sup>249</sup> Sjå fig. 3

<sup>250</sup> Sjå fig. 3

<sup>251</sup> Sjå figur 3

<sup>252</sup> Loseby, S. T. Marseilles: A late antique success story? i *The Journal of Roman Studies* 1992: s. 182

<sup>253</sup> Loseby, S. T 1992: s. 172

## A2. Kornskipet frå Gervaise

Eit døme på frakt og handel med landbruksvarer kjem frå det fyrste vraket som vart funne i Middelhavet innehaldande korn. Vraket vart arkeologisk undersøkt og dokumentert i 1978-79.<sup>254</sup> Skipet vart funne ved utløpet til elva Rhône, i nærleiken av byen Gervaise. I tillegg til kornlasta vart det funne store mengder tjære. Eit produkt som Parker knyt til det sørlege Gallia, utan å vise vidare kor i Gallia tjæra vart produsert.<sup>255</sup> Lasta vert av Parker estimert til å vere mellom 40 og 50 tonn.<sup>256</sup> Undersøkinga av kornlasta har leia fram til ein konklusjon om at det dreier seg om ein korntype som er kjend frå Italia, Spania, og Afrika. Skipet gjekk ned ved elva Rhône sitt utløp, og har kanskje vore på veg opp elva til Arles. Skipet er av Parker og andre datert til dei to fyrste tiåra av det sjuande hundreåret, og på bakgrunn av keramikken heimehøyrande i det austlege Middelhavet.

## B. Tolking av bysantinsk metallarbeid i gravkontekst

Som det går fram av gjennomgangen av funnmaterialet er det fleire område som merkar seg ut med stor funnuttaleik i Nordvest-Europa.

Felles for områda er at dei er å finne som ei sone frå Nord-Italia til det søraustlege Storbritannia. Førtisju av femtifire graver innehaldande bysantinsk bronsearbeid er gjort i dette området, saman med ein lokalitet med bysantinsk sølv i gravkontekst. Til saman vert dette 55 lokalitetar av totalt 84, med bysantinsk metallarbeid i gravkontekst, frå dei sjette og sjuande hundreåra i Nordvest-Europa.<sup>257</sup> Denne overvekta kan ikkje vere tilfeldig, og eit naturleg spørsmål vert: Kva er det som gjer at det aller meste av det bysantinske metallarbeidet i germanske graver er funne i sona frå Nord-Italia til Storbritannia? Og, er det noko i den politiske og sosiale situasjonen i området, som tilseier at dette området er så sterkt representert når det gjeld bysantinsk metallarbeid i gravkontekst? Desse spørsmåla vil eg prøve å svare på ved å vise til fire høgstatusgraver frå Tyskland, Belgia og Storbritannia. Fire graver som kan knytas til det leiande aristokratiet innanfor kvar sitt geografiske

---

<sup>254</sup> Parker, A. J. 1992: s. 372

<sup>255</sup> Parker A. J. 1992: s. 372

<sup>256</sup> Parker A. J. 1992 s. 372

<sup>257</sup> Sjå fig. 3

område. Gravene er på bakgrunn av ulike typar gravgods datert frå den eldste om lag 480 til den yngste frå om lag 625.

Det gravfunnet som har vore kjend lengst er funne i Tournai i Belgia. Det vart oppdaga og gjort kjend allereie i 1653.<sup>258</sup> Det som gjer denne grava spesielt interessant, er at det blant det rike germanske gravgodset, og vart funne fleire hundre romerske og bysantinske myntar. Vidare hadde mange av smykka i grava romersk eller bysantinsk opphav. Grava vart funne i nærleiken av ei kyrkje, som rett nok ikkje kan førast attende til det sjette hundreåret, men det er mogleg at liket har blitt flytta på i mellomalderen.<sup>259</sup> Dateringa av funnet er sett til om lag 480, på bakgrunn av myntane og ein signetring.

Under Kölnerdomen i Tyskland vart det i 1959 funne ytterlegare to merovingiske graver, like velutstyrte som den som vart funne tre hundre år tidlegare i Belgia. I den eine av gravene frå katedralen vart det funne eit bronsekar med bysantinsk opphav. Dateringa av gravene frå Köln er mellom 525 og 550, på bakgrunn av stempelet på bronsen.<sup>260</sup>

Ved gravanlegget Sutton Hoo i Storbritannia vart det i 1938- 39 oppdaga ei svært rik grav, som er blitt sett i samanheng med det aller høgaste sjiktet i dette samfunnet på denne tida. Grava inneheldt blant anna eit bysantinsk sølvservise i tretten delar.

Dateringa på funnet er ca. 625, på grunn av stempelet på sølvservise blant anna.<sup>261</sup> Desse fire gravleggingane har det felles at dei inneheld bysantinsk metallarbeid og er funne innanfor sona som strekk seg frå Nord-Italia til Storbritannia. Det som skiljer dei er den kulturelle konteksten gravlegginga er gjort i.

Dei tre fyrstnemnde gravene tilhøyrer det merovingiske aristokratiet, og ein kristen kontekst, medan Sutton Hoo, og denne delen av Storbritannia enno var utanfor den kristne sfæren. Sjølv om tre av gravene kjem frå ein kristen kontekst er det påfallande at den kulturelle samanhengen gravlegginga er gjort i ser ut til å vere mest eins. Det er funne rikt gravgods både i den ikkje-kristne og dei kristne gravleggingane; spørsmålet vert dermed, er det noko i den felles kulturelle

---

<sup>258</sup> James, E. *Royal Burials among the Franks*. i Carver M. O. H 1992: s. 246

<sup>259</sup> James, E. i Carver, M. O. H. 1992: s. 246

<sup>260</sup> James, E. 1992: 246ff

<sup>261</sup> James, E. 1992: s. 247

tradisjonen som kan seie noko om kvifor gravkulturen ser ut til å vere eins blant kristne og ikkje-kristne i det nordvestlege Europa?

Felles for heile området var det at det hadde vore i nær kontakt med, eller under romersk administrasjon, sidan Julius Cæsar ekspanderte mot Rhinen på 50-talet før Kristus. Vi er dermed i den heldige situasjonen at vi kan seie noko om gravkultur blant germanarane i tidlegare tider, sidan romarane i lang tid hadde kjend til folkeslaga i Germania.

Tacitus omtalar gravkulturen til germanarane som relativt enkel i det fyrste hundreåret etter Kristus i verket *Germania*. Blant anna seier han dei ikkje brydde seg om å byggje gravmonument, men i staden haugla dei døde under torv og gras. Dei vart gjerne gravlagde med våpna sine. Frå tid til anna vart dei og gravlagde med ein hest.<sup>262</sup> Dette er det sentrale punktet, germanarane vart gravlagd med eigedelane sine. Frå Tacitus sin omtale ser det ut til at dette var ulikt romarane sin gravskikk.<sup>263</sup> I motsetnad til romarane gravla germanarane sine døde med gravgods, og under haug. Fire hundre år seinare, i det sjette hundreåret, hadde kristendommen nådd mange germanske folk, og for framstillinga vert det interessant å sjå om dette hadde endra noko ved den germanske gravkulturen.

I ei undersøking gjort på gravleggingar innanfor murane i Roma i dei sjette og sjuande hundreåra, konkluderar forfattarane av artikkelen med at det er eit tydeleg skilje mellom graver med gravgods, og graver utan. Forfattarane av artikkelen viser at desse to ulike gravleggingsformene er å finne i heilt distinkte delar av byen.<sup>264</sup> Dermed vert konklusjonen til forfattarane at det dreier seg om etnisk sett to ulike grupper og to ulike mentalitetar når det gjeld gravlegging. Ein utan gravgods, kjend frå Middelhavsområdet sidan tidleg kristen tid,<sup>265</sup> og ein med gravgods, som kjend frå germanarane sidan ikkje-kristen tid. Forfattarane set fram moglegheten at det kan dreie seg om gotarane som gravlegg med gravgods. Gotarane er kristne, for gravgodset frå gravleggingane er å finne frå vigsla kyrkjegardar og andre vigsla lokalitetar. Grunnen til at gotarane vert sett fram som mogleg etnisk gruppe, er at

---

<sup>262</sup> Tac. Ger 27 i Thorleif Dahls Kulturbibliotek 1968 (1997): s. 80

<sup>263</sup> For diskusjon av *Germania* og truverdet til verket sjå, Brøndsted, Jens: Jernalder: Historien ytrer seg. Kelttid i Brøndsted *De ældste tider* 1977: s. 347-449

<sup>264</sup> Meneghini, R og Santangeli, V. Intra-murial burials at Rome between the 5th and the 7th centuries AD i *Burial, Society and Context in the Roman World* I Pearce, J. 2000: s. 268

<sup>265</sup> Del Moro, Maria, P. Funerary equipment from the circiforme basilica on the Via Ardeatina(Rome) i Pearce, J. et. al 2000: s. 256- 261

desse hadde vore i området sidan dei vandra inn på den italienske halvøya i byrjinga av det femte hundreåret etter Kristus, som blant anna er omtala i Procopius.<sup>266</sup>

Funnet av graver med gravgods etter alt og døme knytt til gotarane i Italia, gjer det mogleg å føre ein parallel til merovingarriket lenger nord på same tid. Riket var i hovudsak folkesett av eit germansk folkeslag, frankarane. Hovudtyngda av det bysantinske gravgodset er å finne innan, eller i nærleiken av det Merovingiske riket. Frå Tacitus veit vi at det var vanleg hos germanarane å legge ved gravgods hos dei døde. Dette frå hans omtale av gravskikkane til germanarane i det andre hundreåret. Dei arkeologiske utgravingane i Roma frå det sjette og sjuande hundreåret tyder på at denne gravskikken framleis var vanleg hos germanarane. Både dei arkeologiske og dei skriftlege kjeldene har samanfall på dette punktet. Vi kan dermed temmeleg sikkert slå fast at gravgods var vanleg i germanske graver; og i område som i dei sjette og sjuande hundreåra hadde vore kristne i lengre tid, som det sentrale Italia. Sidan det etter alt og døme var vanleg blant germanarane å gravleggje sine døde med gravgods, både kristne og ikkje-kristne, er det naturleg å finne hovudtyngda av gravgodset i områda frå Nord-Italia til Storbritannia. Her var det germanske folk busett. Gravkulturen i Nordvest-Europa reflekterar dette.

Eg har nå slått fast med rimeleg grad av tryggleik at germanarane gravla sine døde med gravgods, både kristne og ikkje-kristne, i det minste til dei sjette og sjuande hundreåra. Sjølv om gravgods var vanleg; kor vanleg, eller representativt, er det store gravfølgje som er lagt ned i Sutton Hoo, Köln og Tournai? Er dette normaltilstanden, eller seier desse gravleggingane noko om spesielle omstende i samfunnet?

Martin Carver har lansert hypotesen om at det på grunn av ytre press frå Merovingarriket vart svært viktig for det lokale aristokratiet i riket sine tilstøytande område å vise makt og styrke kontra konkurrentar og politiske rivalar, både innan riket som i Tournai, men også for mindre rike i den politiske randsona som tilfellet er med Sutton Hoo.<sup>267</sup> Den ekspansive og kristne merovingiske staten kan ha utøvd eit press på områda i denne sona, frå Nord-Italia til det sør austlege Storbritannia. Området ligg direkte sør, aust eller nord for denne ekspansive statsdanninga. Eliten her, i Merovingarriket sin ekspansive sone, med andre ord, den sona der

<sup>266</sup> Procopius Wars III Dewing 1954

<sup>267</sup> Carver, M. *Sutton Hoo Burial Ground of Kings?* 1998: s. 54

ekspansjonen til merovingararistokratiet vart retta, kan ha svara på dette presset ved å markere sitt eige territorium gjennom storlåtte gravleggingar.

Sutton Hoo vert dermed eit dømet på eit mindre rike under ytre press. Den pressa situasjonen kan vere med på å forsterke tradisjonelle verdiar, gjennom gravlegging, og leggje til noko ekstra for å markere styrke og vitalitet kontra andre rike.

Sutton Hoo gravleggjinga var dermed ikkje normaltilstanden, tvert i mot er gravlegginga her ei handling som reaksjon på ytre press, men likevel ei handling innanfor ein eksisterande germansk gravleggingstradisjon.

Sutton Hoo riket var ikkje-kristent, og tett attmed ei ekspansiv kristen statsdanning. Det kan vere med på å forklare den tydlege gravkulturen, med eksklusivt og rikt gravgods. Ei markering av tradisjonelle verdiar som nok like mykje var rette mot den nærmeste naboen i sør, Kent, som var gått over til kristendommen.<sup>268</sup>

I den germanske og europeiske periferien er slike fenomen kjend. I ei studie gjeldande funn av importsaker i vestnorske aristokratiske graver, konkluderar Bjørn Myhre med at desse gjenstandane mest truleg vart lagt ned i gravmaterialet for å markere styrke og status i ein kontekst med stor konkurranse smårike imellom. Bjørn Myhre sin argumentasjon er knytt til statusgjenstandar funne i gravkontekst, og han sluttar frå funna at dei gjenlevande ville manifestere ei makt som enno ikkje var tilstrekkeleg konsolidert gjennom nedlegging av dyre importsaker. Det er dette handlingsmønsteret vi etter mi meiner ser i større målestokk i områda omtala ovanfor. Det bysantinske metallarbeidet som er funne i gravkontekst kan tilskrivast lokal germansk gravleggingstradisjon, men utbreiinga og storleiken av det nedlagde gravgodset ser ut til å vere forstørra sett i samanheng med tidlegare tider. Det er med andre ord noko i den politiske og sosiale situasjonen i perioden som manifesterar seg i gravgodset. På bakgrunn av gravmaterialet, er det etter mi meiner mogleg å seie at dei sjette og sjuande hundreåra var ei tid med politisk og sosialt press på eliten i utkanten av Merovingarriket. Eit press som manifesterar seg i større og dyrare gravleggingar. Det same handlingsmønsteret, og til same tid, rundt 500-600-talet, ser vi etter alt og døme i konkurransen mellom småkongedømma på den norske vestkysten. Her vert gravleggingsmønsteret frå kontinentet gjenteke.<sup>269</sup> Er det

<sup>268</sup> James, E i Carver, 1992: s. 253

<sup>269</sup>"De mange gravene med importsaker kan bety at makten enda ikke var samlet på et fåtall hender, men lå hos flere konkurrerende aristokratiske slekter som bla. gjennom demonstrasjon av

Merovingarriket sitt territoriale og kulturelle press som vert merka så langt bort som Vest-Skandinavia?

I motsett fall, der det gjeld storståtte gravleggingar trygt innanfor grensene til den merovingiske staten, som i Tournai, kan det i følgje Martin Carver tyde på herskaren sitt ønske om å byrje eit dynastisk mausoleum.<sup>270</sup> I den samanhengen er det viktig å plassere statusgjenstandar i grava til grunnleggjaren av dynastiet. Köln vert i alle tilfelle eit unntak, så langt borte frå riket sitt seremonielle sentrum i Paris, og ikkje utanfor rike som tilfellet er med Sutton Hoo i det søraustlege England.

Deltakarane i maktkampen mellom dei ulike smårika, både i Vest-Skandinavia og i området direkte sør, aust og nord for Merovingarriket trengde statusmarkørar for å hevde seg i den lokale maktkampen. Slike statusmarkørar vart henta utanfor folket/stammen sitt ”habitat”. Den lokale eliten gjekk ut, og bort frå sitt eige område, for å hente gjenstandar som kunne legitimere, eller heve statusen deira andsynes deira likemenn heime. Legitimering av status i desse samfunna var enno i stor grad knytt til å på ein eller annan måte å assosiere seg med den leiande statusleverandøren, Romarriket. Den vestlege delen av riket var på 500-talet som kjend ikkje lenger ein politisk realitet, men i aust sat framleis romerske keisarar som kunne låne lokale herskarar legitimitet og prestisje.<sup>271</sup> I det lokale maktspellet ved områda rundt Rhinen og det sørlege Storbritannia i dei sjette og sjuande hundreåra, ser det ut til at gjenstandar frå det austlege middelhavsområdet vart henta heim for å blitt brukt av deltakarane i den lokale maktkampen. Det er dette vi ser spor av i gravmaterialet frå perioden.

---

prestisjevarer forsøkte å legitimere en lederposisjon”. Myhre, B. Rogaland forut for Hafrsfjordslaget i *Rikssamlingen og Harald Hårfagre* 1993:s.47

Wood, I Frankish Hegemony in England i Carver, M. O. H. 1992: s. 253

<sup>271</sup> ” In so far as notions of status and hegemony amongst the sub-Roman kingdoms were expressed in any specific, terms, the terms were borrowed from the later Empire. Recognition from Constantinople had concerned the kings of the Visigoths, the Ostrogoths, the Franks and the Burgundians.” Wood, I Carver, M. O. H. 1992: s. 235

## **C. Bysants og det vestlege Middelhavet.**

Dei arkeologiske undersøkingane frå Marseille og Gervaise, viser til kontakt mellom bysantinske handelsmenn og det vestlege Middelhavet ved byrjinga av det sjuande hundreåret. Bakgrunnen for å seie det er bysantinske artefakter funne ved dei ulike lokalitetane. Spørsmåla som reiser seg kring desse lokalitetane vil eg prøve å svare på i det følgjande.

Dei arkeologiske undersøkingane frå Marseille tyda på ein by som var levande og ekspanderande ved slutten av det sjette hundreåret. Ei tid som generelt er blitt sett på som ei nedgangstid for byen i vest. Kva kan forklaringa på det vere?

Ei av fleire forklaringar som Loseby gir, er at overskotet frå det afrikanske landbruket vart retta mot den merovingiske marknaden, som på dette tidspunktet ikkje var så øydelagd av krig som den tradisjonelle italienske marknaden var. Italia var ei slagmark så lenge det var konflikt mellom ostrogotane og bysantinarane frå 530-talet til 550-talet.<sup>272</sup> Loseby opnar og opp for den moglegheten at mykje av den luksushandelen og gåveutvekslinga som for ein stor del gjekk over Alpepassa, i denne urolege tida vart flytta langs elva Rhône, og langs denne til Provence og Marseille<sup>273</sup>. Ein tredje årsak til at det finnes både afrikansk og austleg keramikk i hamna i Marseille, heng saman med at provinsane ved det indre Middelhavet opplevde ein renessanse ved byrjinga av det sjette hundreåret. Denne økonomiske oppblomstringa viser kanskje att i Marseille sitt hamnebasseng i våre dagar arkeologiske undersøkingar.

Når det gjeld kornskipet frå Gervaise, opnar det opp for fleire spørsmål. Som sett i den arkeologiske gjennomgangen, hadde skipet gjenstandar som knytte det til det austlege Middelhavet. Samstundes ser det ut til at skipet har gått i lokal rute i vest. Det reiser spørsmål om mykje av lokalhandelen i vest var i hendene på sjømenn og kjøpmenn frå aust. Nyttar ein det skriftlege materialet, kjem det fram at det var til ein syrar busett i Napoli Belisarius vendte seg til då han trengde hjelp.<sup>274</sup> Syraren budde

---

<sup>272</sup> Pirennes, H. 1958 (1939): s. 67-75

<sup>273</sup> Loseby, S. T. 1992: s. 182

<sup>274</sup> Procopius Wars V viii 22-23 Dewing 1954 s. 75

der med tanke på å drive maritim handel. Vidare er det kjend at Antiokia i Syria var ein by som hadde vide kontaktar vestover i Middelhavet.<sup>275</sup> Når det gjeld spørsmål kring lasta, er det denne som er mest uklar. Kornskipet frå Gervaise har nær samanheng med kysten av Provence, men det er usikkert om skipet var på veg til Marseille, eller Arles. Skipet var lasta med korn, som kan ha komme frå Afrika, Spania eller det sørlege Gallia. Dermed vert det vanskeleg å seie kor skipet kom frå. Kom skipet frå Spania med korn til Arles eller Marseille? Kom skipet frå Afrika og skulle til dei same stadane? Spørsmålet er vanskeleg å avgjere på bakgrunn av berre vraket.

Spørsmålet kring resten av lasta er og uklart, all den tid det ikkje vert opplyst kor lasta med tjære kom frå. Både Parker og Mango hevdar at tjære kom frå det sørlege Gallia utan å gå meir i detalj.<sup>276</sup>

Det skipet i det minste kan seie noko om er at det hadde eit mannskap der fleire kom frå den austlege delen av Middelhavet. Skipet hadde landsbruksprodukt om bord, og det skulle mest truleg til Marseille eller Arles med desse.

Kva kan seiast om sjølve skipet? Vekta på lasta er sett til å vere mellom 40 og 50 tonn. Det er ei vekt som er mykje mindre enn gigantskipa som frakta korn frå Alexandria til Puteoli og Ostia i keisartida. Desse kunne ha ein lastekapasitet på opp mot 1200 tonn.<sup>277</sup> Van Doornick held fram den moglegheiten at på grunn av nedgangen i handelsvolumet generelt, og den enklare kornfrakta mellom Alexandria og Konstantinopel spesielt, var det ikkje lenger bruk for laugsystemet med *navicularii*.<sup>278</sup> I det sjette hundreåret hadde det meir eller mindre slutta å eksistere. Sidan veldig store skip ikkje lenger var nødvendige, vart det meir og meir vanleg med mindre skip eigde av skipperen sjølv.<sup>279</sup> På slike farkostar kan skipperen ha vore både eigar, skipper og kjøpmann. Etter mi mening eit slikt skip vi ser spora av ved Gervaise. Skal eg spekulere litt er det kanskje eit skip eigm av ein syrar busett i vest, der han sjølv er skipper. Skipet seglar frå hamn til hamn i det vestlege Middelhavet og handlar med dei ulike byane. Jordbruksprodukt frå Afrika og vin frå Gallia til

---

<sup>275</sup> Kennedy, H. og Liebschuetz, J. H. W. G 1988: s. 87

<sup>276</sup> Parker, A. J 1992: s. 372 og Mango, M. M 2001: s. 99

<sup>277</sup> Van Doornick 1972: s. 139

<sup>278</sup> Navicularii var rike landeigarar som investerte delar av formua si i skip. Laugssystemet bygga på avtalar med staten der lauget bygde skip og staten kontraherte dei. Det er dette systemet som går ut av bruk i det sjette hundreåret.

<sup>279</sup> Van Doornick 1972: s. 139

dømes. Samstundes er det funne myntar ved vraket som var prega i aust, det tyder på at mannskapet frå tid til anna var i desse austlege hamnene av ein eller annan grunn. Sjølv om vraket sjølv ikkje tyder på inter-regional handel, er det likevel tydeleg at det var samkvem mellom aust og vest. Dette byggjer eg på funna av keramikk av austleg opphav i Marseille, og funn av myntar og andre gjenstandar frå det austlege Middelhavet ved Gervaise skipet.

## D. Dei numismatiske kjeldene

Materialet som er gjort i skattekontekst består i hovudsak av myntar. Av desse myntane vel eg sjå på ein spesiell type, den reduserte solidien.<sup>280</sup> Grunnen til at eg vil ta opp denne lettare mynten, er at det er eit stort samanfall mellom denne mynten, og funn av bysantinsk metallarbeid. Skattefunna der denne spesielle mynten opptrer, og høgstatus gravene innehaldande bysantinsk metallarbeid, har størst samanfall i områda frå Nord-Italia til det søraustlege Storbritannia. Myntane opptrer vidare med to unntak, eksklusivt utanfor dei politiske grensene til Bysants. Det at mynten finnes nærmast eksklusivt både utanfor dei politiske grensene til Bysants, og på det germanske området, gjer det interessant å sjå nærmere på den.

Mynten har vore via merksemrd i tidlegare publikasjonar.<sup>281</sup> I 1957 publiserte numismatikaren og historikaren Howard L. Adalson ein monografi der han knytar desse lettare solidiane direkte til bysantinsk handel i det sjette og sjuande hundreåret. Adalson si hypotese var at myntane vart utstedt av den bysantinske sentralmakta i fyrste rekke for å drive handel med dei germanske etterfølgjarstatane i vest, sidan det er i vest dei aller fleste av desse myntane er funne. Eit kompliserande moment, er at det saman med dei offisielle bysantinske myntane, og sirkulerar germanske kopiar av desse. Dei bysantinske myntane ser ut til å ha vore nytta i økonomiske transaksjonar på lik linje med dei germanske, all den tid dei er å finne frå dei same lokalitetane.

---

<sup>280</sup> Vekt ordinær solidi 4,5 gram, vekt redusert solidi ca. 3,7 gram. Sjå Adalson 1957 for tabell over myntvekt mellom 491-668, s. 50-52.

<sup>281</sup> Adalson, H. L. *Light Weight Solidi and Byzantine Trade during the Sixth and Seventh Centuries* 1957: s. 78-103 og kommentar til denne monografien i Hendy, F Light Weight Solidi, Tetartera, and the Book of the Prefect i *The Economy, Fiscal Administration and Coinage of Byzantium* 1989: s. 57-80

Eg vel og å sjå bort frå dei germanske myntane i denne framstillinga, all den tid det er bysantinske kontaktar vestover eg søker å finne svar på. Eg vil i det følgjande vise til dei lokalitetane mynten er funne utanfor Bysants sine politiske grenser.<sup>282</sup>

#### Områda på begge sider av Rhinen

Frå sju lokalitetar er det gjort funn av den reduserte solidien. Myntane frå dette område er funne både om skatte- og gravfunn, men med ei lita overvekt av skattefunn.

#### Storbritannia/søraustlege delar

Funnomstenda til myntane er uklare. Ein lokalitet er ukjend, medan den andre vart gjort som eit lausfunn i ei kalkgruve.

#### Nord-Italia

Det er gjort funn av den reduserte mynten frå tre lokalitetar i dette området, og dei gjort som gravfunn

#### Nord for Donau og Nordaust-Europa(Balkan og Baltikum)

Omstenda rundt funna av myntane er uklare. Ein lokalitet er berre kjend under merkelappen funnstad Balkan. Ingenting om omstenda rundt funnet eller kor mynten vart funne. Dette får konsekvensar for den metodiske diskusjonen, sidan det ikkje er mogleg å seie noko kring konteksten og heller ikkje noko kring omstenda rundt funna av myntane.

### ***E. Bysantinske myntar i Nordvest-Europa.***

Ei overvekt av dei reduserte solidiane er funne som skattefunn i Nordvest-Europa, sjølv om dei og er funne i gravmaterialet. Sidan eg drøfta bakgrunnen for at aristokratiske graver hadde rikt gravgods i førre avsnittet, vil eg rette fokuset mot myntane som skattefunn.

Eit problem ved å nytte dei reduserte solidiane son kjelde, er at dokumentasjonen kring dei i mange tilfeller er manglande, slik at der er vanskeleg å avgjere i kva kontekst dei i det heile teke er funne. Av totalt seks skattefunn frå Nordvest-Europa,

---

<sup>282</sup> Adalson, H. L 1957: s. 78-103

er det berre to der den offisielle reduserte solidien er å finne og der funnkonteksten er klar. Dei to lokalitetane er begge frå Nederland, frå det same område, rundt byen Groningen i nordaust mot grensa til Tyskland, det er desse eg vil sjå nærmere på.

Den fyrste lokaliteten eg vil presentere er funne ved landsbyen Wieuwerd. Skattefunnet inneheldt redusert solidi, blanda med smykke, ringar og 29 andre myntar av lokalt germansk opphav. Datering av funnet er sett til ca. 610-630 på bakgrunn av den yngste germanske mynten.<sup>283</sup>

Funn to kjem frå ein lokalitet i same område, landsbyen Nietap. I motsetnad til funnet frå Wieuwerd inneheldt dette funnet ingen smykke, berre myntar. Myntar som tydleg hadde vore i sirkulasjon på bakgrunn av graden av slitasje på myntane. Myntane var i stor grad lokale germanske myntar, mest truleg prega i Merovingarriket. Datering på funnet er sett så seint som til 650-675 på bakgrunn av dei yngste germanske myntane. Funnet er altså seint i forhold til dei andre funna eg har nytta, men reduserte solidi frå keisar Heraclius(610-641) si regjeringstid frå byrjinga av 600-talet er funne, og det gjer det etter mi meining rett å ta dette funnet med.<sup>284</sup>

I spørsmålet kring bysantinsk metallarbeid i gravfunn, vert det viktig å avgjere kva gravkultur som låg til grunn for gravleggingane. Kva geografiske område gjaldt det, spørsmål kring etnisitet, representativiteten til materialet og så bortetter. Når det gjeld skattefunn, er det ikkje så viktig å avgjere innan kva etnisk gruppe eller kultur dei verdifulle sakene vart grave ned; all den tid vi for ein stor del veit kvifor verdifulle saker endar opp i skattefunn. Ei av årsakene til at myntar og andre verdigenstandar vert grave ned, og mest truleg den viktigaste, som resultat av ufred og krig.<sup>285</sup> Grunnen til at dei vert funne våre dagar, og dermed årsaka til at verdigenstandane ikkje vart henta i fortida, er at den eller dei som kjende til

---

<sup>283</sup> Adalson, H. L. 1957: s. 85

<sup>284</sup> Adalson, H. L. 1957: s. 89

<sup>285</sup> Sture Bolin knyta allereie i 1926 skattefunn til krig og ufred., etter å ha gått gjennom skattefunn frå Skåne på 16-1700-talet ” Endast ca. 14-18 % falla altså på fredsår, 82-86 % äro nedlagda under krigstid(...) I själva verket visa fynden altså intet annat än härjningar, krig och olyckor. Att av skattrikdommen sluta seg til att penningar förekommit i norra Skåne i större skala än ännorstädes, vore urimligt. Men lika orimligt är det att göra liknande slutsatser för förhistorisk eller tidlig historisk tid Bolin, S *Fynden av romerska mynt i det fria Germanien: studier i romersk och äldre germansk historia* 1926: s. 203

lokaliteten har blitt hindra av ein eller annan grunn. Frå skattefunnet kan det vidare sluttast at området har vore folkesett, og at det har vore interessant nok for ein omvandrande hær å plyndre, sidan fortidige hærar stort sett levde av landet heilt fram til nyare tid.<sup>286</sup> Sidan hærane levde av landet, vil dei generelt røre seg i området der det er noko i hente i aller vidaste forstand. Menneske som kan seljast som slavar, mat til hæren og føde til trekkdyra, verdigjenstandar å plyndre.

Det treng sjølvsagt ikkje berre dreie seg om hærar som aleine leiar til at skattar vert grave ned.

Ein annan moglegheit er at det er landevegsrøvarar som har grave ned bytte. Bolin sine tal viser at over 80 prosent av skattane frå Skåne vart grave ned i krigsår, medan om lag 20 prosent var frå år utan registrerte krigshandlingar. Desse 20 prosentane kan etter mi meining tilskrivast landevegsrøvarar, som av liknande grunnar som ovanfor ikkje har henta skattane.

Når det gjeld myntane frå Nederland konkret, var området der myntane vart funne, slik eg tidlegare skrive, under press frå Merovingarriket.<sup>287</sup> Samstundes er det frå dette området, nær Rhinen og handelsbyen Dorestad, at mykje av det bysantinske metallarbeidet er funne. Det er tydeleg at dette området har vore sentralt og viktig å kontrollere politisk. Det kan vere med på å forklare dei rike gravleggingane og funna av skattar herfrå.

Adalson sjølv, i monografien frå 1957, meiner at funn av mynt, eller kopiar av mynt, gjer at det er mogleg å snakke om økonomisk aktivitet.<sup>288</sup> Han knyt vidare funna av den reduserte solidien til ei spesiell handelsrute. Handelsruta over Alpane, langs Rhinen og over den engelske kanalen.<sup>289</sup> Ei slik tolking er plausibel, sidan det er frå dette området mest alle funn av redusert solidi er gjort. Problemet med ei slik tolking derimot er, som påpeika av Bolin, at det er ingen automatikk mellom funn av myntar og handel.<sup>290</sup> Difor vil eg ikkje i den vidare argumentasjonen knyte mogleg

<sup>286</sup> Peter Englund har omtala den svenske hæren sin marsj gjennom Polen og Russland i 1709, og korleis den var nøydd til å leve av landet. "Når en stat først har utrustet en krigshær, var man tvunget til å få den ut av ens eget land så rakt som mulig og inn på fiendtlig territorium hvor den kunne livnære seg av mer eller mindre utspekulerte plyndringsmetoder" Englund, P *Poltava* 1993(1988): s. 24-25

<sup>287</sup> Sjå argumentasjon ovafor

<sup>288</sup> Adalson, H. L. 1957: s. 78

<sup>289</sup> Adalson, H. L. 1957: s. 99

<sup>290</sup> Sjå note 285 ovafor

bysantinsk handel til redusert solidi aleine. Faktum er like fullt, at det frå dette området er å finne bysantinske metallvarer i form av bronse og sølvgjenstandar og dei reduserte solidiane i mykje større kvanta enn det er frå noko anna område utanfor dei politiske grensene til Bysants. Det interessante slik eg ser det, er at myntane med redusert vekt, og gjenstandane av bronse og sølv opptrer saman langs noko som har vore ei samferdsleår i svært lang tid. Eit anna interessant poeng er at det er frå den frisiske handelsbyen Dorestad at alle tre statusmarkørane er til stades, og det var ved denne byen den viktige ferdslle og handelsvegen Rhinen nådde havet.

## **F. Dei skriftlege kjeldene**

Det arkeologiske materialet merka ut områda i Nordvest-Europa som eit hovudområde for bysantinske metallvarer. Korleis vert biletet når dei skriftlege kjeldene vert tekne til vurdering. Er det dei same områda som vert omtala av dei samtidige forfattarane?

Merksemda til dei samtidige, greske, forfattarane var naturleg nok retta mot dei områda i samfunnet, geografiske som politisk/sosiale, som dei på ein eller annan måte hadde interesse av. Når det gjeld stoda i dei sjette og sjuande hundreåra, er det særleg regjeringstida til keisar Justinian som har produsert mykje skriftleg materiale. Dei ulike krigane vert grundig omtala, og difor veit vi relativt mykje om dei ulike konfliktområda; grensa mot Sassanideriket, Italia og Afrika. Områda på Balkan var under større press om lag hundre år tidlegare, og eg vel å ta med kronikøren Priscus sidan hans omtalar kan kaste lys over den arkeologiske situasjonen på Balkan, samstundes som interaksjonen mellom romarane og andre folkeslag vert vektlagd av kronikøren.

Kjeldene omtalar geografisk distinkte område. Difor vel eg å skilje mellom kjelder med Balkan som hovudfokus, og kjelder med det vestlege Middelhavet som hovudfokus.

## F1. Skriftlege kjelder omhandlande Balkan

Kva seier dei skriftlege kjeldene når det gjeld samhandling mellom romarane og folka på Balkan?

Kronikørane Priscus og Procopius levde i ei tid der den tradisjonelle romerske staten var sett under eit veldig press av ulike folkegrupper som søkte mot den romerske statsdanninga. Dette pregar historieframstillinga deira.<sup>291</sup> Av dei samtidige forfattarane som har omtala hendingane på Balkan, er Priscus svært sentral, sidan han var augnevitne til desse på 440-talet, som kronikør i forhandlingane mellom keisar Theodosius II (408-450) sin utsending og Attila. 440-åra var ei tid der dei romerske provinsane vart plyndra og herja, særleg av hunarane. På vegen mot Attila sin tilhaldstad omtalar Priscus i fyrste rekke tilhøvet til dei han reiser med og menneske han møter, men i samanheng med plyndring, er det ein omtale hos Priscus som er vesentleg.

Som eit resultat av ufred og krig vart kjøpmannen i omtalen teken til fange, og eigedommane han hadde konfiskerte. Priscus seier dette om hendinga.

(...) “He laughed and said that he was a greek and for puposes of trade he had gone to Viminacium, the city in Moesia on the river Danube. (...)When the city was captured by the barbarians, he was deprived of all his prosperity and, because of his great wealth was assigned to Onegesius himself (...) for after Attila the leading man of the Scythians”.<sup>292</sup>

Ei hending som er interessant når det gjeld utveksling av varer, kjem då følgjet til Priscus møter ei kvinne gift med hunarleiaren Bleda, Attila sin bror. Passasjen viser kva varer som vart verdsett av hunarane dryge hundre år før Justinian si tid.

(...)"We visited the queen, thanked her, and repaid her with three silver bowls, red skins, Indian pepper, dates and other dried fruit which the barbarians value because they are not native to their country".<sup>293</sup>.

Neste døme seier noko om direkte om handel mellom romarane og hunarane, og problema det kunne føre med seg.

---

<sup>291</sup> Procopius Anecdota xxiii 5-6 Dewing 1954 (Loeb): s. 269

<sup>292</sup> Priscus Exec. de Leg. Gent 420-425:Overs. Blockley, R. C 1983: s. 269

<sup>293</sup> Priscus Exec. de Leg. Gent 305-310 Blockley, R. C. 1983: s. 263

(...) and that in the old manner they should meet with the Romans at the Danube, establish a market and exchange whatever they required. (...) the Emperor's view was that the Huns, who had done much damage to his territory should not have access to Roman trade.<sup>294</sup>

Døma ovanfor er med på å forklare kvifor statusgjenstandar finnes på Balkan.

Hunarane var tydleg interesserte i det romarane kunne by på.

Ei liknande forklaring på kvifor statusgjenstandar finnes på Balkan, er at det var frå dette området, som sett ovanfor, mange av invasjonane som råka Romarriket kom.

Utbetalingar til barbarane er forsikring mot større skade om fienden kjem over på eige territorium.

Denne informasjonen refererar til ein slik avtale mellom romarane og hunarane som herja Balkan i det femte hundreåret.

" After the battle(...) a treaty was negotiated(...) The terms were as follows: The fugitives should be handed over to the Huns, and six thousand pounds of gold be paid to complete the outstanding installments of tribute; that the tribute henceforth be set at 2,100 pounds of gold per year(...)"<sup>295</sup>

Procopius er enda meir spesifikk i sin omtale av denne praksisen.

"(...) for you give an annual payment of gold to some of the Huns and to the Saracens, not as tributary subjects to them, but in order that they may guard your land unplundered for all time"<sup>296</sup>

## F2. Skriftlege kjelder omhandlande det vestlege Middelhavet

I keisartida vart Middelhavet kalla Mare Nostrum av romarane. I det femte hundreåret vart denne posisjonen broten då germanske folkeslag tok over dei vestlege provinsane og busette seg der permanent. Krigen mot vandalane i Afrika, og gotarane i Italia, var viktige for at Mare Nostrum skulle verte ein realitet for romarane att. Procopius skriv om desse hendingane og andre, men mykje av forfattarskapet hans er via krigen mot gotarane i Italia og vandalane i Afrika.

Naturleg nok er det dei ulike krigshandlingane om får størst fokus, men Procopius refererar og indirekte til kjøpmenn og handelsverksemder ved fleire høve. Erobringa av den tidlegare romerske provinsen Libya får stor omtale i i Procopius sine tekstar.

Ikke så unaturleg, då dette området sidan keisartida hadde vore svært viktig for

---

<sup>294</sup> Priscus Exec. de Leg. Gent 18 Blockley, R. C. 1983: s. 353

<sup>295</sup> Priscus Exec. de Leg. Gent 3 1-10 Blockley, R. C 1983 s. 237

<sup>296</sup> Procopius Wars II x. 23-xi 3 Dewing, H. B. 1954: s. 351

kornforsyninga av Roma. Å bringe det attende under romersk kontroll var både symbolsk og relativt økonomisk viktig.<sup>297</sup>

Både i samband med krigshandlingar og i fredelegare tider, får omtalar av korn og kornforsyning framtredande plass i teksten til Procopius,<sup>298</sup> mest truleg sidan dette var ei svært viktig side ved samfunnet. Manglande kornforsyning førde til svolt i store bysamfunn, og å bringe ein trugande situasjon under kontroll gjennom oppkjøp var viktig.<sup>299</sup> Eg vil i det følgjande sjå på både dei kjeldene som omtalar kornforsyning, og dei kjeldene som omfattar handel i meir generelle vendingar. Dei fyrste døma eg nyttar er alle knytt til handel i meir generelle termar.

Den fyrste presentasjonen av kjøpmenn eg viser, gjeld ei gruppe som er blitt tekne til fange av vandalane sin konge, Gelimer.

"In that place, as it happened, many of the eastern merchants had been confined up to that time. For Gelimer was angry with these men, charging them with having urged the emperor on to the war"<sup>300</sup>

Frå same teksten kjem den neste omtalen av kjøpmenn, og deira møte med den bysantinske generalen Belisarius.

" There a group of merchants (...) came before Belisarius with much shouting, persons whose homes were on the sea and they made the charge that there had been robbery of their property on the preceding night (...)"<sup>301</sup>

I ei anna hending vert vi kjend med ei av rutene kjøpmennene nytta når dei segla vestover frå Kartago.

" For one merchant ship sailing for trade had put out from Carthage on the very same day as the army marched into the city, and finding a favouring wind, had come to Spain"<sup>302</sup>

Det finnes ein indirekte omtale om kva varer som var etterspurde blant vandalane i Afrika.

" For of all the nations we know that of the Vandal is the most luxurious (...) they wore gold very generally, and clothed themselves in the Medic, garments; which now they call seric"<sup>303</sup>

---

<sup>297</sup> "It would therefore seem probable that the revenues deriving from the African diocese amounted to somewhere in the region of 480.000 solidi." Hendy, M 1985: s. 167

<sup>298</sup> Procopius Wars V xiv 16, V xxvi 9, VI iii 8 s. 149, 251 og 311 i Dewing 1954

<sup>299</sup> Procopius Anecdota xxii 17-20 Dewing 1954 s. 259-261

<sup>300</sup> Procopius Wars III xx 1-7 Dewing 1954: s. 171

<sup>301</sup> Procopius Wars III xx 21-xx1 3 Dewing 1954: s. 177

<sup>302</sup> Procopius Wars III xxiv 9-19 Dewing 1954: s. 199

Ikkje så ofte, men det finnes og referansar til kjøpmenn frå Italia.

"And he(**Belisarius, min merknad**) was assisted in his efforts by Antiochus, a man of Syria, but long resident in Naples for the purpose of carrying on a shipping business<sup>304</sup>

Ei ny form for skattlegging av handel vart innført under Justinian, ei havnetoll som skulle leggast på kvart skip som kom til Konstantinopel. I utdraget under refererer Procopius til kor enkelt av handelsskipa kom frå.

"He (**Justinian, min merknad**) either penalized the ship-masters the value of their ships or else compelled them to put back to Libya and Italy.<sup>305</sup>

Kjeldene som omtalar korn og kornforsyning viser først og fremst staten si tilknyting til kornet. Procopius var offentleg kronikør, og han har staten sitt blikk på desse temaene.

Inntrykket som kjem fram ved å lese desse kjeldene, er at det er staten, eller samfunnet som er garantist for at varene kjem fram til marknaden.

Under ser vi to døme på staten eller samfunnet si interesse i å halde byane forsynt med korn og mjøl.

Her følgjer eit døme frå Roma, der møllene kring byen vert omtala.

"And opposite this flat ground (...) it happens that there is a great hill where all the mills of the city have been built from old (...) so that it might never be possible for an enemy to destroy the mills (...)<sup>306</sup>

Som det sjåast frå det neste utdraget var det ikkje berre romarane som sorgja for å ha nok korn til innbyggjarane. Praksisen med å dele ut offentleg korn fortsette og under gotarane sitt styre i Italia, og Roma er nok ein gong byen det er snakk om.

"And to the beggars (...) he (**gotarleiaren Teoderic, min merknad**) ordered that the Treasury should for ever supply each year three thousand measures of corn"<sup>307</sup>

Eg har no presentert dei arkeologiske, numismatiske kjeldene frå perioden.

Spørsmåla dei reiser vil eg prøve å svare på i det følgjande.

---

<sup>303</sup> Procopius Wars IV vi 3-10 Dewing 1954: s. 257

<sup>304</sup> Procopius Wars V viii 22-23 Dewing 1954 s. 75

<sup>305</sup> Procopius Anecdota xxv 7-12 Dewing 1954: s. 295

<sup>306</sup> Procopius Wars V xix 5-11 Dewing 1954 s. 187

<sup>307</sup> Procopius Anecdota xxvi 30 Dewing 1954 s. 313

## **G. Samkvem mellom Bysants, Balkan og Vest-Europa**

Kjeldene frå Balkan og det vestlege Middelhavet omhandlar to geografisk sett ulike område. Handelen det er snakk om på Balkan, går over land og fjell, skogar og elvar. Nokre delar av Balkan er nær store elvar, som Donau og dette kan lette handelen. Andre delar av området er så nært Konstantinopel at det løner seg å frakte korn, og andre landbruksvarer til byen. For største delen av Balkan derimot har situasjonen vore slik at det har vore langt til nærmeste by. Handelen var dermed knytt til varer som det lønte seg å frakte i vanskeleg terren. Dette må vere varer som er lette nok til at dei kan frakta langt av garde, samstundes som varene må få ein god pris når dei kjem fram, slik at handelen løner seg. Rav og pelsverk er døme på slike varer som var ettertrakta frå dette området.

Når det gjeld handelen i det vestlege Middelhavet er kjeldene klare med omsyn til at det i mange tilfelle dreier seg om maritim handel. Det er ikkje så unaturleg, sidan mange av dei største byane rundt Middelhavet ligg ved havet, og kan lett nåast ved maritim handel. Situasjonen for dei to områda vert difor tydeleg annleis. På Balkan handel knytt til handel over land, i det vestlege Middelhavet handel knytt til sjøen. Difor meiner eg det er rett å omtale desse områda separat, og når eg diskuterar kjeldene.

**G1 Kommentar til Priscus sine kjelder frå Balkan.**

I tekstudraget ovanfor er det Priscus si sendeferd til Attila som er utgangspunkt for å seie noko om handel mellom Bysants og denne delen av verda. Varene omtala i teksten av Priscus viser til varer som sendeferda til Attila tok med seg. Priscus seier at dei hadde med seg; sølvbollar, raudt skinn, pepar frå India, dadlar og tørka frukt. Desse gåvene vart gitt som takk for gjestfridom. Det er neppe tilfeldig at desse varene vart tekne med, deltakarane i ekspedisjonen må ha visst at slike varer vart verdsette, og det kjem og fram i passasjen at dette var varer som vart mottekne med glede. Kva kan seiast om desse varene?

For det fyrste er det varer det er lett å frakte med seg. Vidare er det diplomatiske gåver, men det er vel ikkje utenkeleg at det og vart handla med slike varer, sjølv om det ingenstad hos Priscus nemnast at handel fann stad med desse varene.

For det andre seier kjelda ingenting om kor varene var framstilte, men det er truleg at i det minste sølvvarene kom frå innan riket. Sølvvarene kan ha blitt framstilla i Sardis, der det var statlege våpensmier og eit miljø for metallarbeid.<sup>308</sup> Utanom Sardis er Konstantinopel og ein moglegheit. Kronikøren Malchus nemner at det vart framstilla bronse der.<sup>309</sup> Den tørka frukta og dadlane kjem og innanfrå riket, all den tid dette er før arabarane si erobring av Midtausten, og dei områda der som produserar dadlar den dag i dag. Peparen derimot er heilt tydleg frå India, det går fram av kjelda. Når det gjeld den siste varegruppa, raudt skinn, seies det ingenting om kva type skinn det er, men å slutte at det er behandla er kanskje mogleg, all den tid det vert spesifisert som raudt.

Rav og pelsverk var to varegrupper eg nemte ovanfor som døme på varer det lønte seg å frakte over skog og fjell, sidan verdien av desse varene var høg. Priscus seier ingenting om verken rav eller pelsverk, men det er interessant å knyte det han seier om sølvbollar til sølvgenstandar funne i Latvia. Desse gjenstandane vert omtala av Mango i artikkelen frå 1996. Desse sølvvarene hadde eit keisarleg godkjenningsstempel frå keisar Anastasius (491-518).<sup>310</sup> I den tidlegare refererte artikkelen, set Mango sølvvarene i samanheng med handelen med rav frå Austersjøkysten, ein handel som på 5-600-talet hadde vore kjend for romarane lenge.

<sup>311</sup> Rav var etterspurd i keisartida, og det er ingen grunn til å tru at etterspurnaden etter den vart mindre i bysantinsk tid. I samanheng med handel med folka på andre sida av grensa, er det interessant å vise til møtet mellom Priscus og den greske kjøpmannen som hadde flytta til ein grenseby og tent seg rik på handel. Kan det vere handel med rav og pelsverk frå dei baltiske stredene som har gjort denne mannen rik?

---

<sup>308</sup> For diskusjon kring produksjon av metallprodukt og deira produksjonsstader, sjå: Mango M. M Non-Ceramic Evidence for Late Antique Industry and Trade i *Economy and Exchange in the East Mediterranean in Late Antiquity* 2001: s. 93-95

<sup>309</sup> Malchus 11 i Blockley 1983: s. 419

<sup>310</sup> Mango, M. M. 1996: s. 42

<sup>311</sup> Mango, M. M. 1996: s. 42

Noko som tyder at rav framleis var etterspurd og verdsett, er nettopp funnet av stempla sølv så langt borte frå det bysantinske riket som Latvia.

Skriftleg omtale av rav frå Austersjøkysten finnes hos Tacitus, som nemner handel med rav frå områda rundt Austersjøkysten i *Germania*. Han seier vidare at germanarane som levde langt frå den romerske grensa ved slutten av det fyrste hundreåret, ikkje hadde forståing for kva verdiar det låg i raven, og at dei vart overraska då dei vart betalt for den.<sup>312</sup> *Germania*, og Tacitus sin bakgrunn for å skrive verket er omdiskutert, men inntrykket ein sit att med er at verket i det store og heile gir eit korrekt bilet av Germania, sett av ein romersk embetsmann.<sup>313</sup>

Priscus var klar då han omtala tilhøva på Balkan, interaksjonen mellom hunarane og romarane hadde preg av diplomati. Berre ein gong viser han til ein handelsmann.

Dermed må dei diplomatiske transaksjonane gis plass i teksten.

Diplomatisk transaksjonar mellom romarar og folk busett utanfor grensene var vanlege. Eit slikt tilfelle fann stad hundre år etter Priscus sine skildringar og ferda hans til Attila sitt hoff. Hendinga vert referert av Procopius. I ein lengre omtale vert ferda til erularane frå Illyricum til Skandinavia omtala.<sup>314</sup> Ein del av stamma vart varande tilbake, i nærleiken av byen Singidunum(Beograd) i Illyricum. Den delen av stamma som vart varande, tinga ein leiar frå heimlandet<sup>315</sup> i strid med keisar Justinian sin ønskjer. Utan å gå i vidare detalj, kjem det frå Procopius fram at ein leiar vart vald blant den delen av erularane som var busett i Konstantinopel, og at han vart innsett med støtte frå keisaren, mot den valde frå Thule (Skandinavia).<sup>316</sup>

Med tanke på status og prestisje er det naturleg å tenke seg at keisaren sin utvalde leiar kom med prestisjevarer for å understreka makta til keisaren og den beståande makta i Konstantinopel. Samstundes kjem det fram frå kjeldene at romarane betalte ut store summar, som kom hunarane til gode. Procopius seier eksplisitt at det løner seg å betale folka busett utanfor grensene slik at dei ikkje skal verte freista til å plyndre landet på andre sida. Slike overføringer frå Konstantinopel til ulike folkeslag på Balkan kan i tillegg til handel vere med på å forklare funnrikdommen, særleg når

<sup>312</sup> Tac. Ger. 45 i Thorleif Dahls Kulturbibliotek 1997 (1968): s. 93

<sup>313</sup> For diskusjon av *Germania* og truverdet til verket sjå, Brøndsted, Jens: Jernalder: Historien ytter seg. Kelttid i Brøndsted *De ældste tider* 1977: s. 347-449

<sup>314</sup> Procopius Wars VI xv 1-6 – xv. 36 i Dewing 1954 s. 415-425

<sup>315</sup> Mest truleg Vest-Skandinavia etter Procopius sin omtale. Procopius Wars VI xv 1-6 s. 415 i Dewing 1954

<sup>316</sup> Procopius Wars Vi xv 36 Dewing 1954 s. 423-425

det gjeld sølv i dette området. Det må sjølvsagt leggast til at utbetalingane frå Bysants ikkje alltid vart følgt opp, som utdraget frå Priscus viser.<sup>317</sup> Likevel vart store summar overført til folkeslaga på motsett sida av grensa.

Det er nær sagt umogleg å kvantifisere omfanget av handelen på Balkan. Skifta like store summar hender i reine handelstransaksjonar som det gjorde i diplomatiske, er det snakk om betydelege beløp. Både i absolutte og relative tal.

## G2 Kommentar til kjeldene frå det vestlege Middelhavet.

Kva kan seiast om dei ni utdraga frå Procopius sin omtale av handel i det vestlege Middelhavet?

For det første er det i all hovudsak maritim handel det er snakk om, seks av utdraga omtalar skip, eller handel over havet i ei eller anna form.

For det andre er det mogleg å seie kva område som heilt sikkert var ein del av handelsnettverket.

Spania vert nemnt, Italia, Libya, Konstantinopel, Kartago og ei generell nemning av kjøpmenn frå aust i Kartago, som kanskje kan ha vore syrarar. Det sørlege Gallia vert ikkje nemnt, men vi veit blant anna frå arkeologiske kjelder at og dette området var deltakar i handelen rundt det vestlege Middelhavet.

For det tredje får vi vete litt om varene. Procopius seier at vandalane er opptekne av luksus. Dei kler seg i silke og brukar gull regelmessig. Gull og silke er varer som det løner seg å frakte langt, og kanskje er det kjøpmenner frå aust som sørger for at vandalane sitt aristokrati kan kle seg standsmessig.<sup>318</sup>

Dei to siste utdraga handlar om korn, og kor viktig det var å få sikre forsyningar av denne vara. Ikkje berre romarane syntes det, og gotarane etter at dei hadde teke over Roma sørja for kornforsyninga til byen. Det som ikkje kjem like godt fram er at det nok og har vore mykje privat initiativ rundt kornforsyninga. Noko som kan tyde på det er noko Procopius sjølv skriv. Han skriv at provinsen Libya hadde blitt rik, sidan den hadde så mange jordbruksprodukt å selje.<sup>319</sup>

---

<sup>317</sup> Sjå note 295 ovafor

<sup>318</sup> Sjå note 303 ovafor

<sup>319</sup> Sjå omtale ovafor

Procopius skriv at eit skip la ut frå Kartago og i retning Spania den dagen åtaket på byen vart sett i gang. Varene slike kjøpmenn kunne tenkast å handle med, var dei lokale varene frå provinsen Afrika. Provinsen Afrika var under republikken og i keisartida eit av dei områda som vart nytta for å sørge for korn til Roma. Området vart og i seinantikken rekna som eit godt jordbruksområde.<sup>320</sup> Landbruksvarer som korn, olivenolje og andre varer vart frakta mellom landa på kvar side av Middelhavet. Rikdommen til provinsen vert attestert av Procopius. Etter alt og døme meinte Justinian at utgiftene til Afrika-felttoget kunne dekkast inn gjennom inntektene frå provinsen. Dette går fram i eit avsnitt der rikdommane til provinsen Libya vert omtala av Procopius. Her omtalar han Libya som rikt på alle jordbruksprodukt. Rikdommane var ikkje blitt betalt ut provinsen i form av skattar, slik at provinsen hadde fått bli rik på dei 95 åra det hadde gått sidan romarane mista kontrollen over den.<sup>321</sup>

Eit interessant moment kjem fram i det vandal leiaren Gelimer skuldar kjøpmennene frå aust for å ha framprovosert krigen, ved å oppfordre keisaren til slike handlingar. Kven var kjøpmennene frå aust? Kjøpmennene frå aust var nok kjøpmenn frå det bysantinske riket, sidan Gelimer skuldar dei for å stå i leidetog med keisar Justinian. Kjøpmennene kan ha vore bufaste i Kartago, som tilfellet var med syraren i Napoli. Ein annan moglegheit er at dei var agentar for store landeigarar med mange varer å selje busette i aust. Ein av dei største landeigarane og handlande i aust var patriarkatet i Alexandria.

Det er blitt argumentert at patriarkatet i Alexandria var den største og rikaste landeigaren i Egypt under Justinian.<sup>322</sup> Handelen som vart gjennomført i namnet til patriarken i Alexandria, var av store dimensjonar. Eit døme som kan understreke kor store mengder det er snakk om vert illustrert i helgenvitaen til Johannes den barmhjertige, som var patriark i Alexandria på slutten av det sjette hundreåret.

---

<sup>320</sup> Hendy, M. 1985: s. 167

<sup>321</sup> Procopius Wars IV iii 26-iv Dewing 1954 s. 235

<sup>322</sup> Monks, G. R. The Church of Alexandria and the City's Economic Life in the Sixth Century. i *Speculum* nr. 28 1953: s. 350, note 10

Tretten skip var undervegs til Alexandria, men på grunn av dårlig vær i Adriaterhavet, måtte delar av lasta til ein verdi av 244,000 solidi<sup>323</sup> kastas over bord. Historia viser sjølvsagt kor barmhjertig patriarken i Alexandria var som tilgav kapteinane som hadde trossa åtvaringar om å gå ut i dårlig vær.<sup>324</sup> Samstundes ser ein kor store verdiar det kunne vere i handel, og kor rikt patriarkatet i Alexandria var. Til samanlikning har Hendy gjort utrekningar som tilseier at inntektene staten hadde frå provinsen Afrika var om lag 480.000 solidi i året, etter at provinsen vart erobra attende på 530-talet.<sup>325</sup> Verdiar tilsvarende halvparten av staten sine inntekter frå provinsen Afrika vart kasta over bord av kjøpmenn i teneste hos patriarken av Alexandria. I helgenitaen vert det sagt at skip frå patriarken i Alexandria handla over heile Middelhavet, og patriarkatet skal til og med ha sendt skip for å handle direkte med Cornwall.<sup>326</sup>

Ein annan by kjøpmennene frå aust kan ha handla med er Konstantinopel, for Procopius nemner at kjøpmenn reiste frå Afrika og Italia for å handle i Konstantinopel.<sup>327</sup> Skal kjøpmennene hatt moglegheit til å påverke keisaren, må dei vere i regelmessig kontakt med Konstantinopel. Ein by som hadde fleire ulike handverk innanfor bymurane, og som sett var i kontakt med store delar av den mediterrane verda.

Den tredje byen kjøpmennene frå aust kan vere frå er Antiokia. Ein by som hadde nære kontakta med det vestlege Middelhavet, og kor mange kjøpmenn reiste ut frå, som tilfellet var med syraren i Procopius sin tekst ovanfor.<sup>328</sup> Antiokia var og ein by som opplevde økonomisk framgang ved byrjinga av det sjette hundreåret. I dette tidsrommet aukar talet på olivenpresser i nærleiken av byen, noko som tyder på auka forbruk av oliven i Antiokia, men dette kan og peike til eksport av olivenolje frå landsbyane rundt Antiokia til andre delar av middelhavsområdet.<sup>329</sup>

---

<sup>323</sup> Ein solidi er ein syttitoandel av eit romersk pund; ein solidi vog omlag 4,5 gram i Justinian si regjeringsstid.

<sup>324</sup> Monks, R. G. 1953: s. 358, note 75

<sup>325</sup> "It would therefore seem probable that the revenues deriving from the African diocese amounted to somewhere in the region of 480,000 solidi." Hendy, M 1985: s. 167

<sup>326</sup> Monks, R. G. 1953: s. 356, note 50, 51, 52, 53 og 54

<sup>327</sup> Procopius Anecdota xxv 7-12 Dewing 1954: s. 295

<sup>328</sup> Sjå note

<sup>329</sup> Downey, G A *History of Antioch in Syria* 1966 (1961): s. 503

På bakgrunn av dei skriftlege kjeldene til Procopius, vert biletet av handelen rundt det vestlege Middelhavet spesielt, og Middelhavet generelt i det sjette hundreåret relativt klart. Handel mellom aust og vest i Middelhavet fortsette og då vandalane styrde provinsen Afrika. I Spania og det sørlege Gallia var det og germansk styre, og det ser ut til at handelen med desse områda har fortsett som tidlegare.

Det er ikkje mogleg å seie på bakgrunn av Procopius om det er vandalane sine handelsfolk som reiser vestover frå Kartago til Spania. Derimot vert det spesifisert at det er kjøpmenn frå aust som vert skulda av Gelimer å stå i leidetog med keisar Justinian. Vidare skreiv Procopius at vandalane var glade i luksusvarer det ikkje var råd å få tak ved Middelhavet, silke og gull.

Det kan verke som om det dreidde seg om to typar kjøpmenn. Lokale som handla med jordbruksvarer frå Afrika, og kjøpmenn frå aust, kanskje syrarar, som var i kontakt med marknadane for luksusvarer. Luksusvarer som nådde den romerske verda i Alexandria og Antiokia.

## ***Oppsummering***

Eg byrja dette kapitelet med eit hovudspørsmål knytt til romarane sin interaksjon med dei germanske etterfølgjarstatane. I dette spørsmålet låg det eit ønske om å få svar på to ting. Kva type interaksjon er det snakk om, og er det mogleg å seie noko om kontinuitet frå keisartida til dei politisk urolege sjette og sjuande hundreåra?

For å svare på dette har det vore nødvendig med ein gjennomgang av dei tilgjengelege kjeldene. Skriftlege, arkeologiske og numismatiske. Gjennomgangen av dette materialet har gitt ulike svar for dei distinkte regionane eg har nytta i dette kapitelet. Nordvest-Europa, det vestlege Middelhavet, og Balkan. Romarane har hatt tre overordna kontakttypar med desse tre regionane. Både dei skriftlege og dei arkeologisk/numismatiske kjeldene er klare med omsyn til det.

I tilfellet med bronse og sølvgenstandane er dei for det meste funne i aristokratiske graver i nordvest. Interaksjonen mellom aust og vest i tilfellet med desse gjenstandane ser ut til å ha vore knytt til det lokale aristokratiet sitt behov for luksusgenstandar. Desse gjenstandane argumenterer eg for vart nytta i den lokale

maktkampen mellom slektene. Dei reduserte solidiane som det er funne ein del av i Nordvest-Europa meinar eg ikkje kan knytas direkte til handel som Adalson gjorde. Derimot kan desse myntane vere med på å avgjere kva område som var busette og truleg og økonomisk interessante i dei sjette og sjuande hundreåra. Myntane finnes særleg i områda rundt Rhinen, og ved utløpet av denne

Arkeologi knytt til utgravingar i Marseille, og eit skip som gjekk ned utanfor elva Rhône, peikar på interaksjon mellom aust og vest i ein marknad som ikkje ber preg av luksus, men snarare daglegvarer. I hamna og ved skipsvraket er det blant anna funne store mengder keramikk, særleg frå Afrika, men og frå det austlege middelhavsområdet. Skipet og amforaene frå Marseille, er datert til slutten av det sjette og byrjinga av det sjuande hundreåret, og viser at det mest truleg var kjøpmenn frå aust som stod for i det minste ein del av denne handelen, sidan både myntar funne ved skipet og amforaene både frå skipet og hamna i Marseille har austleg opphav. Procopius sa ingenting om handel mellom Bysants og det sørlege Gallia. Derimot viste dei arkeologiske utgravingane som sett ovanfor at det var fredleg kontakt mellom det austlege Middelhavet og det sørlege Gallia i perioden. Saman med Procopius sine omtalar av tilhøva i Afrika og Italia vert biletet ganske så tydleg. Biletet viser at i dette området var det handel med dei klassiske middelhavsvarene, og med luksusvarer som gull og silke i det sjette hundreåret.

Når det gjeld Balkan har eg vore nøydd til å strekke rammene for oppgåva dryge femti år attende, til 440-talet og hunarane sine herjingar, sidan dei beste kjeldene til handelen på Balkan finnes i kronikøren Priscus sine omtalar. Priscus viser at hunarane ikkje berre var interesserte i krig og plyndring, og fredlege syslar som handel var interessante for dei. Det kjem fram i ein av Priscus sine passasjarar. Sjølv om hunarane kunne tenke seg handel, ser det ut til at romarane var lunkne til det, i det minste i Theodosius II (408-450) si tid.

Biletet byrjar dermed etterkvart å verte klart. Interaksjonen romarane hadde med dei ulike folkesлага knytte seg til kva interesse den bysantinske staten hadde i det aktuelle området, og ei overordna interaksjonsform gjeld for kvart område, til saman tre interaksjonstypar. Det er dermed ikkje å seie at ei blanding av interaksjonstype fann stad i kvar region, men hovudintrykket vert like fullt dette.

## Tributt

På Balkan er det på grunnlag av det skriftlege materialet grunnlag for å seie at romarane i all hovudsak hadde eit tributtilhøve med folka busett utanfor den romerske statsdanninga her. Størstedelen av summane som romarane gav ut, enda opp som politiske pengar i hendene på eliten på motsett side av grensa. Biletet er sjølv sagt ikkje heilt eintydig, noko handel har det og vore, men som det kjem fram i passasjen frå Priscus, så var ikkje romarane alltid like villige til å handle med hunarane. Hovudinstrykket av interaksjonen på Balkan vert prega av utbetaling av politiske pengar, eller tributt frå romarane til folka busett på nordsida av Donau.

## Tradisjonell handel

Interaksjonen romarane hadde med det vestlege Middelhavet var av ein heilt annan type, i det minste fram til Justinian sine krigar i Nord-Afrika og Italia. I vest er det dei klassiske middelhavsvarene, korn, olje og vin som dominar, det kjem særleg fram i det arkeologiske materiale, men og til dels frå dei skriftlege kjeldene. Det verkar som om kjøpmenn med tilknyting til det austlege Middelhavet har drive handel i vest, i ruter mellom Nord-Afrika, Sør-Gallia og Spania. Handelsruter som er svært lik den handelen som føregjekk i dette området i sein-republikken og keisartida. På bakgrunn av hamneundersøkingane frå Marseille, er det mogleg å seie at denne byen hadde eit økonomisk oppsving i det sjette hundreåret, og at hovudvekta av keramikken som er funne i hamna er av afrikansk opphav. Likeins finn ein og keramikk med heilt klare austlege kjenneteikn, noko som kanskje kan knytas til den auka økonomiske aktiviteten rundt Antiochia ved byrjinga av det sjette hundreåret. I vest er det handel med dei klassiske varene, og fram til romarane si erobring, fekk vandalane prestisjevarer frå Alexandria til hoffet sitt i Kartago.

## Hovudsakleg gåveutveksling

I Nordvest-Europa er det funne store mengder bysantinsk metallarbeid i gravkontekst. Desse artefaktene er funne i aristokratiske graver, noko som leiar meg til å konkludere med at dette enten dreier seg om gåveutveksling mellom Bysants og desse mindre statane, eller import av statusvarer av dei same småstatane frå dei bysantinske metallsmiene.

Eit kompliserande element er at det saman med desse hovudsakleg bronsegjenstandane og finnes redusert solidi, ein mynttype som vart prega ved

offisielle bysantinske myntar, men som det ikkje er lett å gi eit eintydig svar på kva tanken bak var. Vart desse gjenstandane betalt med den reduserte solidien, eller er det ingen samanheng mellom gjenstandane og den reduserte solidien i det heile teke? Det er ikkje mogleg å konkludere eintydig om det dreier seg om handel eller gåveutveksling i Nordvest, men etter måten mykje bysantinske gjenstandar har funne vegn til germanske aristokratiske graver, og det tyder på interaksjon mellom Bysants og desse germanske etterfølgjarstatane.

Skal eg summere den ulike interaksjonen opp på kortast mogleg måte kan det gjerast slik.

I nordvest, utveksling av blant anna luksusvarer frå bysantinske metallsmier til det germanske aristokratiet.

I sørvest, handel med daglegdagse varer rundt det vestlege Middelhavet, i eit handelsmønster som liknar fredleg varebytte frå seinrepublikken og keisartida. Der det ser ut til at i det minste ein del av denne handelen vart drive av kjøpmenn frå det austlege Middelhavet i det sjette hundreåret.

På Balkan er det mogleg å spore ein del handel, men det ser ut til at dei meste av dei bysantinske gjenstandane som finnes i dette området har komme som resultat av politiske pengar, eller tributt, til dei ulike folkeslaga som strøymde inn over grensene.

Til slutt. Er det mogleg å spore kontinuitet i handelen?

Kontinuitet i handelen frå keisartida finnes særleg i det vestlege Middelhavet. Både i form av handel med daglegvarer som korn og tjære, men også i luksusvarer nytta av aristokratiet i Nord-Afrika, som truleg vart innført frå handelsmetropolen Alexandria. I dei andre områda er det vanskeleg å seie at det har vore direkte kontinuitet i den tradisjonelle handelen. Derimot har dei bysantinske varene framleis hatt ein marknad i desse områda, som Priscus viser, og som ikkje minst dei mange bysantinske metallarbeida i vest tyder på.

## 5. Konklusjon

Gjennom tre kapittel har eg prøvd gjennom skriftlege og arkeologiske kjelder, å seie noko om den bysantinske staten som handelsnasjon i det sjette hundreåret. Valet av det sjette hundreåret var eit heilt medvete val. Dette hundreåret stod mellom det store kaoset som ramma den romerske statsdanninga i det femte, og den nye situasjonen som skulle komme ved byrjinga av det sjuande. Arabarane sitt inntog som politisk spelar i Midtausten, snudde opp ned på gamle vanar, og romarane måtte finne seg i å vere ei makt av anna rang etter tapet av dei rike provinsane i Syria og Egypt.

Eg har skrive at eg ikkje ville gå inn i primitivist-modernist debatten som vart initiert av Finley og Jones ved byrjinga av 70-talet. Det har eg heller ikkje gjort, men eg har likevel villa visa, at deira måte å forstå den antikke økonomien på, som mest utelukkande agrar, ikkje lenger er like relevant no, som for tretti år sidan. Det er særleg i lys av nye arkeologiske metodar dei siste tjue åra, som har vore med på å endre biletet av den antikke økonomien. Retninga går bort frå Jones sitt syn, der ein absolutistisk stat som ikkje såg nytta av handel rår, til eit syn på handelen som mykje meir dynamisk og vital. Dette har eg teke høgde for i denne studien av bysantinsk handel. Eg har altså nytta arkeologiske kjelder saman med historiske, slik at dei komplementerer kvarandre. Dette har eg i særleg grad vore tilfelle i høve til kapittelet om marmorhandelen.

Eg byrja med å etablere marmoren som ei handelsvare. Det skriftlege grunnlaget for å gjere det er ikkje stort, og det er for det meste snakk om indirekte kjelder som omtalar byggjing i Konstantinopel eller provinsane. Den skriftlege kjelda som har vore til størst hjelp er utan tvil Procopius sitt verk, *Om bygningane*. Sjølv om dette verket går grundig til verks i å omtale Justinian sine ulike byggjeprosjekt, seier det eigentleg ingenting om det eg i utgangspunktet ville ha svar på, nemleg handel med marmor i det sjette hundreåret. På bakgrunn av dei skriftlege kjeldene var det mogleg å seie at det måtte ha vore ei form for handel. Det var derimot ingen moglegheit til å seie kor omfattande den hadde vore. Dermed vart arkeologien eit svært nyttig reiskap. Ved å nytte sunkne skipslaster marmor, og ein teknikk som i detalj kan

avgjere kor marmor er broten vart det mogleg å rekonstruere fortidige seglingsruter.

Kwart brot har sin eigen signatur, og det er denne som vert nytta når det skal avgjerast kor marmoren kom frå. Det er Proconnesosbrotet som har vore mitt utgangspunkt, og vi har sett at marmor frå dette spesielle brotet vart nytta både i monumentale bygningar i Konstantinopel, og i kyrkjer i Italia og Lilleasia. Det er difor grunn til å seie at proconesisk marmor har vore etterspurd sidan keisartida, sidan dei eldste skipsvraka eg har nytta i denne studien er frå omlag 100-talet og ført marmor frå Proconnesos i lasta.

Dei skriftlege kjeldene seier at det i Justinian si regjeringsstid var vanleg å la private drive større føretak som gruver og steinbrot på lisens. Dette har i følgje Jones vore tilfelle for Proconnesos og. Alle dei små dryppa vi får av informasjon er med på å skape eit bilet av ein livleg økonomi i denne perioden. Ein rik pengeutlånar i Ravenna let byggje tre kyrkjer som han smykka med marmor. Eit skip med proconesisk marmor gjekk ned på sørkysten av Italia, lasta med delar av ei kyrkje. Samstundes opplever Konstantinopel at keisaren bruker mykje energi og pengar på byen i form av store byggverk, blant anna vert Hagia Sophia bygga i desse første åra av Justinian si regjeringsstid.

I Nordvest-Europa er det i det sjette hundreåret ei ny makt som reiser seg på horisonten. Merovingarriket er forgjengaren til Frankarriket og Karl den store, og er i det sjette hundreåret den viktige regionale makta i området. Utanfor dette riket sine 500-talsgrenser, er det funne mykje bysantinsk metallhandverk i graver. I Tyskland, Be-Ne-Lux landa og Storbritannia er det særleg funne mykje bysantinsk bronsehandverk, men det er også kjend frå Spania og Balkan. Dermed reiser spørsmålet seg om desse varene enda opp der dei gjorde som utslag av handel eller gáveutveksling.

Det interessante er at desse stort sett bronsefunna kjem frå lokalitetar som ligg nær elvar. Det er særleg langs Rhinen at funnsettelenken er stor, men det er også som sett mange funn frå det sørlege Storbritannia. Det gjer det sjølvsagt freistande å konkludere med at dette er handel mellom desse landa og det bysantinske riket. Sjølv om det er freistande å konkludere med handel, kan vi ikkje utelukke at desse bronsegjenstandane har blitt gitt som gáver mellom herskarane i Konstantinopel og

dei lokale fyrstane ved Rhinen. Vi veit frå skriftlege kjelder at lojalitetsband vart knytt mellom Konstantinopel og lokale herskarar. Sjølv om gjenstandane ikkje kan avgjere hundre prosent om dette er handel eller ikkje, kan dei i det minste seie oss to ting.

Det fyrste er at for å produsere bronsegjenstandane måtte det ein ganske stor produksjonskapasitet til. Til no er det funne 120 bronsegjenstandar berre frå Nordvest-Europa. Etter mi meining er dette berre toppen av eit isfjell, og viser til ein mykje større opphavleg produksjon. Langs elvesystema på Balkan og kanskje over havet til Marseilles, som var ei viktig hamn i denne perioden, har desse gjenstandane vandra til deira endelege stoppestad i vest. Igjen vert ein bit i puslespelet lagt på plass. Vi kan no skape oss eit bilet av livleg smieaktivitet i ein av dei store byane i aust, Konstantinopel, Antiokia eller eit av dei andre handverkssentra i Midtausten. Frå bronsesmeden sin verkstad i ein av desse byane vart godt handverk, godt nok til å verte nytta av lokale fyrstar i nordvest, spreidd over heile det mediterrane området.

Ved Middelhavet sine strender i aust, enda dei handelsvegane som tok med seg prestisjevarane frå India, Aust-Afrika og Kina. Frå kjelder som i det sjette hundreåret allereie var fem hundre år gamle, veit vi at dei ettertrakta varene; pepar, andre krydder og råsilke, kom denne vegen til Alexandria, Antiokia, Tyre og Beirut for å verte omarbeidd til kostesamt kunsthåndverk. Frå den same kjelda, *Periplus*, veit vi og at romarane sjølve var aktive i handelsnettverket som bandt Egypt saman med Sør-India på den andre sida av det indiske havet. I det sjette hundreåret har dette truleg endra seg. Dei romerske kjøpmennene er etter mi meining ikkje lenger aktive i dette handelsnettverket. Det er no teke over av persarar, aksumittar, og indarar. Det er truleg ei endring i samfunn tilhøva i India som ha ført til at romarane ikkje lenger seglar sjølve over det indiske havet. Cosmas som var ein erfaren sjømann seier som sett ingenting om romerske handelsfolk i dette handelsnettverket ved byrjinga av det sjettehundreåret.

Dei bysantinske keisarane var i det sjette hundreåret ivrig etter å opne andre handelsvegar, handelsvegar som kunne gjere dei uavhengige av det persiske riket som steig på horisonten utetter. Persarane hadde ekspansive planar frå Arabia i sør til Armenia i nord. Konflikten mellom det persiske riket og den bysantinske

statsdanninga prega heile Justinian si regjeringsstid. Procopius skreiv relativt mykje om handelen mellom Persia, Sassanideriket, og Bysants. Det tyder på at Justinian og dei seinare keisarane såg det som viktig å ha kontroll over dei rike handelsrutene som enda ved Middelhavet, men som hadde problemet, sett med den bysantinske staten sine øye, at dei gjekk gjennom persisk område.

Handelen i det sjette hundreåret hadde som sett mange fasettar. Det var handel med byggjevarer til kyrkjer og monumentalbygg. Det var handel med metallhandverk til fyrstar ved Rhinen og det sørlege Storbritannia, og det var handelen med prestisjevarer frå aust. Silke og pepar, elfenbein og edelsteinar, alt fann vegen frå opphavsstadane i aust til det bysantinske riket. Frå handverksentra rundt omkring i riket, vart desse vidareforedla og sendt til ein ventande marknad i vest. Den bysantinsk handelen var sjølv i det urolege sjette hundreåret, vital og dynamisk og ikkje prega av nedgang som tidlegare forsking har meint.

## Bibliografi

Adalson, H. L. *Light Weight Solidi and Byzantine Trade during the Sixth and Seventh Centuries* 1957

Bang, P. F. Fra Occidenten til Orienten og tilbake igjen *Den Jyske historiker – agraraimperier mellom marked og tributt* 1999 s. 16 -37

Barnish, S. J. B, "The Wealth of Iulianus Argentarius: Late Antique Banking and the Mediterranean Economy" i *Byzantion* 1985 5-39

Bolin, S *Fynden av romerska mynt i det fria Germanien: studier i romersk och äldre germansk historia* 1926

Brøndsted, Jens: Jernalder: Historien ytrer seg. Kelttid i Brøndsted *De øeldste tider* 1977: s. 347-449

Carver, M. *Sutton Hoo Burial Ground of Kings* 1998

Curtin, Phillip D *Cross Cultural Trade in World History* 1996 (1984)

Doornick, van F. Byzantium, mistress of the sea *A history of seafaring based on underwater archaeology* Bass, G. F. 1972

Downey, G *A History of Antioch in Syria* 1966 (1961)

Englund, P. *Poltava* 1993(1988)

Hendy, Michael *Studies in the Byzantine Monetary Economy c. 300-1450* 1985

Hendy, Michael Light Weight Solidi, Tetartera, and the Book of the Prefect i *The Economy, Fiscal Administration and Coinage of Byzantium* 1989

James, E. Royal Burials among the Franks. i *The Age of Sutton Hoo* Carver M. O. H (red.) 1992

Jones, A. H. M. *The Later Roman Empire 284-602* 1964

Kennedy, H. og Liebschuetz, J. H. W. G. Antioch and the Villages of Northern Syria  
*Nottingham Mediaeval Studies* 1988 s. 65-90

Kirwan, L. P The Christian topography and the Kingdom of Axum *Geographical Journal* vol. 138 1972 s. 166-177

Kobishchanow, Y. M. On the Problems of Sea Voyages of Ancient Africans in the Indian Ocean i *The Journal of African History* vol. 6 nr. 2 1965

Krishnamurthy, R. *Late Roman Copper Coins from South India: Karur and Madurai* 1994

Lopez, R. S. Silk Industry in the Byzantine Empire i *Speculum* nr. 20 1945

Loseby, S. T. Marseilles: A late antique success story? i *The Journal of Roman Studies* 1992

Mango, Cyril *Byzantium. The Empire of New Rome* 1980

Mango, M. M Byzantine Maritime Trade with the East (4<sup>th</sup> – 7<sup>th</sup> centuries) I Aram 1996: s. 139-163

Mayerson, Phillip A Confusion of Indias: Asian India and African India in the Byzantine Sources i *Journal of the American Oriental Society* nr. 113 1993

McCormick, Michael *Origins of the European Economy A. D. 300-900* 2001

Monks, G. R. The Church of Alexandria and the City's Economic Life in the Sixth Century. i *Speculum* nr. 28 1953

Ostrogorsky, G *A history of the Byzantine State and Society* 1980 (1958)

Myhre, B. Rogaland forut for Hafrsfjordslaget i *Rikssamlingen og Harald Hårfagre* 1993

Phillips, Jackie Punt and Aksum: Egypt and the Horn of Africa i *The Journal of African History* nr. 38 1997: s. 423-457

Pigulewskaia, N *Byzanz Auf den Wegen nach Indien* 1969

Pirenne, H. *Mohammed and Charlemagne* 1958 (1939)

Robin, C. L'Arabie du Sud et la date du Periple' de la mer E'rythre *Journal Asiatique* 279 1991: s. 1-30

Rousseau, Ph Procopius's Buildings and Justinian's Pride *Byantion* 1998 s. 121-131

Throckmorton, P Romans on the sea *A history of seafaring based on underwater archaeology* Bass, G. F. 1972

Warmington, E. H. *The Commerce between the Roman Empire and India* 1974 (1928)

Ward-Perkins, B Specialized Production and Trade i *The Cambridge Ancient History. Late Antiquity Empire and Successors* 2000

Whittaker C. R. Late Roman Trade and Traders *Trade in the ancient economy* Hopkins et.al. 1983 163-180

Wood, I Frankish Hegemony in England i *The Age of Sutton Hoo* Carver, M. O. H. (red.) 1992

Young, Gary, K *Rome's Eastern Trade. International Commerce and- Imperial Policy 31BC – AD 305* 2001

## **Arkeologiske kjelder**

Asgari, N, “The Proconnesian production of architectural elements in late antiquity, based on evidence from the marble quarries” *Constantinople and its Hinterland* Mango, C og Dagron, G 1995 (red)

Del Moro, Maria, P. Funerary equipment from the circiforme basilica on the Via Ardeatina (Rome) i *Burial, Society and Context in the Roman World* I Pearce, J. 2000

Herrmann, J. Jr.; Barbin, V. The exportation of Marble from the Aliki Quarries on Thasos: Cathodoluminescence of Samples from Turkey and Italy *American Journal of Archaeology* vol. 97 1993: s. 91-103

Mango M. M Non-Ceramic Evidence for Late Antique Industry and Trade i *Economy and Exchange in the East Mediterranean in Late Antiquity* 2001

Meneghini, R og Santangeli, V. Intra-murial burials at Rome between the 5th and the 7th centuries AD i *Burial, Society and Context in the Roman World* I Pearce, J. 2000

Parker, A. J. *Ancient Shipwrecks of the Mediterranean & the Roman Provinces* 1992

## **Skriftlege kjelder**

Cosmas Indicopleustes *The Christian Topography* overs. McCrindle J. W. 1897

Johannes Malalas *Chronographia* overs. Jeffreys et. al 1986

Procopius *Anecdota* overs. Dewing 1954 (Loeb)

Procopius *Buildings* overs. Dewing 1954 (Loeb)

Procopius *Wars* overs. Dewing 1954 (Loeb)

Priscus *In excerpta* overs. Blockley, R. C *The Fragmentary Classicising Historians of the Later Roman Empire* 1981

Eide, et al *Fontes historiae Nubiorum* vol III 1998

**Fig. 1 Oversikt over skipsvrak m.o.t. djupne, tonnasje og kjøllengde.<sup>330</sup>**

Funnstad	Djupne	Antatt tonnasje	Lengda på kjølen	Datering
Mahdia(Tunisia) 35, 30 N 11, 4 Ø	40 meter	250 tonn	Ca. 26 meter	110-90 f.v.t.
Sile(Tyrkia) 41,11 N 29,38 Ø	6 meter	Ikkje oppgitt	?	100-125(?)
Sicilia 37,50 N 15,18 Ø	21-28 meter	90-100 tonn	?	Tidleg keisartid
Sicilia, 36,51 N 14,27 Ø	2-4 meter	?	Standard?	175-200(?)
Tarranto(Italia) 40,19 N 17,42 Ø	11 meter	160 tonn	Over 30 meter	180-205
Sicilia 37,49 N 15,17 Ø	24 meter	95 tonn	?	200-talet
Crotone(Italia) 39,0 N 17,11 Ø	4-7 meter	Over 150 tonn	30-35 meter	Tidleg 200-tal
Apulia(Italia) 40,16 N 17,23 Ø	6 meter	?	?	Midten på 200-talet?
Sicilia, 37,33 N 12,40 Ø	Nær land	Over 350 tonn	?	225-275
Sicilia 36,38 N 15, 5 Ø	7-9 meter	Over 350 tonn	?	2-300-talet?
Sicilia 37,33 N 12,40 Ø	Nær land	?	?	Seinantikken
Sicilia 36,45 N 15, 8 Ø	5-10 meter	?	?	500-540

<sup>330</sup> Etter Parker 1992

**Fig. 2 Oversikt over skipsvrak m. o. t. tilstand, opphav og berging.**<sup>331</sup>

Funnstad	Vrakets tilstand	Berga i sam-tida	Marmoren sin opphavsstad	Datering
Mahdia(Tunisia) 35, 30 N 11, 4 Ø	God	?	Egeerhavet	110-90 f.v.t.
Sile(Tyrkia) 41,11 N 29,38 Ø	Berre lasta att	?	Proconnesos	100-125(?)
Sicilia 37,50 N 15,18 Ø	Berre lasta att	Truleg ikke	?	Tidleg keisartid
Sicilia, 36,51 N 14,27 Ø	God	ja	?	175-200(?)
Tarranto(Italia) 40,19 N 17,42 Ø	God	?	Lilleasia og Egeerhavet	180-205
Sicilia 37,49 N 15,17 Ø	Berre lasta att	?	Euboea, og ukjend opphav i Egeerhavet	200-talet
Crotone(Italia) 39,0 N 17,11 Ø	God	?	Frygia og Proconnesos	Tidleg 200-tal
Apulia(Italia) 40,16 N 17,23 Ø	Berre lasta att	?	Euboea	Midten på 200-talet?
Sicilia, 37,33 N 12,40 Ø	Berre lasta att	ja	Proconnesos	225-275
Sicilia 36,38 N 15, 5 Ø	Berre lasta att	?	Proconnesos?	2-300-talet?
Sicilia 37,33 N 12,40 Ø	Berre lasta att	?	Lilleasia?	Seinantikken

<sup>331</sup> Etter Parker 1992

Sicilia 36,45 N 15, 8 Ø (Marzamemi)	Berre lasta att	?	Proconnesos	500-540
--	--------------------	---	-------------	---------

**Figur. 3<sup>332</sup>**

Region	Bronse	Sølv	Myntar	Sum
Områda på begge sider av Rhinen	27	1	7	35
Nord-Italia	10	*	3	13
Storbritannia/søraustlege	10	1	2	13
Spania/nordvestlege	7	*	*	7
Nord for Donau og Nordaust-Europa	*	5	3	8
Aust for Dnepr	1	3	2	6
Sum lokalitetar	55	10	17	82

Arkeologiske funn etter materiale og region<sup>333</sup>. Funn utanfor dei politiske grensene til Bysants.

<sup>332</sup> Etter Parker 1996 og Adalson 1957

<sup>333</sup> Tabellen refererer til gjenstandar av bronse, sølv og myntar som klart ber preg av å ha vere brukt i høgstatussamanheng. Fleire av bronse og sølvgenstandane har preg av å vere knytt til hoffseremoniell, og myntane er i mange tilfelle gjort om til smykke.

**Kart**

Kartet er henta frå Ancient World Mapping Center [www.unc.edu.awmc](http://www.unc.edu.awmc) 27/11 03